

# Sosial tolking for døvblinde

---

Ei observasjonsstudie av eit Tupperwareselskap

Inger Birgitte Torbjørnsen  
Masteroppgåve i sosialt arbeid  
Våren 2008

Kandidatnr. 1  
SA319S

## Forord

Ei av dei mest positive opplevingane eg har hatt under arbeidet med denne masteroppgåva er all velvilje og entusiasme eg har møtt når eg har tatt kontakt med fagfolk og tolkebrukarar i inn- og utland. Det er ikkje muleg å nemna dykk alle her, men de veit sjølv kven de er. Eg vil spesielt takka dei døvblinde tolkebrukarane som eg har møtt i samband med denne oppgåva for positivitet og velvilje. Hjarteleg takk til tolken, tolkebrukaren, salskonsulenten og gjestene i Tupperwareselskapet som var så positive til å vera med på dette prosjektet. Tusen takk til rettleiar Siv Oltedal for oppmuntring, engasjement, konstruktive innspel og raske tilbakemeldingar! Eg vil også takka Sylvi Stenersen Hovdenak og Eli Raanes for gode innspel til oppgåva. Tusen takk også til Elin, Grete, Gro Hege og Trine som har brukt av sine travle dagar for å vera med i kollokvie med meg. Eg må også takka Jon Magne for teknisk bistand, verdifull oppmuntring og ikkje minst for å ta seg av alle kjedelege oppgåver i heimen i innspurten!

Eg er også veldig takknemleg for dei ekstra tak som kollegaene mine på seksjon for teiknspråk og tolking, på Høgskulen i Bergen, har tatt når eg har vore fysisk eller psykisk fråverande på grunn av arbeidet med masteroppgåva. Takk også til Høgskulen i Bergen for at eg har fått bruka av FOU-tida mi til å jobba med oppgåva og til biblioteket på Avdeling for Lærarutdanning for all hjelp med å skaffa litteratur. Sjølv om eg har hatt mange gode hjelparar å diskutera med på vegen, står eg sjølv ansvarleg for feil og manglar som lesaren eventuelt måtte finna i oppgåva.

Denne oppgåva vil eg dedisera til Torkel og Lilly som var dei første døvblinde personane eg blei kjent med. Desse to har lært meg veldig mykje av det eg veit om tolking og ledsaging. Minst like viktig har det vore det dei har lært meg om kva utfordringar og muligheiter livet har når ein ikkje kan sjå og høyra. To flotte vestlendingar som til tross for store sansetap har deltatt aktivt i samfunnet med mykje varme, gnist og humor.

Eg har lært veldig mykje gjennom arbeidet med denne oppgåva, og i periodar har eg blitt så oppslukt av lesing og skrivning at eg har gløymd tid og stad. Kven skulle tru at ein kunne oppleve periodar med "flyt" framfor ein datamaskin!? Likevel er eg nå svært glad for å kunna setja punktum og få meir tid til vårleg flyt med gode vener på fjell, fjord og tangogolv!

*Bergen, 13. mai 2008*

*Birgitte Torbjørnsen*

## Summary

The subject for this master dissertation is what challenges the interpreter for deafblind people will meet during interpretation in an informal, social situation. I have been observing and filming a Tupperware party. The deafblind person in this study was blind and hard of hearing. The chosen interpreter was the first choice of the deafblind person. She is an experienced interpreter who has been interpreting for this deafblind person several times before.

It has been a declared goal that interpreters shall aim to behave in a neutral and objective way. It is said that incidental information and interpreting should be done without making conclusions or add the view of the interpreter, but some deafblind people have said that they do want a more personally interpreter. This interpreter did add some of her own personality to the situation. For instance she told that back home she had some of the products which were presented, and she told that she liked them very much. Based on the observed Tupperware party, it is discussed positive and negative consequences of a more personal interpretation service.

Collaboration between the interpreter and the deafblind is the other main subject in the dissertation. To describe everything in a situation and the environment around and at the same time interpret everything what is said is impossible. It means the interpreter has to choose what to communicate. To know what information to prioritize, it is important to discuss with the deafblind before and after the session. This study showed that there was not too much collaboration between the interpreter and the deafblind before or after the party. In the interview afterwards the deafblind said that she is not used to discuss how to do things with the interpreter and that the interpreters do not normally ask how she wants to do it. The study also shows that the interpreter uses some strategies for facework.

## Samandrag

Denne masteroppgåva handlar om nokon av dei utfordringane ein døvblindetolk møter under tolking i uformelt, sosialt samvær. Eg har observert og filma ein tolk og ein døvblind tolkebrukar i eit Tupperwareselskap. Tolkemetoden som blir brukt er taletolking.

Det har vore eit uttalt mål at tolken skal tolka og beskriva på ein objektiv måte. Det kan nokon gonger vera ei utfordring fordi nokon av dei me tolkar for kan ha forventningar om ein meir personleg tolk. I det observerte Tupperwareselskapet ser me eit døme på ein tolk som har ein ganske personleg stil. Ho legg til dømes til sine egne vurderingar og kommentarar om Tupperwarene og andre ting, og ho er nokre gonger ein direkte deltakar i situasjonen. Med utgangspunkt i datamaterialet drøftar eg i oppgåva positive og negative sider ved at tolken brukar meir av sine personlege sider i tolkesituasjonen.

Eg ser også på korleis tolk og tolkebrukar samhandlar under tolkeoppdraget. For å vita kva ein skal prioritera å velja ut av informasjon i ein tolkesituasjon, må ein vera i dialog med den ein tolkar for. Tolkebrukar i denne studien seier at ho aldri pleier å diskutera korleis tolkinga skal gå føre seg, og denne studien viser også at samarbeid kan skje på ein meir indirekte måte. Studien viser at tolken er til stades på ein vaken måte. Ho les situasjonar godt og tar vare på deltakarane sine ansikt. Dette fører til at samtalar og samhandling flyt på ein god måte.

Nådegiven. Å få kontakt med de viktige andre. Å få øye på tegnene; signaler fra kropp, ord eller atferd. Og så bli gitt mulighet til å forstå disse tegnene, gi dem en mening som også den annen gav dem, eller bevisst eller ubevisst ønsket å gi dem. Nådegaven er å se og forstå, og bli sett og forstått tilbake. Dette er vel et av de grunnleggende håp i alle varige relasjoner. Lengselen etter å skape et fellesskap hvor man forstår signalsystemet. Skulle man dertil like det man får vite, eller i det minste tåle det, da er det noe fint som er oppstått.

Nils Christie

# Innhald

<b>Forord</b> .....	<b>2</b>
<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>1.0 Innleiing</b> .....	<b>7</b>
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	7
1.2 Problemstilling .....	8
1.3 Avklaring og diskusjon av omgrep .....	8
1.3.1 Døvblinde .....	8
1.3.2 Tolk .....	10
1.3.3 Tolkebrukar .....	11
1.3.4 Tolking .....	12
1.3.5 Tolking og ledsaging for døvblinde .....	13
1.3.6 Tolking for døvblinde i sosiale situasjonar .....	15
1.4 Gangen i oppgåva.....	17
<b>2.0 Tolketenesta</b> .....	<b>19</b>
2.1 Tolk- og ledsagarhjelp for døvblinde .....	19
2.1.1 Framveksten av døvetolk som yrke.....	19
2.1.2 Historia bak tolk- og ledsagartenesta for døvblinde.....	20
2.2 Kunnskapsstatus .....	20
2.3 Uttalte mål for tolking og ledsaging for døvblinde .....	23
2.3.1 Nasjonal standard for Tolketenesta .....	23
2.3.2 Tolkeforbundet sine yrkesetiske retningslinjer .....	24
2.3.3 Fagplanar og mål for tolkeutdanninga .....	25
<b>3.0 Metode</b> .....	<b>27</b>
3.1 Val av metode.....	27
3.2 Val av informantar .....	29
3.3 Praktiske, metodiske og etiske sider ved studien .....	30
3.3.1 Praktiske utfordringar.....	30
3.3.2 Metodiske problemstillingar .....	33
3.3.3 Etske dilemma .....	36
3.4 Transkripsjon og analyse.....	37
3.5 Reliabilitet og validitet .....	39
<b>4.0 Tolking i eit Tupperwareselskap</b> .....	<b>44</b>
<b>5.0 Det personlege i tolkeoppdraget</b> .....	<b>48</b>
5.1 Innleiing .....	48
5.2 Meir personlege tolkar .....	49
5.3 Kvifor er tolken personleg?.....	50
5.4 Ikkje part i situasjonen .....	52
5.5 Tolken som kulturinformant.....	55
5.6 Andre konsekvensar av ein meir personleg tolk .....	57
5.7 Evne til å forstå situasjonen .....	58

<b>6.0 Samhandling i tolkesituasjonen .....</b>	<b>60</b>
6.1 Innleiing .....	60
6.2 Utveljing .....	60
6.2.1 Kritisk informasjon og beskriving .....	60
6.2.2 Kva skal tolken prioritera å tolka? .....	62
6.3 Samarbeid .....	66
6.3.1 For- og etterarbeid .....	66
6.3.2 Høflighetsstrategiar .....	68
6.3.3 Aktiv medverknad frå tolkebrukar .....	69
6.4 Facework .....	70
6.4.1 Facework og identitet .....	70
6.4.2 "Hørte du det?" .....	73
<b>7.0 Avslutning .....</b>	<b>75</b>
<b>Litteratur: .....</b>	<b>78</b>
<b>Oversikt over vedlegg: .....</b>	<b>84</b>
Vedlegg 1: Intervjuguide – tolkebrukar .....	85
Vedlegg 2: Intervjuguide – tolk .....	86
Vedlegg 3: Brev til aktuelle døvblinde informantar .....	87
Vedlegg 4: Informasjon om prosjektet til informantane .....	89
Vedlegg 5: Forklaring til transkripsjonen .....	90

# 1.0 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

I denne oppgåva vil eg presentera ei undersøking av døvblindetolken sin praksis under tolking i uformelt, sosialt samvær. På tolketenestene i NAV, i brukarorganisasjonane og blant tolkar har det særleg dei siste åra vore stadige diskusjonar om tolken si rolle og praksis. NAV held også for tida på med å utreda tolkeområdet der dei mellom anna skal sjå på tolk- og ledsagartilbodet (Tolkeavisa 2/2008). Denne diskusjonen har handla om både tolkar for døve og tolkar for døvblinde. Fleire tolkar har stilt seg sjølv og kvarandre spørsmål om tolkerolla også inneheld noko meir enn berre å vera ein språkformidlar. Det er til dels sprikande forventningar og ønskje om kva ein tolk skal gjera eller ikkje gjera. Eg ønska derfor å observera og filma ein tolkesituasjon for å sjå kva som faktisk skjer. I tillegg intervjuja eg tolk og tolkebrukar om denne situasjonen spesielt og om tolking i sosiale samanhengar generelt.

Eg er sjølv utdanna tolk. I 1989/90 var eg elev på teiknspråklinja på Ål folkehøgskole, og allereie då fatta eg spesiell interesse for tolking for døvblinde. Eg tok eksamen som tolk/ledsagar i 1993, og i dei 15 åra som har gått etter det har eg arbeidd frilans som tolk ved sida av anna arbeid eller studium. Dei fleste av mine tolkeoppdrag har vore tolking for døvblinde.

Det er forska lite på tolking og ledsaging for døvblinde. Studentar og lærarar i faget har lite fagleg litteratur å støtta seg til. Det forhindrar heldigvis ikkje friske diskusjonar om korleis døvblindetolken sin praksis bør vera. Men for å finna ut kor vegen skal gå vidare, må ein vita meir om korleis praksis er i dag. Derfor vil eg i denne studien skildra og analysera eit tolkeoppdrag. Eg vonar dette kan vera eit bidrag til diskusjonen om den profesjonelle tolkerolla slik at det blir meir fokus på korleis tolk og tolkebrukar i ein norskspråkleg kontekst samhandlar for få utført tolkeoppdraget.

Studentar og tolkar treng omgrep til å diskutera praksis. Ved å systematisk studera praksis kan ein identifisera prosessar og setja ord på det som skjer i tolkesituasjonen. Ved hjelp av studiar kan ein systematisera den reiskapen tolken tar i bruk.

## 1.2 Problemstilling

Oppdraga ein døvblindetolk har er svært ulike. Ein jobb kan vera å ledsaga, beskriva og tolka for ein døvblind person på den nye operaen i Bjørvika. Ein annan dag er kanskje oppdraget å tolka for ein brukar som skal kjøpa seg nye sko. Andre gongar blir ein tinga for å tolka i ei gravferd, på eit styremøte eller på ein ferietur. Dersom den døvblinde blir sjuk, treng ho eller han tolk for å kommunisera med helsepersonalet. Mange tolkeoppdrag for døvblinde skjer i samanhengar der det er fleire døvblinde til stades.

Eit anna type oppdrag for ein tolk er å tolka i eit sosialt lag der ein døvblind er saman med høyrande og sjåande menneske. Dette kan vera i eit familieselskap, ei tilstelling i ein organisasjon eller i eit Tupperwareselskap. Felles for desse tre siste døma er at ein skal ha det sosialt og kjekt saman, og då er kommunikasjon ofte eit mål i seg sjølv. Dette er ein utfordrande situasjon både for tolk og tolkebrukar, og han får tydeleg fram mange av tolken sine dilemma i samband med tolking og beskriving. Problemstillinga mi blei derfor som følgjer:

***Kva utfordringar møter ein døvblindetolk ved tolking under uformelt, sosialt samvær?***

Den sosiale situasjonen eg har valt å studera er eit Tupperwareselskap. Her har eg spesielt hatt fokus på kva tolken prioriterer å formidla, samhandling mellom deltakarane og kva tolken gjer for å knyta kontakt mellom den døvblinde og dei andre. Eg har sett etter kva teknikkar ein tolk nyttar for å gi døvblinde ei optimal muligheit for deltaking i situasjonen. Dessutan var eg interessert i å finna ut noko om korleis tolk og tolkebrukar samarbeider.

## 1.3 Avklaring og diskusjon av omgrep

### 1.3.1 Døvblinde

Eg avgrensar denne oppgåva til berre å gjelda *døvblindblitte* tolkebrukarar. Døvblindblitte vil seia personar som var høyrande og sjåande, eller berre hadde *eitt* sansetap, i førspråkleg alder<sup>1</sup>, og seinare mista den andre eller begge sansar. Ein reknar med at denne gruppa utgjer 88% av døvblinde (Olesen og Jansbøl 2005a:17). Det er denne gruppa eg viser til når eg i denne oppgåva skriv *døvblinde*. Nokon vil hevda at ein heller bør bruka termar som *personar*

---

<sup>1</sup> Førspråkleg alder reknast vanlegvis som tida mellom 0 og 2 års levealder.



*som er døvblinde*, då ord er makt og eit slikt omgrep får fram ei betre haldning.

Motargumenta er at det ikkje hjelper å endra omgrepa då dei gamle haldningane uansett vil følgja dei nye omgrepa slik at ein igjen må finna nye omgrep. Ein kan vera einig med begge sider i denne diskusjonen, men mine argument for å nytta *døvblinde* er først og fremst av omsyn til at teksten skal vera lesarvennleg. I tillegg er det dette omgrepet som er vanlegast blant tolkar og døvblinde sjølv. Tolking for *døvblindfødde* vil ikkje bli diskutert i denne samanhengen.

Døvblindhet er en spesifikk funksjonshemming. Døvblindhet er en kombinert syns- og hørselshemming. Den begrenser en persons aktiviteter og hindrer full deltakelse i samfunnet i et slikt omfang at det krever at samfunnet støtter med særlig tilrettelagte tjenestetilbud, tilpassing av omgivelsene og/eller tekniske hjelpemidler.

Definisjonen over blir kalla *den nordiske definisjonen av døvblindhet* (Eikholt u.d.).

Dammeyer (2007) omtalar han for ein funksjonell definisjon som kan vera vanskeleg å bruka i praksis. Definisjonen er truleg eit resultat av Verdens Helseorganisasjon sitt nye klassifikasjonssystem, ICF (International Classification of Functioning, Disability and Health). ICF er eit forsøk på å kombinera dei to tidlegare modellane som er blitt brukt for å skildra funksjonshemming: den medisinske modellen og den sosiale modellen (Eriksson og Johansson 2007).

Dammeyer (2007) argumenterer for at det å vera døvblind er ein sosial konstruksjon, og han viser til at det ikkje finst objektive kriterium for å bestemma om ein person er døvblind eller ikkje. Om ein er døvblind eller ikkje handlar meir om ein mottar teneste som døvblinde har rett på. Døvblindheit er dermed noko ein blir sosialisert til, hevdar Dammeyer. Han viser til at tidlegare, til dømes for 200 år sidan, fanst det ikkje døvblinde. Også i enkelte andre land finst det berre svært små grupper med døvblinde. Dette kan skuldast at dei ikkje er blitt oppdaga, men også at dei blir definert som noko anna: til dømes psykisk utviklingshemma, autistar eller handikappa (Dammeyer 2007). Ordet *døvblind* blir av dei fleste oppfatta som ei funksjonshemming som er til hinder for vanleg liv, og det er kanskje ikkje så rart at dei som ikkje kjenner fagfeltet tenkjer på døvblinde som ei svært svaktfungerande gruppe. I praksis er det derimot slik at nokon av dei som er definert som døvblinde både kan høyra og sjå ein del. Ein tolk og ledsagar for døvblinde må ofte forklara litt meir detaljert for å få utanforståande til å forstå at dei som ho tolkar for, er vaksne oppegåande folk som fungerer godt på trass av store sansetap. I ein slik samanheng gir Dammeyer sin argumentasjon meining. Så har også ein av organisasjonane for døvblinde tatt det noko tungvinte namnet "Landsforeningen for

kombinert syns- og hørselshemmede/Døvblinde (LSHDB)”. Den andre foreininga heiter Foreningen Norges Døvblinde (FNDB). Trine Næss (2006) skildrar at det å identifisera seg sjølv som døvblind, er ein prosess som tar tid. Ein må til dømes møta andre som har fått same ”merkelapp” slik at ein kan kjenna seg igjen i dei andre og deira erfaringar.

Å vera døvblind er først og fremst ei funksjonshemming som rammer tilgang på kommunikasjon og informasjon. Berre når ein blir tiltalt direkte kan ein kanskje høyra kva som blir sagt til ein – og dette krev då hard konsentrasjon (Eriksson og Johansson 2007:82). Dei fleste som blir definert som døvblinde har noko syns- eller hørselsrest igjen. Undersøkingar i Noreg og Danmark viser at gruppa døvblinde med hørselsrest som nyttar denne til kommunikasjon er stor. Hørselsresten blir som oftast brukt med hjelp av hørselstekniske hjelpemiddel. Statens Sentralteam for døvblinde rapporterte i 1983 at 48% av vaksne døvblinde helst ville bruka tale som kommunikasjonsform (Raanes 2001b). Det er tolking for ein representant for denne gruppa eg har observert i denne studien.

### 1.3.2 Tolk

Den offisielle tittelen for ein som tolkar for døvblinde er *tolk og ledsagar for døvblinde*. Dette er ein tung tittel. For å gjera teksten lettare å lesa vil eg nytta *døvblindetolk* eller berre *tolk* i denne oppgåva. Det mest korrekte omgrepet for tolkar som tolkar mellom teiknspråk og norsk er i dag *teiknspråktolk* (Skaten 2005), slik ynskjer ein å visa at tolken ikkje berre er for den *døve* tolkebrukaren. Tidlegare blei nemleg denne yrkesgruppa kalla *døvetolkar*, og dette er eit omgrep som ennå heng igjen i språkbruken til folk flest. Både *teiknspråktolk* og *døvetolk* vil bli nytta i denne oppgåva, avhengig av kva historisk periode det er snakk om. Når det gjeld omgrep for den som tolkar mellom døvblinde og andre, har ein ikkje lukkast i å finna eit nøytralt omgrep som viser at tolken er til stades både for den døvblinde og den høyrande og sjåande personen.

Tolkebrukarane er ulike – det er også tolkane. Tolkane vil truleg vera ei meir homogen gruppe enn tolkebrukarane. Til dømes er dei fleste tolkane kvinner (Skaten 2005). Av praktiske omsyn nyttar eg derfor *ho* når eg omtalar tolken i denne oppgåva. Mange studentar seier at dei valde tolkeyrket fordi dei er interessert i språk og dei ønskjer å arbeida med menneske<sup>2</sup>. Sidan det er stor søking til tolkeutdanninga, må ein i dag ha høge karakterar for å

---

<sup>2</sup> Tolkestudentane presenterer seg sjølv i Tolkeavisa nr 6/2006 og nr 6/2007.

komma inn på studiet. Det betyr at dei fleste tolkane som blir utdanna er skuleflinke. I tillegg ser me at tolkestudentane har eit visst dramatisk talent. Ein skal ikkje sjå vekk frå at tolking og kan sjåast som det Skaten (2005) kallar ein *estetisk praksis*, og at dette har appell til ein del unge menneske i dag.

Tolketenesta har sidan 1994 vore ei avdeling under Hjelpemiddelsentralane (Berge 2003). Tidlegare blei då også tolken litt humoristisk, men slett ikkje utan alvor, omtala som eit teknisk hjelpemiddel som berre skulle oversetja det som blei sagt. Idealet om ein tolk som er ”usynleg” og ikkje gjer noko anna enn å oversetja det som blir sagt mellom ein eller fleire døve og høyrande aktørar, ser framleis ut til å vera aktuelt (Skaten 2005:60-65). Tolken skal ikkje kle seg eller te seg slik at ho vekker oppsikt, og slik forstyrrar kommunikasjonen mellom døve og høyrande. Kermit (2002:5) skriv at tolken sitt ideal er ”.. å skape en tolkesituasjon som så langt det er mulig skal ligne en samtalesituasjon uten tolk”. Det er kanskje dette tolkestudentar frå 2004 tenker på når dei skildrar det som eit ideal at tolkebrukarane ikkje merker at tolken er til stades i kommunikasjonen (Skaten 2005). Dette idealet kan me også finna i anna forskning (Dahl 1996). Metzger (1999) meiner at det er umuleg for ein tolk å vera til stades på ein slik måte. Galal og Galal (1999:23) ser ei slik forståing som eit bilete der tolken er ein glasvegg som bodskapen kan gå gjennom, men også dei meiner at ei slik forståing av tolkerolla er problematisk. Dei meiner at tolken uansett påverkar situasjonen og på den måten må sjåast som ein tredjepart i samtalen.

### 1.3.3 Tolkebrukar

I litteratur om tolking er det ulike nemningar for dei som ein tolkar for. I ei bok om tolking for framandspråklege nyttar Jareg og Pettersen (2006) *tolkebrukar* om den offentleg tilsette som treng tolk i møte med ein *klient* (personen som ikkje snakkar norsk). Når det gjeld tolkar som tolkar mellom døve og høyrande, er ein som nemnt tidlegare i ferd med å fjerna seg frå omgrepet *døvetolk*. Ein har fokus på at det ikkje er den døve sin tolk, men tolken er der for to eller fleire som ikkje deler kommunikasjonsform. På denne måten ynskjer ein å fokusera på at tolken høyrer like mykje til begge partar. Innanfor teiknspråktolkane sitt miljø omtaler ein derfor gjerne alle dei som er til stades for tolkebrukarar. I denne samanhengen er det den døvblinde eg kallar for tolkebrukar med mindre noko anna er spesifisert. Dei andre som er til stades i Tupperwareselskapet har eg valt å omtala som *gjester* eller *konsulent*. Når eg derimot skriv *tolkebrukarane* i fleirtal viser eg til alle som er til stades.

### 1.3.4 Tolking

Apeland definerer tolking på ein enkel måte som dette: ”*En mest mulig trofast overføring av budskapet mellom mennesker som mangler et felles språk*” (sitert i Jareg og Pettersen 2002:2).

Linda, som eg kallar den døvblinde tolkebrukaren i denne studien, kan høyra litt ved hjelp av hørselstekniske hjelpemiddel. Tolken nyttar derfor ein metode som kallast *taletolking*. Det tyder at ho gjentar det som blir sagt når det tekniske utstyret ikkje strekk til. I tillegg må ho beskriva visuell informasjon. Dette kan vera beskriving av det fysiske og psykiske miljøet, personar og relasjonar og ting som skjer i rommet. Dette blir oftast kalla for *beskriving*. Eit anna omgrep som er nytta, til dømes i Sverige og i forhold til blinde, er *synstolking*.

I tolkemiljøet blir det nokon gonger diskutert om taletolking for døvblinde eigentleg kan kallast *tolking*. Sett i eit språkperspektiv og i forhold til definisjonen over, er det truleg tvilsamt om taletolking er tolking. I taletolking gjentar ein nokon gonger ei ytring på nøyaktig same måte som ho blei sagt, ein brukar dei same orda og prøvar å gjenta talaren sin intonasjon. Dette kallar Eriksson og Johansson (2007:28) for *skyggetolking*, og dei skriv at i denne metoden gjer ikkje tolken ei eiga tolking av det som blir sagt. Andre gonger må tolken omformulera ytringa for at ho skal bli oppfatta av ein med sterkt nedsett hørsel, t.d. finna synonyme ord som er lettare å oppfatta. Det er ikkje alltid tid til å gjenta ytringar i sin heilskap, og tolken må då laga eit resymé som i størst muleg grad tar vare på innhaldet. Innanfor eit slikt perspektiv kan ein hevda at uansett er dette ikkje ei oversetjing mellom to språk, men ei gjentakning av ytringar innanfor det same språket.

Dersom ein derimot ser *tolking* ut frå ein samfunnsvitskapleg ståstad, kan ein hevda at all kommunikasjon handlar om tolking. I hermeneutikken er ein til dømes opptatt av at all forståing av menneskeleg samhandling krev fortolking (Gilje og Grimen 1993). Dette er noko ein ikkje kjem utanom. Eit anna argument for at taletolking også er ei form for tolking, er at tolken må forstå det som blir sagt for å klara å hugsa ytringar av ei viss lengde, og forståing er avhengig av fortolking. Når tolken skal gjenta ytringa, er det vanskeleg å gjengi ho heilt ordrett. Når eg i denne oppgåva nyttar omgrepet tolking, vil det derfor dekkja både taletolking og tolking mellom to språk.

### 1.3.5 Tolking og ledsaging for døvblinde

Ein teiknspråktolk skal først og fremst oversetja mellom talespråk og teiknspråk. Ein tolk og ledsagar for døvblinde skal også ledsaga den døvblinde frå A til B samt beskriva det fysiske og psykiske miljøet. Ein døvblindetolk skal formidla informasjon om kven som er til stades, kroppspråk, hendingar og kor folk si merksemd er. Gjennom språkleg oversetjing og beskriving, gir tolken informasjon som er viktig for at døvblinde skal kunna ta kontakt med dei andre personane som er til stades, og for å kunna velja kva diskusjon eller gruppe vedkommande ønskjer å engasjera seg i. Dersom den døvblinde får formidla andre personar sin mimikk, tonefall, blick og liknande, kan det gi informasjon som gjer det muleg å delta i kommunikasjonen og situasjonen.

Til å beskriva omgjevnadane kan ein nytta *haptiske*<sup>3</sup> informasjonssignal. Dette er ein metode der tolken bruker handa til å teikna eller trykka på t.d. rygg eller overarm til den døvblinde for å beskriva eit rom, ein person eller ein person sine reaksjonar. For å avgrensa oppgåva har eg ikkje hatt fokus på bruk av haptiske signal og ledsaging i denne oppgåva.

Ein tolk og ledsagar for døvblinde må kunna bruka ulike tolkemetodar slik at ho kan tilpassa seg den døvblinde sitt sansetap. Taletolking har eg allereie skildra i avsnitt 1.3.4. I tillegg må tolken kunna *taktil teiknspråktolking*. Dette er ein metode som kan nyttast til døvblinde som kan teikn, men som ser for dårleg til å oppfatta teikna visuelt. Den døvblinde held då hendene sine oppå tolken sine hender medan tolken ”teiknar”. Sidan teiknspråk har mange språklege element som ikkje blir uttrykt med hendene (non-manuelle komponentar), må tolken ved taktiltolking tilpassa språket slik at desse elementa blir uttrykt via hendene.

---

<sup>3</sup> Haptisk kjem frå det greske ordet *haptēin* og tyder ’baserer seg på berøring’ (Lahtinen 2007:5).



*Dette bildet viser ein døvblind mann som brukar taktilt teiknspråk samtidig som han får beskrive miljøet ved hjelp av haptiske signal på ryggen. (Gjengjeve med tillating frå Nordisk Utdannelsecenter for Døvblinde og tolkebrukaren på bildet.)*

Dersom tolkebrukaren er ein döv teiknspråkbrukar med eit innsnevra synsfelt (som til dømes er ein konsekvens av augesjukdommen Retinitis Pigmentosa), må tolken tilpassa avstand, lys og størrelse på teikna til dette. Døvblinde som har vakse opp med nedsett eller vanleg hørsel, og så mister synet i vaksen alder, kan som regel ikkje teiknspråk. Tolken må då bruka handalfabet, eventuelt i kombinasjon med enkelte teikn, når ho skal tolka. Dette er ein metode som krev mykje tid og høg konsentrasjon hjå tolken. Medan ho bokstaverer ei ytring, må ho høyra og laga resymé av det neste som blir sagt.

Tolkemetodane som er nemnt over, er dei som flest døvblinde nyttar for kommunikasjon. I tillegg finst det nokon få døvblinde som held på munn og hals til den som snakkar (tadoma<sup>4</sup>). Nokon nyttar skrivetolking i svartskrift eller punkt, medan andre kommuniserer via skrift i handa eller på ryggen.



*Tadoma. (Bildet er lasta ned frå nettsida "The interpreter's friend" av David Bar-Tzur.)*

---

<sup>4</sup> Metoden er kalla opp etter dei to første borna som lærte tadoma: Winthrop "Tad" Chapman og Oma Simpson (American Foundation for the Blind 2008).

Ein studie med fokus på 20 døvblinde sine erfaringar (Olesen og Jansbøl 2005b:12), visar at kommunikasjonen fungerer best med personar dei kjenner og har felles erfaringar med. Det kan vera grunnen til at døvblinde ofte ber om dei same tolkane når dei kontaktar tolketenesta for å få tolk.

Tolketenesta for døvblinde har eksistert som ei offentleg teneste sidan 1986. Ein kan mellom anna få tolkehjelp til gjeremål i dagleglivet, til dømes familieselskap, festar og andre sosiale lag.

### **1.3.6 Tolking for døvblinde i sosiale situasjonar**

Uformelt, sosialt samvær er kjenneteikna av at rammene for kommunikasjonen ikkje er så klare som i formelle samanhengar som i eit møte eller på eit foredrag. Kven sin tur det er til å snakka eller kva tema det er legitimt eller passande å snakka *om*, vil variera frå situasjon til situasjon avhengig av kven som er til stades og relasjonen dei i mellom. Her ligg også utfordringane for både tolk og tolkebrukarar. Det er ingen som styrer samhandlinga. Fleire samtalar kan gå parallelt, og det er vanskeleg å vita kven sin tur det er til å ta ordet. I tillegg møter ein ofte folk som ikkje er van med å bruka tolk, og ei vanleg erfaring for tolkane er at dei blir tiltala og rekna med som ein av deltakarane i situasjonen. Rachel McKee på tolkeutdanninga i New Zealand, meiner at tolking i uformelle situasjonar er dei vanskelegaste tolkesituasjonane (sitert i Raanes 1997). Ho grunngir dette med at desse situasjonane er vanskelege å førebu seg på, og derfor krev det at tolken heile tida må vera i beredskap til å kunna takla det som kjem.

Eg har sjølv ein del erfaring med å tolka i uformelle, sosiale situasjonar. Sjølv om det er ein utfordrande situasjon å tolka i, er det også svært givande og interessant når ein ser at den jobben ein gjer faktisk bidrar til å inkludera den døvblinde i den sosiale samtalen. Dersom den døvblinde av ulike grunnar ikkje samhandlar med dei andre deltakarane i det sosiale samværet, kan tolken nokre gonger bli ein samtalepartner framfor ein tolk for den døvblinde. I staden for å vera eit hjelpemiddel til kommunikasjon med andre, blir tolken ein direkte deltakar og kan på denne måten bidra til å ekskludera andre. Dette er då også ei rolle som dei fleste tolkar meiner ikkje høyrer til under jobben som tolk, men som det likevel kan vera vanskeleg å ikkje hamna i.

Eit anna dilemma ein har som tolk, er balansegangen mellom tolken sitt ideal om å vera

”usynleg” og ikkje virka avvisande på dei andre deltakarane i situasjonen. Dersom tolken er svært sosial og imøtekommande i forhold til dei andre deltakarane i den sosiale situasjonen, står ho i fare for sjølv å bli deltakar framfor å vera ein reiskap for at den døvblinde skal kunna delta i det sosiale samværet. På den andre sida kan tolken hindra kommunikasjon mellom tolkebrukarane dersom ho verkar kald og utilnærmeleg. Kommunikasjon gjennom tolk vil truleg vera framandt for dei fleste, og ein slik ”uvanleg” kommunikasjonsform vil trekka til seg merksemd frå dei som deltek i situasjonen. Dersom tolken i tillegg har steinansikt og ikkje gir noko av seg sjølv, vil det kunna føra til at den tolkemedierte samtalen blir svært vanskeleg.

Ein sosial situasjon med fleire enn to deltakarar, kan lett bli komplisert for døvblinde. I ein tidlegare nordisk definisjon om det å vera døvblind fann ein at *”Døvblindhet medfører derfor ekstreme vanskeligheter med hensyn til.... sosialt liv...”* (Statens sentralteam for døvblinde 1992 i Olesen og Jansbøl 2005a:17). I 1976/77 gjorde Helsedirektoratet ei kartlegging av døvblinde i Noreg. Dette arbeidet resulterte i at 202 personar blei registrert som døvblinde. Ein fann at mange i denne gruppa førte eit passivt liv, og 10% hadde berre kontakt med andre ein gong i veka (Raanes 2006:19). Dersom døvblinde ikkje får tolking som passar for dei, kan gjentekne negative erfaringar føra til at dei resignerer og blir passive (Andreoli 1999:34).

I boka ”Når synet svikter” kjem det fram at samtalar er vanskelege når ein ikkje lenger kan forholde seg til non-verbal tilbakemelding (Langeland 1991:35). Det oppstår misforståingar og det er lett å bli usikker på kva som skjer. I ein sosial samanheng vil det då bli ein av tolken sine viktigaste oppgåver å formidla informasjon om verbal og non-verbal kommunikasjon, i tilstrekkeleg mengde og raskt nok, slik at tolkebrukaren får høve til å forstå situasjonen og delta i samhandlinga på best muleg måte. For oss som er sjåande og høyrande, kan det vera utfordrande nok å delta i eit sosialt samvær med mange aktive deltakarar. Det er ikkje alltid så lett å få sagt det ein vil til rett tid og utan å avbryta eller virka for pågåande. Som døvblind er det ikkje berre vanskeleg å få med seg kva andre kommuniserer, det er heller ikkje så lett å vita kva inntrykk ein sjølv gir ved sin væremåte eller utsjånad (Olesen og Jansbøl 2005b:11). Alt dette gjer det til ei utfordring å tolka i sosiale samanhengar. Situasjonen er kompleks og krevjande, og tolken må vera vaken for tolkebrukarane sine ønskje og open for alternative løysingar som fremmar kontakt og oppleving (Raanes 1997). Det er ein ustrukturert situasjon der mange ting skjer samtidig.



Sosiale samanhengar er viktige i folk sine liv. Sosialt samvær gir livskvalitet, og i tillegg er dette ein viktig arena for å henta informasjon og for å bygga nettverk og dermed sosial kapital. Derfor er det alvorleg når mange døvblinde seier dei unngår sosialt samvær, fordi *”det er verre å føle seg alene blant mennesker som er sammen, enn å føle seg alene hjemme”* (Olesen og Jansbøl 2005b:40). Eg stiller spørsmål ved det skiljet som Ellis (1999:31) lagar mellom kva kvalifikasjonar som trengs for å tolka i formelle samanhengar (arbeid, utdanning, medisinske og juridiske møte) og i kvardagslivet. I følgje henne treng dei første situasjonane høgt kvalifiserte og profesjonelle tolkar, medan trente ”communicator-guides” blir sett som passande i kvardagslivet. Det at dei fast tilsette tolkane på tolketenestane i Noreg berre har arbeidstid mellom klokka 08.00 og 16.00, bygger opp under inntrykket om at tolking i sosiale samanhengar ikkje blir vurdert som like viktig som tolking i formelle møte.

I faglitteratur om tolking mellom ulike talespråk, blir omgrepet ”sosial tolking” brukt om tolking i offentleg tenesteyting (til dømes på sosialkontor, hjå politiet eller legen), i motsetning til konferansetolking. I denne oppgåva meinast sosiale situasjonar ein situasjon der samværet har eigenverdi, og kor målet med å treffast først og fremst er å ha det hyggeleg saman. Nå kan ein stilla spørsmål ved om eit Tupperwareselskap kan komma under denne definisjonen. Her er det ein konsulent som viser og sel produkt til kjøkkenet. Eg vil likevel påstå at dette i hovudsak er ein sosial situasjon. Det er eit møte med vener og kjente i sofakroken, kaffi på bordet og produktinformasjon.

## **1.4 Gangen i oppgåva**

Denne oppgåva har sju kapittel. I dette første kapittelet har eg forklart bakgrunn for tema og problemstilling, og eg har gitt ein oversikt over og drøfta dei mest sentrale omgrepa i oppgåva.

I kapittel to tar eg for meg utviklinga av tolkeprofesjonen. I tillegg går eg inn på nokre studiar som er gjort i samband med tolking for døvblinde. Til slutt i andre kapittel kjem eg inn på uttalte mål for tolketenesta frå Rikstrygdeverket, Tolkeforbundet og fagplanar i utdanninga.

I tredje kapittel gjer eg greie for den metoden eg har brukt, og korleis eg har valt ut informantar. Eg drøftar ulike praktiske, metodiske og etiske problemstillingar eg har støtt på i samband med denne studien, og eg skildrar korleis prosessen med transkripsjon og analyse

har gått føre seg. Til slutt ser eg på korleis ein kan vurdera reliabiliteten og validiteten i kvalitativ forskning, og eg ser dette opp mot min eigen studie.

Fjerde kapittel har eg laga som eit resymé av korleis Tupperwareselskapet gjekk føre seg. Ved å gjera dette vonar eg det vil vera lettare å setja dei ulike døma og den vidare diskusjonen inn i den samanhengen dei er henta frå.

I kapittel fem og seks presenterer eg empiri og analyse. I den grad det belyser empirien min, vil eg her presentera andre aktuelle teoretiske arbeid saman med drøftinga av mine empiriske data. Dette gjer eg for at det skal bli ei tettare kopling mellom teori og empiri.

Det dukka opp mange interessante og relevante problemstillingar i analysen av denne studien. Det er dessverre ikkje muleg å ta opp alle desse i ei masteroppgåve. Det ville føra til ei svært overflatisk handsaming av alle tema. Eg har derfor valt å gå grundigare inn på nokon få tema. Grunnen til at eg har valt å fokusera på nettopp desse tema, er at eg tenkjer at dei er svært relevante i forhold til mitt fokus på kva utfordringar tolken møter i tolking i uformelt, sosialt samvær, men også fordi dei har relevans i forhold til døvblindetolking generelt. Vidare var det desse emna som stakk seg mest fram i samband med intervjuet med tolken og tolkebrukaren. Dei ulike døma som eg har tatt med frå datamaterialet for å illustrera desse tema, er valt ut fordi dei på ein tydeleg måte får fram kva utfordringar ein døvblindetolk kan møte på i praksis.

Det personlege i tolkeoppdraget er tema for kapittel fem. Dette kapittelet handlar om tolken si utfordring i å møta tolkebrukarane sine ønskje om ein personleg tolk samtidig som tolken ikkje skal vera part i situasjonen.

I kapittel seks tar eg for meg ulike tema som går på samhandlinga mellom tolk og tolkebrukar. Det første temaet er dilemmaet med kva ein skal velja ut når det skjer fleire ting samtidig og tida blir for knapp. I tillegg ser eg på korleis tolk og tolkebrukar samarbeider i denne situasjonen, og eg løfter fram tolken sin innsats for å ta vare på ansiktet til deltakarane i Tupperwareselskapet.

Til slutt i oppgåva kjem det ei oppsummering og avslutning. Her trekk eg fram dei viktigaste funna frå studien.

## 2.0 Tolketenesta

### 2.1 *Tolk- og ledsagarhjelp for døvblinde*

#### 2.1.1 Framveksten av døvetolk som yrke

Det er vanskeleg å skriva om historia til tolkar for døvblinde utan også å nemna historia til teiknspråktolkane. Desse to yrka er tett samanbundne då ein i dag har ei felles utdanning. Nederlandske Paul Andreoli (1999) påpeiker at det er sentrale skilnadar mellom tolking for døve og tolking for døvblinde. Ein må i følgje han derfor løysa opp dei sterke banda som tradisjonelt har vore mellom tolking for døve og tolking for døvblinde. Ein tolk for døvblinde kjem tettare på tolkebrukar både fysisk og psykisk enn det ein teiknspråktolk gjer. Ein annan viktig skilnad er at døvblinde ikkje ser og derfor treng bistand både til tolking, ledsaging og beskriving. Dette er tidkrevjande og kan føra til situasjonar der døvblindetolken må *velja ut* kva ho skal beskriva for tolkebrukaren.

Den første utdanninga for døvetolkar kom i 1978. Dette var eit fem vekers kurs med eksamen (Falkenberg 1999). I 1984 blei kursa utvida til seks veker. I 1989 blei utdanninga eittårig og lagt til Statens Spesiallærerhøgskole (Falkenberg 1999), og i 1995 blei studiet utvida til to år (Weiby 1999). I alle desse åra var det krav om at ein kunne teiknspråk for å få lov til å starta på utdanninga. Dette blei dokumentert gjennom ein opptaksprøve. Frå hausten 1998 kunne ein for første gong ta eittårig teiknspråkutdanning på høgskulenivå. I dag kan ein søkja seg inn på 3-årig bachelorutdanning i teiknspråk og tolking ved Universitetet i Oslo, Høgskolen i Sør-Trøndelag og Høgskolen i Bergen. Ein lærer då norsk teiknspråk og tolking for døve, døvblinde og døvblitte.

Tidlegare var døve avhengige av hjelp frå vener, familie eller andre personar som kunne fungera som tolk på frivillig basis. Det kunne vera ein lærar frå døveskulen, døvepresten eller ein person som hadde døve i familien og av den grunn kunne teiknspråk. Den første norske skildringa av ein relevant tolkesituasjon er frå 1799 (Sander 1999). Her var det eit familiemedlem til ei døv jente som tolka under konfirmasjonen. Døve kunne tidlegare oppleve at "tolken" oversette det "tolken" ville, blanda seg inn i samtalen og tok avgjerder på vegne av den døve. Etterkvart som tolking blei eit yrke som kravde godkjenning, utdanning og godtgjering, auka fokus på at tolken var ein eigen profesjon som skulle vera nøytral, ha teieplikt og ikkje ha andre oppgåver enn å tolka.

## 2.1.2 Historia bak tolk- og ledsagartenesta for døvblinde

Den første utdanninga for døvblindetolkar blei satt i gong i 1982 då ein mellom anna såg at døvvetolkane sin kompetanse ikkje var tilstrekkeleg for å kunna tolka for døvblinde (Askjem 1999). Døvblinde sjølv ønskte at tolkane både skulle tolka, ledsaga, hjelpa med ulike ting og vera det me i dag kallar ein *kontaktperson*. Kontaktperson er ei teneste som enkelte europeiske land tilbyr døvblinde (Hawcroft 1999:8). Dette er ein person som er lønna nokre timar i veka for å prata, lesa aviser eller hjelpa til med praktiske gjeremål. Utgiftene til tolkehjelp skulle dekkast av Folketrygda, og det var ikkje realistisk å tru på ei slik omfattande teneste. Ein endte derfor opp med at døvblindetolkane skulle tolka og ledsaga, og så fekk andre ta ansvar for å dekkja andre behov døvblinde måtte ha (Askjem 1999).

Utdanninga for dei første døvblindetolkane henta inspirasjon frå døvvetolkutdanninga, men dette kurset gjekk over åtte veker fordelt på tre samlingar. I utdanninga hadde kursdeltakarane teori om tolking, kommunikasjon og konsekvensar av sansetap. I tillegg skulle dei læra teiknspråk, handalfabet, punktskrift, ledsaging og beskriving (Askjem 1999). Då tolkeutdanninga blei eittårig, blei utdanningane for døvvetolkar og døvblindetolkar slått saman.

## 2.2 Kunnskapsstatus

Tolking for døvblinde har vore eit lønna yrke i Noreg sidan 1986, men det har vore lite forskning på dette temaet. Verdskonferansen til *Deafblind International* hadde temaet "...Breaking the isolation" i 2007. Kommunikasjon, fritid, arbeidsliv, teknologi og genetikk var nokre emne som blei tatt opp. Det var derimot ingen innlegg eller foredrag om tolking på denne konferansen (Deafblind International u.d.). Dette ser ut til å vera vanleg på konferansar om det å vera døvblind. Då arrangøren av "7th Seminar of the Acquired Deafblindness Network of DbI" (ADBN 2007) stadfesta at "abstractet" til underteikna var akseptert for framlegg, la dei til at dei var glade for at ein for første gong skulle ha eit innlegg av ein tolk på eit slikt seminar<sup>5</sup>. Dette er eit paradoks når både døvblinde sjølve (Olesen og Jansbøl 2005b:35) og fagfolk (Peckford 1999:7) meiner at tilgang til gode tolkar er eit av dei viktigaste tiltaka for ikkje å bli isolert.

Eg kan tenkja meg fleire grunnar til at det er forska lite på tolking for denne gruppa. Det er ei lita gruppe. Ein reknar med at det er om lag 25 døvblinde per 100.000 innbyggjarar i ein

---

<sup>5</sup> Personleg melding 18. april 2008

populasjon (Olesen og Jansbøl 2005a:17). Tolking for døve, døvblinde og døvblitte er eit forholdsvis ungt yrke. I starten var tolkeutdanninga arrangert som kortkurs i offentleg regi, og det var først i 1989 at utdanninga blei eit høgskulestudium. Ei undersøking frå Canada og 11 europeiske land (Hawcroft 1999), viste at det berre var Belgia, Finland, Nederland og Noreg som gav døvblinde rettar til eit minimum tal tolketimar til daglege gjeremål. Alle landa i undersøkinga hadde ei eller anna form for undervisning og eksaminasjon av tolkane for døvblinde. Likevel var det lite høve for dei utdanna tolkane til å praktisera det dei hadde lært då retten til tolk i liten grad var lovfesta for denne gruppa.

Eg har brukt mykje tid på å leita på internett, bibliotek og BIBSYS etter artiklar og tidlegare forskning på tolking for døvblinde. I tillegg har eg tatt kontakt med folk som jobbar med å utdanna tolkar og som sjølv jobbar som tolk for døvblinde i Norden, Nederland og USA. Likevel har eg funne svært lite om tolking for døvblinde. Det har vore mange timar med søking, og eg føler meg ganske trygg på å seia at det ikkje finst særleg mykje stoff på dette området. Johanna Mesch ved universitetet i Stockholm, som har tatt PhD på døvblinde sitt teiknspråk, har også stadfesta at det finst lite litteratur om tolking for døvblinde<sup>6</sup>. Dette var også grunnen til at Eriksson og Johansson gav ut ”Døvblindtolkning – ett studiematerial” i 2007. Som lærarar på tolkeutdanninga på Fellingsbro folkehøgskole, merka dei at det var trong for undervisningsmateriale. Også Washington State Deaf-Blind Citizens ut ei liknande bok om tolketeknikkar fordi dei mangla materiale til undervisning (Galeota 2000). Felles for desse to bøkene, er at dei gir ei rekke nyttige tips og stikkord, men ei grundigare drøfting manglar.

Noreg er i følgje Ellis (1999:26) det landet i Europa kor døvblinde har best rettar til tolkehjelp. Det har likevel ikkje ført til særleg mykje fokus på temaet her i landet. Fuglesang og Fornebo skreiv i 1992 ein generell artikkel om tolking for døvblinde. Raanes (1997, 2001a, 2001b, 2001c) har seinare skrive fleire hefte om tema innanfor tolking for døvblinde. Alle desse tekstane er framleis aktuelle, men dei er ganske korte, frå 9 til 22 sider. Raanes sitt hefte om *beskriving* (2001a) tar grundig for seg mange problemstillingar som ein tolk vil måtta reflektera over under eit tolkeoppdrag. I ein upublisert artikkel til eit kurs for tolkar, har ho (Raanes 1997) ei interessant drøfting av tolking i uformelle situasjonar. Dei andre tilgjengelege norske tekstane av Raanes og Fuglesang og Fornebo, er også interessante, men

---

<sup>6</sup> Personleg melding 15.oktober 2007.

dei er for korte til å kunne gi ei grundig drøfting av tolken sine utfordringar i tolkerolla generelt og i sosialt samvær spesielt.

I USA har Mindy Frankel (2002) forska på to *døve*<sup>7</sup> tolkar sin bruk av negasjon når dei tolka frå amerikansk teiknspråk til taktilt amerikansk teiknspråk. Teiknspråk har ein del grammatiske element som blir utført ved hjelp av ansikt, hovud og kroppshaldning. Til dømes har alle teikn eit ordbilde eller ein fast oral komponent som blir vist på munnen. I tillegg kan augnebryna få fram at det er ei spørjande setning, og ved å rista på hovudet viser ein at det er ein setning med nekting. I taktilt teiknspråk må desse elementa som vanlegvis blir uttrykt med ansikt eller hovud, bli uttrykt på andre måtar. Frankel fann at både den erfarne og den ferske tolken klarte å reformulera negasjonen i oversetjinga slik at han var muleg å avlesa taktilt.

Collins, Fleetwood og Metzger gjorde i 2004 ei undersøking om tolken sin påverknad i visuelt og taktilt tolka samhandling. Dei fann at tolken sine ytringar kunne passa i to kategoriar i tillegg til dei ytringane som var sjølvne oversetjinga: *informasjon om samhandling* (relayings) og *koordinering av samhandling* (interactional management) (mi oversetjing). Dei studerte tre ulike tolkeoppdrag (ei døv mor på legekontor, ein døv elev i eit klasserom og eit tolka intervju med ein døvblind taktilbrukar) for å sjå på korleis tolken påverka samhandlinga. Dei fann at tolken brukte åtte ulike typar ytringar som ikkje var å tolka. Desse fire første typane, som var å visa kven som snakka, forklaringar, repetisjonar og oppklarande spørsmål, plasserte dei inn under kategorien *informasjon om samhandling*. Medan *koordinering av samhandling* bestod av introduksjon, svar på spørsmål, innblanding (interference) og påkalling (summons).

I tillegg finnast det ei samling innlegg frå eit symposium i Nederland som kort tar for seg ei rekkje sentrale tema på dette området. Mellom anna drøftar ein tolken si rolle og funksjon, ulike utdanningsmodellar for tolkar, døvblinde sine rettar til tolk, psykiske og sosiale aspekt i forholdet mellom døvblind og tolk, beskriving og tolking for eldre døvblinde (Peckford 1999). Eg vil komma grundigare inn på innhaldet i nokre av desse innlegga i kapittel fem og seks der eg presenterer mine funn.

Det meste av forskinga som er gjort i samband med døvblinde, handlar om direkte kommunikasjon med døvblinde. Det vil seia kommunikasjon som ikkje går via tolk. Denne forskinga er det sjølv sagt nyttig for tolkar å kjenna til. Raanes (2006) si doktoravhandling kan

---

<sup>7</sup> I nokre andre land nyttar ein nokon gonger *døve* som tolkar. Det kan til dømes vera som tolkar for døvblinde i ein teiknspråkleg kontekst, eller som mellomtolk mellom ein døv person og ein høyrande tolk.

til dømes gi tolkar verdifull informasjon om norsk taktilt teiknspråk. Ho har studert eit utval dialogar der døvblinde som er vakse opp med teiknspråk snakkar med kvarandre. Ho har spesielt hatt fokus på dei fysiske rammene og turtaking i kommunikasjon med taktilt teiknspråk.

Riitta Lahtinen (2007a, 2007b) har forska på korleis ein kan formidla informasjon frå omgjevnadane via holistisk kommunikasjon. Dette er også kalla *haptisk* kommunikasjon. Dette har norske døvblinde og tolkane deira tatt i bruk i seinare år. Trine Næss (2006), som sjølv var døvblind, er truleg den som hadde størst kjennskap til og har utvikla dette systemet vidare i Noreg.

Som påpeikt ovanfor er det forska lite på *tolking* for døvblinde. Det som er handla om taktiltolking, og forskning på metoden *taletolking* har eg ikkje funne noko om. Det er heller ikkje forska så mykje på tolking for døve, men noko av det som er gjort, kan ein dra nytte av også som tolk for døvblinde. Vidare i oppgåva vil eg derfor drøfta mine funn opp mot teori om tolking generelt og teiknspråktolking spesielt samt annan teori om menneskeleg samhandling.

## **2.3 Uttalte mål for tolking og ledsaging for døvblinde**

I følge Goffman (1974:94) er det viktig at ein alltid skildrar kva normer som gjeld for kva som er *sømmeleg* når ein skal undersøkje sosiale organisasjonar. I denne samanhengen er det hovudsakleg tolketenesta for døve, døvblinde og døvblitte som står for organiseringa av tolkar. Tolketenesta er som sagt organisert under Hjelpemiddelsentralen, som ein del av NAV-systemet i dei enkelte fylke. Tolketenesta har fast tilsette tolkar, og i tillegg samarbeider dei med eit stort tal frilanstolkar. I dette avsnittet vil eg sjå på kva normer og reglar det blir forventa at døvblindetolkane skal retta seg etter. Summen av desse forventningane frå NAV, Tolkeforbundet og utdanningsinstitusjonane vil saman med forventningane frå kollegaer og tolkebrukarar utgjera tolken si rolle.

### **2.3.1 Nasjonal standard for Tolketenesta**

Som eit ledd i Rikstrygdeverket si sikring av kvalitet i formidlinga av hjelpemiddel, gir ein ut hefte om nasjonale kvalitetsstandardar. I følge *Nasjonal standard for tolketjenesta* skal tenesta

...gi den enkelte med hørselshemming eller med kombinert syns- og hørselshemming mulighet til fullverdig deltakelse i samfunnet ved at hver enkelt får dekket sitt behov for tolk så langt som mulig innenfor hjelpemiddelsentralens rammer og ressurser. (Rikstrygdeverket 2004:8).

I tillegg understrekar ein i dokumentet at for å kunne utføra oppdraget best muleg, er det nødvendig med førebuing og at tolken har ansvar for å gi informasjon om ein tolk sin arbeidsmåte.

22. mai 2003 skreiv Rikstrygdeverket brev til Fylkestygdekontora om problemstillingar vedrørande transport av døvblinde. Her grunnir ein mellom anna at tolkane ikkje kan køyra døvblinde i eigen bil fordi dei då ikkje kan beskriva omgjevnadane slik dei kan til dømes i buss eller taxi. Dei skriv: *”En del av dette kan vise seg å være viktig informasjon som kan bidra til økt grad av selvstendighet og å holde seg orientert i hverdagen.”* Indirekte seier Rikstrygdeverket her at tolkehjelp også blir gitt for å bidra til økt sjølvstende og det å kunna halda seg orientert i kvardagen. Dette blir støtta av funn frå ein europeisk studie om døvblindetolken si rolle og funksjon. Retningslinjene til tolken blir her sett på som *”a way to promote the integration and independence of persons who are deafblind”* (Hassinen 1999:14).

### **2.3.2 Tolkeforbundet sine yrkesetiske retningslinjer**

Eg har valt å gjengi tolkane sine yrkesetiske retningslinjer i sin heilskap. Dette gjer eg fordi eg meiner desse er viktige for å forstå kva tolken sine vurderingar er grunna på. Dei yrkesetiske retningslinjene har vore mykje diskutert på dei siste landsmøta i Tolkeforbundet (Tolkeavisa nr 3/2007), og ikkje alle tolkar er medlem i Tolkeforbundet. Likevel vil eg tru at det er ei brei einigheit blant dei aller fleste tolkar om hovudlinjene og intensjonen bak desse retningslinjene.

#### **Skrevet av og for tolker**

Vedtatt av Landsmøtet 2007

I dette dokumentet betyr tolk alle som har offentlig godkjenning som tolk, eller som av tolketjenesten (NAV) blir godkjent som tolk.

Tolkens yrkesutøvelse er grunnlagt på respekt for menneskerettighetene og humanistiske verdier. Retningslinjene skal gi den enkelte tolk et grunnlag til utøvelse av etisk og faglig skjønn.



Målsetningen med de yrkesetiske retningslinjene skal gjenspeile tolkeprofesjonens faglige og etiske standard. Videre skal retningslinjene gi brukerne av tjenesten innsyn i profesjonens faglige og etiske standard, samt inspirere tolkene til etisk refleksjon og diskusjon.

### **Retningslinjer**

1. Tolken har taushetsplikt jf. Forvaltningsloven § 13 a-f.
2. Tolken skal tolke/ledsage i samsvar med godt faglig skjønn. Dette gjøres ved å:
  - Være forberedt
  - Vurdere sin habilitet og faglige kompetanse i forkant av oppdraget
  - Samarbeide med aktuelle parter
  - Benytte den kommunikasjonsform partene i situasjonen foretrekker
  - Tolke alt som ytres og formidle annen relevant auditiv og visuell informasjon
  - Tilpasse sin fremtoning etter oppdragets art
3. Tolkens oppgave er å legge til rette for best mulig kommunikasjon mellom tolkebrukerne. For å utføre denne oppgaven må tolken:
  - Ved behov, gi nødvendig informasjon om hvordan en tolk arbeider
  - Ikke uttrykke egne meninger eller holdninger i forhold til det han/hun tolker
  - Ikke være part i tolkesituasjonen
  - Ikke påta seg andre funksjoner enn funksjonen som tolk
4. Tolken skal fremme kollegialt samarbeid for å videreutvikle egen og andres kompetanse. I et to-tolksystem har de involverte tolkene et felles ansvar for kvaliteten på den utførte tolkingen.
5. Tolken har rett til å avbryte oppdrag dersom han/hun blir utsatt for forhold som strider mot norsk lovgivning.

(Tolkeavisa nr. 5/2007:19)

### **2.3.3. Fagplanar og mål for tolkeutdanninga**

Når ein skal finna ut kva som er mål for tolketenesta, er det også interessant å sjå kva dei institusjonane som utdannar tolk og ledsagarar ser på som målet for tolken sitt arbeid. Dersom ein student ved Høgskulen i Bergen (2008) går inn på fagplanen til Bachelorstudiet i teiknspråk og tolking, kan ho på heimesida til studiet lesa at *”Tolkens overordnede ansvar er å medvirke til at møter mellom hørende og hørselshemmede, to parter som kan ha ulik språkleg og kulturell identitet, skal bli likeverdige.”*

Medan utanninga i Bergen fokuserer på at møtet mellom høyrande og hørselshemma skal bli likeverdige, så har ein på nettsida til tolkeutdanninga ved Universitetet i Oslo (2006) eit meir språkleg fokus:

”Målet med bachelorprogrammet i tegnspråk og tolking er at du skal kunne arbeide som offentlig godkjent tolk, og at du skal kunne utføre en språklig formidling mellom mennesker som ikke umiddelbart kan høre, se eller oppfatte hverandres språk eller kommunikasjonsform.”

Også i Trondheim fokuserer ein på språk, men i studieplanen har ein i tillegg tatt høgde for at tolken si rolle inneheld meir enn berre språkformidling:

Tolk for døve, døvblinde og døvblitte har først og fremst som oppgave å drive språklig formidling mellom personer som ikke forstår hverandres språk.... Utviklingen har vist behov for en mer helhetlig tenkning omkring tolkens yrkesrolle, sett i relasjon både til det kommunikative, det menneskelige og det «tekniske» aspekt ved tolkerollen. Det er behov for at tolken tar et helhetlig ansvar for at hver enkelt tolkesituasjon skal fungere, samtidig som den klare profesjonsutøvelsen ivaretas. (Høgskolen i Sør-Trøndelag u.d.:2-3)

For dei fleste tolkane vil den første sosialiseringa til yrket skje under utdanninga, og dei haldningane og normene som blir formidla her, vil i større eller mindre grad prega studentane sine framtidige yrkesroller. Røkenes og Hanssen (2006:34) skil mellom *tilpassningssosialisering* og *danningssosialisering*. Dei meiner at mange utdanningar og arbeidsplassar er prega av at fagpersonen tilpassar seg og tar til seg kunnskap utan å stilla kritiske spørsmål til rådande normer og ideologi. Røkenes og Hanssen meiner at når ein skal jobba med menneske, er det *danningssosialisering* som bør vera målet i sosialisering av nye fagfolk. Slik er det større sjanse for å få fagpersonar som er reflekterte i forhold til seg sjølve, til verdiar og normer, til praksis og til dei rådande tenkemåtane på området. Alle studiestadane til kommande tolkar nemner då også at dei har mål om at studentane skal læra å forholde seg kritisk og reflektert til faget og yrkesrolla.

## 3.0 Metode

### 3.1 Val av metode

I denne oppgåva har eg valt å observera og filma tolken og den døvblinde sin praksis i ein sosial samanheng. Når målet er å skildra og forstå kva som skjer i ein sosial situasjon er det naturleg å bruka kvalitativ metode. Eg valde å leggja hovudvekta i min studie på observasjon. Fordelen med denne metoden er at ein er der ting skjer. Ved å observera eit tolkeoppdrag, vona eg å få data om korleis ein tolk vanlegvis arbeider i ein sosial samanheng. Repstad (1993:22-23) argumenterer for at når ein skal finna ut noko om sosial samhandling, bør ein gå ut i verda og observera det sosiale samspelet mellom menneske.

Dagen etter at eg hadde observert tolkesituasjonen, hadde eg i tillegg eit kort intervju med tolkebrukaren og eit intervju med tolken som deltok. På denne måten kunne eg få fram respondentane sine spontane oppfatningar om det som skjedde under tolkeoppdraget. Ein skal vera forsiktig med å sjå dei oppfatningane som kjem frå informantane som noko som dei *gir* frå seg til intervjuaren. I sosialkonstruksjonistisk teori (Miller og Glassner 2004:125) ser ein snarare den meininga som kjem fram i eit intervju som noko informant og intervjuar *skapar* saman. Fordelen med å ta intervju så raskt etter Tupperwareselskapet, var at situasjonen då var fersk i minnet til informantane. Intervjuet med tolken varte i omlag 30 minuttar, og intervjuet med tolkebrukaren tok litt over ein time. Intervjua blei tatt opp på band, og etterpå blei dei skrivne ut. Eg analyserte intervjua og såg mellom anna om det var samanfall mellom det som blei sagt og gjort.

Intervjua medverka til ei meir mangfaldig skildring av sider ved denne situasjonen og tolking i sosiale samanhengar generelt. Ein annan effekt er at tolk og tolkebrukar fekk reflektera over tolkesituasjonen. Fordelen med å kombinera intervju og observasjon, er at eg får tolk og tolkebrukar sine tankar om tolkeoppdraget og liknande situasjonar samstundes som eg får sett kva som faktisk skjer under tolkeoppdraget. Intervju er i tillegg ein god metode til å få fram informantens sitt perspektiv på ei sak. Informanten sine oppfatningar og resonnement er data som er vanskelege å få tak i via observasjon. Silverman (2000) minner om at det kan finnast *fleire* versjonar av informantane sine måtar å forstå temaet dei blir intervjuar om. Forskaren vil få servert *ein* av desse versjonane, og så kan det finnast andre versjonar som informanten til dømes fortel til vener, kollegaer eller familie. Silverman spør derfor om ein kanskje bør forstå

versjonen som forskaren får som eit *narrativ* som blir konstruert i intervjusituasjonen snarare enn noko som fortel om sjølve erfaringa til informanten.

Eit alternativ til observasjon hadde vore å intervju fleire tolkar og/eller døvblinde om tolkebruk i sosiale situasjonar. Då ville eg fått svar på det tolkane er medvitne om at dei gjer. Problemet med intervju er at folk ikkje alltid er medvitne om det dei gjer, og at dei svara ein får kan vera ei etter-rasjonalisering av situasjonen. Ei anna ulempe med intervju er at folk gløymer fort (Repstad 1993). Når ein brukar intervju får ein først og fremst fram haldningar og normer i ein kultur (Silverman 2006), men dette kan også vera viktig informasjon i ein studie. Dessutan kan bruk av intervju korrigerer forskaren si forståing og hindra at han blir naiv og trur at andre oppfattar verkelegheita på same måte som han sjølv. I mitt intervju med tolken, fekk eg kunnskap om at det ikkje alltid er like lett å setja ord på den kunnskapen og dei erfaringane ein nyttar i sitt praktiske virke som tolk:

Intervjuar: Kva kan tolken bidra med for at møtet mellom folk skal bli BRA? Skal bli positivt og føles som et godt møte.

Tolk: Det er jo rett og slett å søke kont.. altså atte.. Kva skal eg si der? Det er jo.. Altså det faller.. Når du er oppi situasjonen så faller det så naturlig, sant. Du tenker ikkje gjennom det. Sant? Du tenker sånn at.. Da går du rett og slett rundt og.. Du sitter og forteller. Det blir nesten det samme som på det andre spørsmålet. Det blir veldig mye kan du si rett og slett prøver. Får komme inn. Blir blandet.(3.0) At det ikkje blir en sånn der.. reservasjon. Rett og slett. At ikkje den får komme til.<sup>8</sup>

Vi ser her at tolken har vanskar med å formulera kva ho faktisk gjer. Dette kan vera eit resultat av eit langt virke som frilanstolk. Ein frilansar jobbar mykje aleine og har få fora til å diskutera sitt virke som tolk. Derfor blir mykje av erfaringa og teknikkane ein nyttar seg av til *taus kunnskap*. Taus kunnskap kan definerast som ”*praktisk kunnskap som er utviklet fra egne praksiserfaringer, eller overført fra det fagmiljøet den enkelte er en del av*” (Strømfors 2004:17). Dette er ein kunnskap ein har, som ein brukar, men som ein vanlegvis ikkje formulerer munnleg eller skriftleg. Derfor er det gunstig å observera praksis, sidan det kan vera vanskeleg å få fram denne kunnskapen gjennom intervju.

Ein tolk som er problemorientert og problemløysande i ein autentisk tolkesituasjon, vil truleg ha eit noko anna fokus under eit intervju. Repstad (1993:23) seier det er vanskeleg å slutta frå ”*verdi uttrykt i intervju*” til ”*operativ verdi*”. Han meiner eit intervju heller vil få fram eit ønska ”image”, for det å snakka saman handlar også om å produsera og reprodusera

---

<sup>8</sup> Forklaringar til transkripsjonen i vedlegg 5.

relasjonar.<sup>9</sup> Med andre ord så er faren at tolkar i eit intervju ville svart det dei meiner dei *bør* gjera og det dei trur intervjuaren (som i dette tilfellet sjølv er tolk og lærar på tolkeutdanninga) *synest* dei *bør* gjera. Dette er i høgste grad også ein fare ved open observasjon. Når informanten skal konsentrera seg om å tolka i ein autentisk situasjon, vil truleg denne effekten bli mindre. Dette sa også tolken eg observerte noko om:

Intervjuar: For eksempel det med kamera. Tror du det påvirka situasjonen?

Tolk: Nei. Det var akkurat i begynnelsen. Viss eg skal tenke på det, så kan eg ikkje gjøre en ordentlig jobb. Så det måtte eg bare glemme.

Intervjuar: Ja. Og det gjorde du faktisk også, eller?

Tolk: Ja, eg gjorde faktisk det. @<sup>10</sup> Eneste når eg spurte om det var slått av@@ (5.0)  
Det var sånn eg følte det i alle tilfeller.

### **3.2 Val av informantar**

For å finna ein informant, tok eg kontakt med Foreningen Norges Døvblinde (FNDB) og Landsforeningen for kombinert Syns- og Hørselshemmede/Døvblinde (LSHDB). Eg sende eit informasjonsskriv og spurte om å få komma på eit møte. Gjennom denne kontakten traff eg på fire døvblinde som alle var positive og interessert i å hjelpa. To av dei ville ikkje bli filma, og for den tredje passa det dårleg på det tidspunktet som passa best for meg. Den fjerde var ein døvblind person som var svært positiv til å vera med på undersøkinga, og ho hadde høve til å stilla på kort varsel. Ho har vore registrert som døvblind i over 20 år og brukte tolk første gong tidleg på 90-talet.

Då det var avgjort kven som skulle vera min døvblinde samarbeidspartnar i denne undersøkinga, spurte eg informanten kva for ein tolk ho helst ville ha under dette sosiale samværet. Eg bad henne finna ein tolk som ho var komfortabel med å bruka. Det vona eg ville føra til at både tolk og døvblind blei tryggare på situasjonen. Tolken visste dermed at ho var spesielt ønska som tolk til denne situasjonen. Når ho er ein spesielt ønska tolk blant mange andre, er det eit indirekte signal om at den døvblinde er nøgd med måten ho utfører jobben sin på. På denne måten vona eg at også tolken ville klara å slappa meir av med eit kamera og ein observatør til stade. Tolken som informanten helst ville ha, var ein tolk med meir enn ti års erfaring, og ho hadde tolka mykje for denne tolkebrukaren tidlegare. Denne tolken sa ja til å vera med på studien. Dette var også ein tolk som eg kjente, noko som ikkje er så overraskande

---

<sup>9</sup> Trude Gjernes, Forelesning i kvalitativ metode, 07.11.2006

<sup>10</sup> I transkripsjonen tyder @ latter. Fleire @@ tyder sterkare eller meir langvarig latter. For ytterlegare skildring av teikn brukt i transkripsjonen, sjå vedlegg 5.

sidan miljøet er forholdsvis lite. Det å studera ein kollega sin praksis, kan føra til at ein blir forsiktig med å stilla kritiske spørsmål og redd for å gjera eit framtidig samarbeidsklima vanskeleg. Det kan også føra til at ein faktisk stiller dei kritiske spørsmåla, men at ein blir meir opptatt av å finna ei balansert framstilling kor både positive og negative sider blir tatt med. Det er det siste eg har hatt som mål å få til.

Eg sitt ofte med eit inntrykk av at tolkebrukarane sine meiningar om tolketenesta ikkje blir tatt på alvor i den grad dei burde. Eg ønskte derfor at ein tolkebrukar sitt perspektiv skulle komma fram i denne studien. Det har eg delvis fått dekkja gjennom å intervjuja tolkebrukaren etter at tolkinga var gjennomført. I tillegg har tolkebrukar fått påverka studien gjennom at det var *ho* som valde den tolken som skulle vera med. Eg tenkjer at det indirekte kan seia oss noko om kva som kan vera god tolkepraksis sett frå eit brukarperspektiv. Vidare vil eit godt samarbeid mellom tolk og døvblind som kjenner kvarandre frå før, kunna gi oss døme på ulike ”personlege” eller konvensjonelle metodar som får kommunikasjonen til å fungera.

Eg ønskte å observera ein sosial situasjon med minst fem deltakarar og høg aktivitet. Eg diskuterte med min døvblinde informant kva situasjonar som kunne vera aktuelle. Familieselskap, Tupperwaredemonstrasjon og gjensyn med gamle vener frå skule eller organisasjonsliv var dei forslaga som kom opp. Me var einige om at eit Tupperwareselskap truleg ville vera ein god måte for å få til naturleg, sosial samhandling med høg aktivitet. Min døvblinde samarbeidspartnar inviterte deretter gjester til Tupperwareselskapet og informerte om at dette ville bli filma av ein student. Eg kontakta Tupperware og spurte om dei hadde ein konsulent som var ledig dei aktuelle datoane og som ikkje hadde noko i mot å vera med på ein filma observasjonsstudie. I tillegg fekk gjestene eit informasjonsskriv, munnleg orientering og høve til å stilla spørsmål om studien i starten av Tupperwareselskapet.

Informantane fekk ikkje godtgjering for å vera med på studien, men tolken blei lønna frå NAV på vanleg måte som eit ordinært tolkeoppdrag.

### ***3.3 Praktiske, metodiske og etiske sider ved studien***

#### **3.3.1 Praktiske utfordringar**


Det kan vera vanskeleg og mykje forarbeid å få tilgang til eit forskingsfelt. Dersom ein vil studera ein tolk og ein døvblind i sosiale samanhengar, betyr det at det også vil vera mange

andre til stades som kanskje er skeptiske til å bli studert på ein slik måte. Eg bestemte meg derfor for å *konstruera* ein situasjon i samarbeid med ein døvblind. Målet var likevel at situasjonen skulle bli mest muleg naturleg. Eg oppfordra tolkebrukaren til å invitera personar som ho til dømes ikkje hadde sett på ei stund eller som ho hadde mykje å snakka om med. Eg ønskte også at gruppa skulle vera såpass stor at det kunne vera sjanse for at det ville gå fleire samtalar parallelt.

Eg var heldig som fekk ein døvblind samarbeidspartnar som tok min førespurnad på strak arm. På kort varsel inviterte ho fem kjenningar til Tupperwareselskap. Dette blei ein naturleg tolkesituasjon med mange utfordringar.

Eg valde å bruka to videokamera som stod på stativ. Fordelen med dette var at eg slapp å ha med meg ein teknisk assistent til å filma, eg var fri til å notera og eg kunne sjølv delta noko i samhandlinga. Samtidig gjekk filminga ”av seg sjølv”, og eg trur at det gjorde at deltakarane lettare gløynde at dei blei filma. Ulempa var at når folk flytta seg, tok det litt tid før kamera blei flytta etter. Sjølv om eg då mista noko dokumentasjon på filmen, fekk eg likevel lyden og det meste med. Frå kvart kamera har eg nesten fire timar med opptak av tolking frå denne situasjonen.

Det eine kameraet fokuserte på tolken og den døvblinde. Det andre kameraet sto litt lengre borte og filma heile gruppa. Dette er viktig fordi om det til dømes skjer noko mellom to eller fleire personar i selskapet, så kan det kanskje vera vanskeleg å forstå kva tolken formidlar dersom ein ikkje kan sjå alle deltakarane på filmen. Hovudfokus under observasjon og filming var på interaksjonen mellom tolk og tolkebrukarar, medan filminga av dei andre deltakarane meir fungerte som eit bakteppe for å forstå kva tolken formidla.



*Skisse av stua med sittegruppe, informantane sin plassering, demonstrasjonsbord og kameraplassering(K) og kameravinkel. W1 viser kor Tupperwarekonsulenten stod under demonstrasjonen, og W2 viser kor ho satt under praten ved kaffibordet etter demonstrasjonen.*

På førehand hadde eg avtalt med tolkebrukar at ho og tolken skulle sitja i sofaen med to seter. Det var den beste plasseringa for få gode filmopptak. Det er ikkje sikkert dei ville ha plassert seg slik i utgangspunktet, og i ettertid ser eg at denne plasseringa kanskje ikkje var optimal for tolken. Ho blei sitjande langt vekk frå gjestene, og det gjorde at det blei vanskeleg for



henne å få levert mikrofonen<sup>11</sup> til den som snakka. Det kunne også ført til at ho kunne få vanskar med å høyra kva som blei sagt. Det såg derimot ikkje ut til at dette blei noko problem, då gjestene som kom snakka ganske høgt og tydeleg.

Vanlegvis kjem tolken i god tid for å gjera avtalar med den døvblinde. Dette reknast som ein del av oppdraget. Derfor var det naturleg å starta filminga allereie då tolken kom til møtet med den døvblinde.

### 3.3.2 Metodiske problemstillingar

Å observera menneske si samhandling er å fortolka det me ser. I denne studien er det mange lag av fortolking. Gjestene i Tupperwareselskapet samhandlar på grunnlag av det dei fortolkar av meining hjå dei andre. Tolken fortolkar ytringar, non-verbal kommunikasjon og aktivitet i gjestene si samhandling og formidlar dette vidare til tolkebrukaren. I siste instans fortolkar observatøren gjestene og tolken sine fortolkingar. Dette reiser nokre problemstillingar. Skal ein fortolka aktørane si framferd på grunnlag av aktørane sine egne fortolkingar, eller skal ein sjå vekk frå aktørane sine egne fortolkingar? Giddens (Gilje og Grimen 1993) meiner at ein må gjera begge delar. Ein skal ta omsyn til det aktørane meiner, men samstundes fortolka handlingar og aktørane sine fortolkingar i lys av samfunnsvitskapleg teori og med teoretiske omgrep. Det er dette Giddens kallar for dobbel hermeneutikk.

Spørsmålet mitt blir då korleis eg skal integrera tolk og tolkebrukar sine fortolkingar med mine observasjonar. Eg tenkjer at dette er to typar fortolkingar som ikkje treng å stå i noko motsetningsforhold, men at dei utfyller kvarandre. Informantane sine fortolkingar fortel forskaren kva dei legg vekt på og kva dei er opptatt av. Dette kan mellom anna seia noko om kva praksisfeltet er opptatt av og dei normer som gjeld der. Ein observatør kan fjerna seg noko frå dei daglege utfordringane og sjå tolkepraksis i lys av andre teoriar og faglege omgrep. Slik kan også praksisfeltet få nye innspel til å tenka annleis og forhåpentlegvis utvikla praksis.

I denne studien er eg som observatør sjølv tolk. Det gjer at eg bringer med meg mine egne verdiar, mi erfaring og mi forforståing om korleis tolken sin praksis bør vera. Når ein skal

---

<sup>11</sup> Det finst ulike typar teknisk utstyr som forsterkar tale. Tolkar og tolkebrukar nyttar vanlegvis namnet på det utstyret som blir brukt, men eg har valt å bruka omgrepet *mikrofon* i denne oppgåva.

observera, er det viktig å vera klar over kva haldningar og verdiar ein sjølv har sidan dette vil påverka kva ein ser og legg merke til. Eg vil her gjera greie for min posisjon som tolk og ledsagar for døvblinde, slik at lesaren veit kva ståstad eg som forskar har hatt når eg har gjort mine analysar.

Eg tok eksamen som tolk og ledsagar for døvblinde i 1993. Kurset blei arrangert av Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet og var for offentleg godkjente døvetolkar. Sidan eg hadde noko erfaring med å tolka for døvblinde, fekk eg den siste ledige plassen sjølv om eg på den tida berre var midlertidig godkjent tolk utan utdanning. Eg var den yngste og mest uerfarne tolken på dette kurset. Lærarane og fleire av dei andre på kurset var vaksne, erfarne folk som hadde mykje jobberfaring i forhold til døvblinde, blinde eller døve. Eg skriv såpass utførleg om dette, fordi eg trur kurset sette djupe spor i danninga av meg som tolk og ledsagar. Sjølv om det kanskje ikkje var slik det var meint, er eg redd for at dette kurset var meir tilpassingssosialisering enn danningssosialisering for meg. Eg hadde på den tida inga høgare utdanning. Saman med den høge respekten eg hadde for både kurshaldarar og medelevar, gjorde det at eg tok det meste som blei sagt for ”sant”.

Eit av mine mål som tolk og ledsagar har vore at eg skal strekka meg så langt eg kan for å gi døvblinde tolkebrukarar same høve til deltaking som om dei hadde sett og høyrte. Det har ført til at eg har sagt ja til tolkeoppdrag eg egentleg ikkje har hatt tid eller lyst til å ta. Eg har hatt arbeidsdagar på 16 timar fordi det tidlegare var vanleg å berre ha med seg ein tolk på tur, og eg ville at tolkebrukaren skulle få lov til å vera med på alt ho eller han ville. Vidare har eg hatt fokus på at tolken berre skal vera ein reiskap for ledsaging og kommunikasjon. Eg som tolk er auge og øyre for den døvblinde, men ut over det strekk ikkje min jobb seg. Det har ført til at eg har vore restriktiv i forhold til å gjera tenester, henta eller bera ting for mine døvblinde tolkebrukarar. Mi haldning har også vore at eg er der for å tolka, ikkje for å vera samtalepartnar med verken den døvblinde eller høyrande tolkebrukarar. Eg har ikkje vilja uttala meg om eg kva eg synest om eit plagg i klesbutikken - eller kva eg som tolk har mest lyst til når tolkebrukaren er usikker på kva han eller ho vil. Eg har vore passiv – gjerne på grensa til uvennleg - slik at eg ikkje skulle bli rekna for ein deltakar i tolkesituasjonen. Mi oppgåve var å tolka, skildra så nøytralt som muleg og ledsaga. Eg har fått høyra at eg er ein streng tolk, men også at brukaren har følt seg sikker på at eg ikkje lét vera å tolka noko. I seinare år har eg blitt litt ”rundare i kantane”. Dette er både eit resultat av at eg ser at det kan vera urimeleg å ikkje henta ein kaffikopp til ein 80-åring eller å hjelpa til med å bæra tung

bagasje, men også fordi eg er påverka av at praksis ser ut til å utvikla seg i ein meir hjelpande retning. Likevel kjenner eg at eg ikkje er komfortabel med å henta mat frå eit koldtbord eller handla for tolkebrukaren i butikken utan at vedkommande sjølv er med. Oppsummert kan ein kanskje seia at eg har vore ein firkanta, idealistisk og ”profesjonell” tolk? Denne studien har gjort at eg har vore nøydd til å stilla kritiske spørsmål til nokon av mine haldningar. Det har gjort at eg nå er meir open for at andre måtar å fylla tolkerolla på, kan ha sine fordelar.

I følge hermeneutikken er det ikkje muleg å forstå noko utan ein viss bakgrunnskunnskap. I denne samanhengen har eg ganske mykje bakgrunnskunnskap om den situasjonen eg skal observera. Det tyder at eg neppe vil kunna observera det som skjer fordomsfritt. Ei ulempe med å observera eit felt som ein kjenner, er at ein ikkje legg merke til ting fordi ein er så van med at det er slik. Samstundes er det ikkje muleg å observera ein situasjon utan å ha visse idear om kva ein skal sjå etter (Gilje og Grimen 1993).

Eg tenkjer at datamaterialet i forskning til ei viss grad alltid vil bli farga av forskaren sine forventningar. På kva måte og i kva grad kan mine forventningar ha vore styrande for datamaterialet? Før eg starta denne studien hadde eg mellom anna forventningar om å sjå samarbeid mellom tolk og tolkebrukar, at tolken ville bli nøydd til å gjera visse prioriteringar når det blei for mykje informasjon å vidareformidla og at tolken ville bruka spesielle teknikkar for å utføra jobben sin. Ikkje uventa var dette også det eg såg. Mine forventningar blei innfridde - om ikkje akkurat på den måten eg trudde på førehand. Til dømes blei eg overraska over at det var vanskeleg å finna tydelege døme på samarbeid mellom tolk og tolkebrukar. Som forventa var tolken nøydd til å velja og vidareformidla noko informasjon framfor noko anna, og då var det mellom anna informasjonen om Tupperware som fekk fokus. Ein ting eg la merke til som eg ikkje har tenkt på før, var at tolken flittig brukte namnet til tolkebrukar, og at det virka som dette hadde ein spesiell funksjon. Desse funna, med fleire, vil eg komma tilbake til i kapittel fem og seks.

Eit anna spørsmål er kva eg eventuelt *ikkje* ser i datamaterialet, anten fordi eg ikkje forventar det, eller fordi eg er meir opptatt av noko anna. Det kan ha skygga for andre funn som kunne vore interessante og viktige. Dette spørsmålet seier det seg sjølv at det er vanskeleg å svara på.

### 3.3.3 Etiske dilemma

Gruppa døvblinde er ei svært lita gruppe i befolkninga og mange døvblinde og tolkar kjenner kvarandre. Det gjer at det er vanskeleg å anonymisera tolk og brukar fullstendig og samtidig få fram sentrale, analytiske poeng. Det kan til dømes vera problematisk at det berre er ein døvblind informant og ein tolk. Dersom ein av dei skulle bli identifisert, vil ein også kunna vita kva dei har sagt eller gjort. Ein kan tenkja seg ein situasjon der det kan bli vanskeleg for ein døvblind tolkebrukar å få tak i tolk dersom ho blir oppfatta som ein brukar som krev mykje og er lite nøgd med tolken sin praksis. På same måte kan ei gjenkjenning av tolken fungera som god eller dårleg reklame slik at mengda oppdrag ho får tilbod om i framtida vil minka eller auka. Det er henta inn løyve frå Norsk Samfunnsvitskapleg Datateneste til å gjennomføra denne studien, og datamaterialet har vore lagra på forsvarleg måte.

For at tolketenesta for døvblinde skal fungera, er tolkane avhengige av døvblinde sin tillit. Dersom tolkebrukarane ikkje stoler på tolken, og dersom dei er usikre på om tolken tolkar det som er vesentleg i situasjonen, blir det ein svært vanskeleg situasjon for alle partar. Når eg har studert filmklippa mange gonger, har eg observert ein del detaljar frå situasjonen. Ein del av dette har eg skildra utførleg i transkripsjonen og i denne oppgåva. Det er derimot ikkje muleg for ein tolk eller ein av dei andre sjåande og høyrande gjestene som er til stades å få med seg like mykje av det som skjer i sjølve augneblinken. Dersom tolkebrukar les denne avhandlinga, kan ho få eit inntrykk av at ho ikkje har fått tolka alt som har skjedd i situasjonen, og dermed få mindre tillit til tolken. Ein annan ting er at tolkebrukar kan vera ueinig i tolken sine prioriteringar, og dermed bli usikker på om ho får formidla det som ho sjølv meiner er viktig.

For meg har det vore eit mål at mine informantar skal visast respekt gjennom alle delar av studien. Dersom nokon skulle gjenkjenna aktørane i denne studien, er det viktig at eg har framstilt dei på ein respektfull og sannferdig måte. Samtidig vil ikkje studien vera truverdig dersom eg ikkje våga å stilla kritiske spørsmål der det var naudsynt. Eg har vore nøydd til å ta sjansen på at informantane mine kunne bli fornærma eller misnøgde med det eg skriv.

Er det i tillegg andre grunnar til å tenkja seg ekstra godt om før ein nyttar menneske med ei så omfattande funksjonshemming, som eit dobbelt sansetap tross alt er, i ein forskingsstudie? Eg tenkjer at det er positivt at min døvblinde informant får høve til å uttrykka si meining om ei for henne viktig teneste. Eg har under heile studien hatt inntrykk av at Linda treivst under Tupperwareselskapet og at ho var engasjert i temaet under intervjuet. Dessutan er det

hovudsakleg tolken sin praksis eg har hatt fokus på. Ein døvblindetolk sin reelle praksis kan ikkje studerast utan at ein døvblind tolkebrukar er involvert. Dersom ein opptrer respektfullt, tar seg tid til å gå gjennom dei ulike sidene ved studien og leverer forskning av god kvalitet, tenkjer eg at den merksemda ein får gjennom ein forskingsstudie er ei positiv og lærerik oppleving anten ein er døvblind eller funksjonsfrisk.

Det er ikkje til å komma vekk frå at det å vera døvblind er ein alvorleg funksjonshemming med store praktiske og sosioemosjonelle konsekvensar (Nordeng 1993). Når ein byrjar å stilla spørsmål om bruk av tolk i fortid og nåtid, kan dette aktualisera tema i forhold til funksjonshemminga. Linda i denne studien har Usher syndrom som er ein progredierende sjukdom. Det tyder at ein heile tida må venna seg til at ein ser og høyrer mindre enn før, med dei konsekvensar det får for livet ein skal leva. Eit intervju kan rippa opp i vanskelege ting som informanten blir sitjande aleine med når intervjuaren har gått heim. Slik sett kan dette vera ein sårbar situasjon som forskaren må vera vaken for. Om nødvendig kan han måtta tilby informanten opplysningar om kontakt med hjelpeapparatet.

Etter at oppgåva er ferdig, har eg ein plan om å invitera informantane (tolkebrukar, tolk, Tupperwarekonsulent og gjester) på ein liten samankomst for å informera om mine funn. På den måten kan eg få gi noko tilbake som takk for bidraga deira.

### **3.4 Transkripsjon og analyse**

Filmopptaka blei transkribert ved å sjå gjennom opptaka og skriva ned kva som blei sagt og gjort. Eg har i underkant fire timar opptak, frå kvart av dei to kamera, frå Tupperwareselskapet. Dette transkripsjonsarbeidet jobba eg med i over 100 timar, truleg meir. I ein sosial situasjon med i alt ni deltakarar, skjer det veldig mykje. Eg har lagt mest vekt på å studera tolken og tolkebrukaren, og eg har måtta velja ut nokre delar av materialet som eg har transkribert meir detaljert enn andre. Eg har konsentrert meg om å laga ein grundig transkripsjon av dei delane av Tupperwareselskapet kor samhandlinga var uformell, sidan tolking i uformelt, sosialt samvær var det som var fokus for studien. Det er desse delane eg har henta døme frå i denne oppgåva, men oppgåva er likevel inspirert av heile inntrykket av tolkesituasjonen.

Eg delte transkripsjonsdokumentet inn i tre kolonnar. I kolonnen i midten skriv eg den samtalen eller aktiviteten som blei tolka. I kolonnen til høgre skriv eg det som tolken sa og

gjorde, og i kolonnen til venstre skriv eg det som eg oppfatta som ein eller fleire bakgrunnssamtalar. Det er sjølvsagt ikkje gitt kva som er kva, så her er det ein utvist del skjønn for å klassifisera kva som var tolka samtale og kva som var bakgrunnssamtale. Vidare ordna eg desse tre kolonnane slik at radene følgde kvarandre i tid. Det som står ved sida av kvarandre horisontalt skjer omtrent samtidig. På denne måten kan ein sjå kva som skjer og kva tolken får formidla av dette. Det transkriberte materialet utgjer vel 70 sider med transkripsjon av typen under. Dette utdraget er henta frå den augeblinken Tupperwarekonsulenten (W) kjem inn dørene.

<b>Samtale eller hendingar i bakgrunnen</b>	<b>Tolkebrukar og samtalepartnarar</b>	<b>Tolken sine handlingar</b>
<p><b>10 min</b></p> <p>W helser på D. W helser på E. W helser på G.</p> <p>D: Minner om den ovnen min heime.</p> <p>G: Ja, det gjør han vel ja. Vi har sentralvarme. Det er deilig. Det er nå varmt og godt når du kommer hjem. Sånn som nå eg var vekke i helgen, så var det...</p> <p>E: Litt sånn vedvarme er deilig. Det er litt annerledes.</p> <p>G: Før hadde vi en stue med olje og en stue med ved.</p>	<p><b>10 min</b></p> <p>W: Ingen grunn til å gråte. L: @@ W: Eg er veldig kald på hendene.</p> <p>W: Her var nå godt og varmt.</p> <p>L: Er det ikkje deilig då? @</p> <p>W: Ser du har lagt i platen allerede. W: Skal eg bare legge produktene på bordet? L: Du skulle hatt en duk. W: Ja, har han med.</p> <p>L: Ja, bare gjør som du pleier. W: Takk skal du ha, då er eg i gang.</p>	<p><b>10 min</b></p> <p>T: Hun kommer smilende her</p> <p>T: Ingen grunn til å gråte, sier hun.</p> <p>T: Nå går hun rundt og hilser på de som e kommet. Hun hilser på de og sier eg er veldig kald på hendene.</p> <p>T: Det var nå godt og varmt her, sier hun.</p> <p>T: Hun har med seg duk og alt sammen. Hun lurar på om hun skal legge produktene på bordet. Om det er ok for deg.</p> <p>T: Då er hun i gang. Takk skal du ha, sier hun.</p>

I dømet over kjem Tupperwarekonsulenten (W) inn i stua, og tolken (T) beskriv at ho smiler. W kommenterer då tolken sin kommentar og seier at ”det ikkje er nokon grunn til å gråte”. W helse på dei andre gjestene og etterpå diskuterer ho plasseringa av produkta med tolkebrukar (L). I bakgrunnen snakkar dei andre gjestene om oppvarming av hus.

Undervegs som eg jobba med transkripsjonen la eg merke til ting som eg tenkte kunne vera nyttige tankar til analysen. Eg skreiv desse tankane ned i eit eige dokument kor eg prøvde å gruppera dei etter tema. På denne måten gjekk transkripsjon og analyse parallelt. Analysen av materialet gav innspel som gjorde at eg la vekt på litt andre tema enn eg hadde sett føre meg i utgangspunktet.

Etter gjennomført arbeid med transkripsjon, arbeidde eg vidare med analysen på bakgrunn av dette skriftlege materialet. Eg oppdaga då nye ting i materialet, og eg fann også fleire døme som nyanserte mine tidlegare funn. Til dømes hadde eg inntrykk av at tolken kom med veldig mange personlege kommentarar og at desse særleg var knytt til dei uformelle delane av samværet. Då eg gjekk gjennom transkripsjonen og talte dei ytringane som eg oppfatta kom frå tolken sjølv, kom eg til om lag 30 ytringar. Dette er eit svært usikkert tal, då det er svært glidande overgangar mellom kva som er beskrivingar med personleg vri og om ein samtalesekvens skal teljast som ein, to eller tre ytringar. For det første gjorde denne oppteljinga at eg blei klar over at det faktisk var færre personlege utspel frå tolken enn eg først trudde. Mi oppfatning av kva som er ”god” tolkepraksis, har truleg gjort at eg oppfatta mengda av personlege utspel som større enn ho var. For det andre gjorde denne oppteljinga at eg oppdaga at ti av ytringane var knytt til første halvtimen av oppdraget, og ytterlegare ti var knytt til den siste halvtimen.

Også då eg studerte transkripsjonen for å laga resymé til kapittel fire fekk eg ein ny og nyttig gjennomgang av materialet. Data som eg har brukt som døme i denne oppgåva er sjekka om igjen. Der det har vore nødvendig, har eg justert transkripsjonen for å få ei mest muleg nøyaktig framstilling.

### **3.5 Reliabilitet og validitet**

Reliabilitet og validitet er omgrep som er brukt i samband med å vurdera kvaliteten på forskning. *Reliabilitet* er eit omgrep som er nyttig når ein skal vurdera kvaliteten på ein studie. Kirk og Miller (sitert i Pärekyllä 2004:285) definerer reliabilitet slik: “...*the degree to which*

*the finding is independent of accidental circumstances of the research.*” Grønmo (2004) seier at i nyare litteratur om kvalitativ forskning, spør ein heller om ein studie er *truverdig*. I denne studien vurderer eg reliabiliteten til å vera relativt høg. Eg har gjennomgått datamateriale mitt fleire gonger i perioden etter observasjonen, og to andre tolkar har studert delar av transkripsjonen og komme med kommentarar som liknar på mine. Eg trur at dersom ein anna forskar med tolkefagleg bakgrunn hadde analysert det same materialet, ville han eller ho halde fram mange av dei same resultata. Kva ein forskar med ein heilt anna samfunnsvitskapleg bakgrunn ville sett i mitt datamateriale, er derimot eit anna spørsmål. Vedkommande kunne ha løfta fram andre tema og hatt andre perspektiv.

Eit ideal i kvalitativ forskning er mellom anna nærleik og langvarig kontakt med det miljøet som studerast (Repstad 1993). I denne studien har eg berre observert *ein* tolk i ein sosial situasjon, nemleg fire timar i eit Tupperwareselskap. Materialet i seg sjølv er ikkje frå ein langvarig kontakt. Eg har derimot hatt langvarig kontakt med dette miljøet gjennom eigen praksis som tolk i 15 år. På dette grunnlaget kan eg seia at det oppdraget som eg har studert, er eit representativt oppdrag for ein tolk sin praksis. Slik kan eg seia at størstedelen av mine data samsvarar med det inntrykket eg har av praksis innan fagfeltet. På den måten kan ein seia at eit slikt samsvar gjer studien meir truverdig. Likevel er det svært mange måtar ein tolk kan løysa ulike utfordringar på, og ein annan tolk ville truleg tatt andre val enn dei val tolken i denne situasjonen tar. Sjølv om dette var eit oppdrag i ein sosial situasjon, så trur eg mange av dei momenta som eg drøfter under også kan vera aktuelle for tolking i andre typar situasjonar.

Når ein nyttar omgrepet *validitet* i samband med kvalitative studiar kan ein seia at det handlar om ein studie kan sjåast på som *gyldig* eller *bekreftbar* (Grønmo 2004). I sosiologisk leksikon definerer ein validitet som ”*Kvaliteten til eit analyseopplegg som heilhet: I kva grad analyseopplegget gir grunnlag for å trekka sikre konklusjonar i forhold til det som er undersøkinga si problemstilling.*” (Mastekaasa 1997:339)

Sjølv om reliabiliteten er høg og me dermed har pålitelege data i ein studie, ligg det ikkje noko automatikk i at også validiteten er høg. Ein kan derimot seia at høg reliabilitet er ein føresetnad for høg validitet. Validitet handlar om datamaterialet gir svar på det ein har spurt om i problemstillinga.



Grønmo (2004) skil mellom tre typar validitet i kvalitative studiar: kompetansevaliditet, kommunikativ validitet og pragmatisk validitet. *Kompetansevaliditet* handlar om forskaren sin kompetanse på området. Validiteten kan ikkje bli høg dersom ikkje forskaren klarar å få god kontakt med intervjuobjekta, stilla relevante spørsmål og analysera materialet på ein god måte. I denne konkrete studien gjennomførte eg to intervju. I intervjuet med min døvblinde informant hadde eg god tid. Eg var nøydd til å snakka roleg slik at informanten oppfatta spørsmålet, og informanten gav ganske omfattande svar. Det gjorde at det tok litt tid å notera, og i dei pausane som kom, fekk informanten tid til å tenkja meir. Det førte til at det mange gonger kom fleire interessante poeng. I intervjuet med tolken var det i utgangspunktet satt av god tid, men tolken blei forseinka på grunn av eit anna tolkeoppdrag som trakk ut. Det gjorde truleg sitt til at dette intervjuet blei gjort raskare unna og at tolken ikkje fekk like god tid til å tenka på sine spørsmål som min døvblinde informant. Det førte truleg også til at eg ikkje fekk reflektert godt nok over svara til at eg fekk følgt opp med relevante tilleggsspørsmål. Det at det blei litt knapp tid til intervjuet med tolken, kan ha svekka kompetansevaliditeten i denne delen.

*Kommunikativ validitet* er når informantar, kollegaer eller andre ein har diskutert med, meiner materialet i studien er treffande for problemstillinga (Grønmo 2004:235). I denne prosessen har eg diskutert delar av datamaterialet med erfarne tolkekollegaer, rettleiar og andre kollegaer. I diskusjonane har det ikkje komme fram at det er spesielle svake sider eller problem med studien i forhold til det som var føremålet, noko som gjer at eg vurderer validiteten som god nok. Grønmo (2004:235) nemner også *aktørvalidering* som ein måte å testa validiteten på. Men han minner om at dette er ein metode som kan vera problematisk i forhold til at forskar og informant kan ha ulike perspektiv og interesser. Silverman (2000) åtvarar mot å nytta dette som ein metode for å testa validitet. Innanfor rammene av denne studien har eg derfor ikkje valt å bruka tid på aktørvalidering.

*Pragmatisk validitet* gjeld den nytta ein kan ha av den forkinga som er gjort (Grønmo 2004:236). I mitt tilfelle har eg hatt eit ønske om at forkinga kan vera til nytte for praksisfeltet. Eg vurderer det slik at denne oppgåva kan vera eit grunnlag for diskusjon om tolken si rolle. Eg vonar at drøftinga i kapittel fem og seks vil visa at dette er ei rolle med mange utfordringar. Eg vonar at dette kan vera både til trøst og inspirasjon for tolkar som gjer så godt dei kan i utfordrande tolkesituasjonar med mykje informasjon, høge forventningar og

ofte knapp tid. Dessutan vonar eg at noko av dette materialet kan nyttast som grunnlag i undervisning då dette er eit felt der det finst lite forskingsbasert kunnskap.

Når ein intervjuar dei menneska ein først har observert, kan dette nyttast til å sjå om ein får støtte til eigne tolkingar og observasjonar. Ein slik metodetriangulering kan gi ein studie større validitet. Silverman (2006) er ueinig i dette. Han rådar oss til å ikkje nytta metodetriangulering til å testa validitet. Sosial interaksjon er tett knytt til ein spesiell kontekst, og derfor er det vanskeleg å testa validitet ved å bruka data som stammar frå ulike kontekstar. Denzin og Lincoln meiner likevel ein skal nytta metodetriangulering for å få ”*nøyaktighet, bredde, kompleksitet og dypde til eit materiale*” (sitert i Silverman 2006:292) (mi oversetjing).

Det er samsvar mellom det tolken seier i intervjuet, og det ho gjer i tolkesituasjonen. Til dømes seier tolken at ho er opptatt av at tolkebrukaren skal få vera vertinne i eigen heim og at ho skal få tilgang til all informasjon om varene som blei demonstrert:

Intervjuar: Hadde du ein plan på forhånd? Ein strategi om korleis du, kva du skulle gjera, eller..

Tolk: Ja, eg hadde vel en liten tanke bak at hun fikk med seg det som skulle... Sånn som disse Tuppervarene. Og at HUN fikk være vertinnen i hjemmet sitt. At ikkje vi.. at ikkje vi.. at ikkje tolken skulle ta overhånd, for å si det sånn. Det, satt, det hadde eg i underbevisstheten, i forkant. Ja!

Eit anna moment når ein vurderer kvaliteten til ein studie, er forskaren sin påverknad i situasjonen. Tolken seier i intervjuet at ho var litt nervøs i starten av oppdraget mellom anna på grunn av kamera, men at ho gløymde det etter kvart. Dette var eit tolkeoppdrag som varte i fire timar, og eg trur og at ein vil tenkja mindre på at det er kamera til stade etter kvart som tida går. I tillegg fekk eg inntrykk av at når kamera stod på stativ gjorde det at folk slutta å tenka på at dei blei filma ganske raskt. Likevel skal ein ikkje sjå vekk frå at tolken innimellom gjorde eller let vera å gjera ting fordi det var kamera til stade. På slutten av oppdraget var det ein episode der tolk, tolkebrukar og observatør var ute på kjøkkenet. Tolken spurte om filmkamera var slått av. Ho ville nemleg hjelpa brukar å rydda av bordet, ”*men det gjør jo ikkje en tolk til vanlig. @@@@ @@@*”. Så det ville ho ikkje ha på film. Tolken er medviten om kva som er den offisielle rolla til ein tolk. Denne rolla inneber ikkje ulike tenester. Tolken ville likevel rydda av bordet: ”*men trenger jo ikkje akkurat komme på teip det. @@*”. Eg tenkjer at dette er eit godt døme på utfordringa tolkane ofte har i forhold til å

finna balansegangen mellom å vera ein hjelper og å *berre* vera tolk og ledsagar. Tolken ynskjer ikkje å bli filma medan ho går ut av rolla. Goffman (1974:207) skriv at det finst eit utal normer, men som ”*opptredende er hver enkelt person ikkje opptatt av det moralske problem å følge disse normene, men...å frembringe et overbevisende inntrykk av at disse normene overholdes*”. Eg tenkjer at dette gir oss viktig informasjon om korleis ein tolk ønskjer å bli framstilt overfor fagfeltet, og dette er truleg eit spanande forskingstema. Om me brukar Goffman sin terminologi, handlar dette om at tolken er ”on stage” når ho tolkar under Tupperwareselskapet og kamera går. Når kamera er slått av, gjestene har byrja å gå heim, og selskapet er i ferd med å bli avrunda, kan det virka som tolken går ”off stage”.

Ein kan tenkja seg at hendingar som aukar i omfang utover i studien, kan vera eit utslag av at forskningseffekten minkar og at det ein ser sannsynlegvis er meir representativt for korleis tolken vanlegvis arbeider. Men dette kan sjølvsagt også være eit resultat av at tolken er sliten og ikkje klarer å gjera jobben på ein optimal måte. Fire timar er lenge å jobba aleine og halda konsentrasjonen for *ein* tolk. Ofte er ein to tolkar som jobbar i lag på oppdrag over to timar fordi det ikkje er muleg å vera 100% konsentrert over så lang tid. I mitt materiale har eg undersøkt om eg kan finna eit slikt mønster. Eg fann til dømes at tolken kom med fleire personlege kommentarar den siste halvtimen. Dette ser ut til å skuldast andre ting. Til dømes kan det at selskapet var i ferd med å bli avslutta vere grunnen då også den første halvtimen var prega av mange personlege innspel frå tolken. I slike fasar kan tempoet i sosialt samvær vera rolegare, og dei personlege kommentarane frå tolken kan vera ein strategi for å markera at samhandlinga er mindre fokusert. Ei anna årsak kan vera at tolken av ein eller annan grunn var litt ute av den ”profesjonelle rolla” på desse tidspunkta.

## 4.0 Tolking i eit Tupperwareselskap

Linda er blind og sterkt tunghørt, men slik har det ikkje alltid vore. Ho blei født med god hørsel og godt syn, men familien byrja å merka at ho høyrde dårleg då ho var i konfirmasjonsalderen. I slutten av tenåra merka ho sjølv at ho også såg dårleg, og ho fekk etter kvart vita at ho hadde Usher syndrom, og etter som tida gjekk, blei hørsel og syn stadig dårlegare. Eit progredierande sansetap er ei vanleg utvikling for folk som har denne arvelege sjukdommen. Usher Syndrom er den hyppigaste årsaka til at yngre folk blir døvblinde i vestlege land (Videnscenteret for Døvblinde 2008). Linda brukte tolk første gong for om lag 15 år sidan. Etter at synet gradvis er blitt dårlegare, har ho brukt tolk oftare. Nå brukar ho tolk fleire gonger i veka. Så sant ho skal ut eit ærend, tingar ho tolk. Linda kommuniserer ved å snakka sjølv, men for å oppfatta det som blir sagt, brukar ho i denne situasjonen teknisk utstyr med ein mikrofon som forsterkar tale.

Denne kvelden har Linda tinga tolk til eit Tupperwareselskap som ho har invitert til i samarbeid med underteikna masterstudent. Tolken er godt vaksen, omtrent på same alder som Linda, og ho kjem heim til tolkebrukar ein halv time før Tupperwareselskapet skal byrja. Tolken helse på dei gjestene som allereie er komne. Linda går for å henta mikrofonen som forsterkar tale til høyreapparatet, og i mellomtida pratar tolken med gjestene om den nyoppussa stova til tolkebrukar. Når Linda kjem tilbake, spør ho kva side det er best at tolken sit på. Tolken svarer at ho pleier å sitja på venstre side. Diskusjonen blir avbroten av telefonen som ringer. Etter telefonsamtalen sitt Linda i salongen med tolken og dei tre gjestene som allereie er komne. Dei snakkar saman om ein av gjestene sin sjukdom, og tolkebrukar fortel om eit pussig møte ho har hatt med ein gamal skulekamerat. Tolken følgjer med i samtalen. Ho smiler og ler og kjem med enkle ytringar som "Ja", "Veldig!" og "Gu!". I tillegg kjem ho med eit forslag om kor Tupperwarekonsulentent kan parkera bilen. Medan dei andre snakkar saman les ho litt på eit ark om observasjonsstudien, medan ho samtidig ser ut til å følgja med i det som skjer. Tolken ber gjestene snakka direkte mot mikrofonen ved å seia det eller peika på han. Ved eit tilfelle får ikkje ein av gjestene respons på det ho seier til tolkebrukar. Tolken oppfattar straks dette og gjentar då kommentaren til Linda som eit spørsmål. Tolken har ei tydeleg og litt mørk stemme. Ho snakkar roleg og velartikulert når ho snakkar i mikrofonen.

Når Tupperwarekonsulentent kjem, strekk tolken handa ut til gjesten som snakkar i mikrofonen og seier til tolkebrukar at Tupperware kjem. Linda gjer teikn til å reisa seg, og

tolken ledsagar henne ut på golvet. Dei helse på dama som skal ha demonstrasjonen og følgjer henne bort til spisebordet der ho skal stilla opp produkta som skal visast. Tolke og tolkebrukar blir ståande ved bordet i ca 25 minuttar medan produkta blir pakka ut. Tolken beskriv varene som blir sett fram, ho gjentar det som konsulentent seier, og ho kjem nokre gonger med personlege kommentarar om produkta. Tolken nyttar ofte Linda sitt namn. Ho seier til dømes "Linda, hvis du kjenner her" og "Ikkje mykje plass igjen nå, Linda". Når ho gjentar det konsulentent seier, føyer ho ofte til "sier hun". Ho beskriv ei skål og gir til Linda slik at ho får kjenna på henne. Ein gonger nyttar tolken ledig tid til å fortelja diskusjonen om Linda sine nye gardiner som oppsto medan Linda var ute og henta mikrofonen.

Linda spør om ho skal kjenna på produkta etterpå. Tolken seier muntert at det er Linda sitt val og at tolken berre er med. Dei blir ståande ved spisebordet. Medan tolken og Linda står borte ved demonstrasjonsbordet, sitt dei andre gjestene i salongen og snakkar saman. Dei diskuterer mellom anna korleis dei blei kjent med Linda, og det kjem opp nokre forteljingar om ting dei har opplevd i samband med sitt kjennskap til Linda. Lite av det som blir snakka om i sofakroken når fram til Linda. Tre gonger byrjar tolken å formidla deler av samtalen som går i salongen. Linda tar ikkje initiativ til å setja seg saman med dei andre eller delta i samtalen. Ein gong skifter ho emne og spør tolken om dei siste gjestene er komne.

Når alle gjestene er komne, seier Linda at dei kan starta. Tolken beskriv ved hjelp av haptiske signal og stemme kor gjestene har plassert seg. Tolken spør konsulentent om ho kan senda produkta rundt, så Linda får kjenna på dei. Under demonstrasjonen snakkar konsulentent i mikrofonen. Tolken følgjer med i det som skjer og gir teikn dersom Linda ikkje høyrer, dersom nokon gløymer å snakka i mikrofonen eller dersom noko må bli sagt om igjen. Ho gjentar også det som dei andre gjestene seier eller gjer. Dersom ho ser at det som Linda seier eller spør om ikkje blir høyrte, kan ho til dømes seia: "Linda spør om ho kan vaska han i maskinen." Under denne seansen har tolken berre to-tre personlege ytringar. Ho seier til dømes at eggedelaren er "veldig stilig" og at ho har ein slik sjølv. Konsulentent gir ulike produkt til tolken som gir det vidare til Linda. Tolken tar Linda si hand og viser korleis dei ulike produkta kan nyttast og gjentar forklaringane som er blitt gitt om dei ulike produkta.

Etter demonstrasjonen går gjestene bort for å sjå på dei ulike produkta som er stilt ut på bordet. Tolken kommenterer lysestakane på salongbordet og seier at Linda har fått det så koseleg. Tolken og Linda blir sitjande igjen i sofaen ei lita stund før tolken spør om Linda

også vil gå bort og sjå på produkta. Tolken tar då ulike produkt fram som ho beskriv for Linda. Innimellom beskriv ho også kva dei andre seier, gjer eller ser på. Tolken og Linda har fysisk kontakt mykje av tida. Linda held tolken i albuen, dei står tett inntil kvarandre eller så held tolken ei hand på skuldra til Linda. Dersom tolken lurar på kva noko er eller treng å få gjentatt det som blei sagt, spør ho ein av gjestene eller konsulenten om det.

Etter kvart går dei andre gjestene tilbake til salongen og byrjar å forsyne seg med rundstykke og kake som står på bordet. Dei snakkar mellom anna om ungar, julepresangar, utdanning og kunstneriske evner medan Linda og tolken blir ståande igjen ved spisebordet saman med konsulenten i ytterlegare ti minuttar. Så spør Linda om dei andre har sett seg ned, og om det er kaffikopp til konsulenten. Linda hentar ein kopp, og så set dei seg ned med dei andre. Tolken beskriv kor dei andre gjestene sitt, kva dei gjer og kva pålegg som er på rundstykkene. Ho tolkar kva dei andre gjestene snakkar om, og ho prøver innimellom å få ete litt sjølv også. Når konsulenten vil diskutera varelevering med Linda, rekk tolken henne mikrofonen. Medan konsulenten og Linda snakkar saman, lener tolken seg inntil Linda. Slik sitt ho og ser høvesvis på Linda og konsulenten medan dei to snakkar saman.

Linda mistar noko på golvet, og ho bøyer seg ned og kjenner etter. Tolken bøyer seg også ned mot golvet og seier: "Linda, eg skal ta det opp eg. Det var brunost." Linda snakkar saman med ein av dei andre gjestene om bestillinga, og så spør ho tolken om det er noko meir å sjå på borte på bordet. Tolken ledsagar Linda bort til demonstrasjonsbordet og beskriv ulike varer. Linda er interessert i ei bakebolle og seier til tolken: "Spør kva denne kostar!" Tolken går bort til salongbordet og spør. Konsulenten reiser seg og blir med bort til det andre bordet. Dei snakkar litt om ei bakebolle og ein sprutepose. Tolken spør kva spruteposen kostar og tolkar det så til Linda. Linda spør om ho ikkje har sett det meste, og om ikkje tolken skal kjøpa noko. Tolken seier at ho ikkje har lov til å kjøpa noko når ho er på jobb. Når dei kjem tilbake i salongen seier Linda til dei andre at den største bakebollen berre kostar 299 kroner. Ein av dei andre gjestene fortel at ho skal setja deig til julebrød i si bakebolle neste dag.

To av gjestene seier dei må tenkja på heimturen, tar farvel og seier dei finn vegen ut sjølv. Tolken seier det står kake på bordet. Linda seier at ho trur studenten har gløymd kaka. Tolken gjentar at kaka står på bordet og at A seier at ho er herleg. Tolken spør om ho skal skjera eit stykke til Linda. Tolken seier at ho tar eit stykke til seg sjølv også. Ho tolkar ein samtale om pepperkakebaking, beskriv at det står brus på bordet, at B ler og at konsulenten spør om ho

kan rydda vekk varene. Linda gir i denne perioden av og til uttrykk for at tolken må gjenta det som er blitt sagt. B kjem bort for å betala varene til Linda, og tolken flyttar seg. Tolken går bort og handlar litt. B fortel Linda at tolken er borte og handlar, og tolken kjem tilbake og seier at ho ikkje klarte å la vere. Tolken set seg ved sida av Linda att, og A og N seier at det er på tide å gå. A, E og Linda snakkar litt saman før dei går. Tolken tolkar det som A og E seier. Tolken spør Linda om det har gått greit denne kvelden. Linda svarar ”du tolket og tolket”, og tolken seier at joda, ho har nå prøvd. Denne diskusjonen blir avslutta når ein av gjestene seier at Linda også burde ha tolk i familieselskap. Linda seier muntert at det pleier å vera ein hummarfest før jul og at tolkane sikkert vil stå i kø når dei høyrer det. E seier at ho har høyrte at hummaren skal bli freda på grunn av tjuvfiske. Tolken gir henne mikrofonen og E seier det ein gong til. E merker at Linda ikkje oppfattar det ho seier. Ho kommenterer at ho kan sjå på augene til Linda når ho ikkje høyrer. Tolken følgjer opp dette og seier at også ho kan sjå det med ein gong når Linda ikkje høyrer. Tolken får mikrofonen, og ho gjentar at hummaren skal bli freda på grunn av tjuvfiske. Linda seier at det stemmer, men det er lov i år. A og N klemmer Linda før dei går.

Tolken seier til Linda at dei to skal vera saman på onsdag, så då kan ho betala varene. Linda spør om ho har kjøpt noko likevel. Tolken ler og seier at ho lurte seg til. Linda seier at dette var triveleg og spør studenten om ho har fått noko ut av det. Studenten fortel at ho tenkte å invitera dei som er interesserte til å få høyra kva ho har fått ut av det når oppgåva er ferdig. Nå er det berre studenten, ein gjest, tolken, Linda og konsulenten som er att. Dei snakkar litt saman om studium, ver og vind, medan konsulenten ryddar i bakgrunnen. Når konsulenten vil takke for seg, rekk tolken fram mikrofonen og ber henne prøva sjølv. Konsulenten seier at ho har kost seg og at ho skjønner ho har vore med på eit pilotprosjekt. Linda spør om ho har fått meir forståing for korleis det er å vera døv. Konsulenten stadfester dette. Linda reiser seg, og tolken ledsagar henne ut på golvet. Tolken beskriv innhaldet i ei brosjyre, og Linda seier at dei må ha selskap igjen snart. Konsulenten seier at ho ikkje er lengre vekk enn ein telefon, så finn ho fram ei kaffikanne som Linda har kjøpt og forklarar korleis ho verkar.

Studenten og Linda diskuterer kva dei skal gjera med all maten som står igjen, og dei går ut på kjøkkenet for å finna plastfolie. På kjøkkenet spør tolken studenten om kamera er slått av. Tolken fortel Linda at ho tenkte ho skulle hjelpa å ta av bordet, men det skal jo ikkje ein tolk gjera til vanleg. Så det treng ikkje komma på film, seier tolken og ler godt. Studenten skruv av kamera, og tolken seier: ”nå kan vi rydde”.

## 5.0 Det personlege i tolkeoppdraget

### 5.1 Innleiing

Me som er tolkar for døvblinde opplever ofte at døvblinde spør oss direkte om små og store personlege ting. Det kan vera spørsmål om kva me synest i ei politisk sak, kva me har gjort i helga eller om me har tenkt å gifta oss snart. Ein del døvblinde føretrekk å bruka eit fåtal tolkar som dei kjenner. Det kan derfor henda at det er den same tolken som er med ein tolkebrukar både til legen, i familieselskap, på ferie, i butikken, på julebord og på kurs. Tolken har derfor kjennskap til mange private forhold i denne tolkebrukaren sitt liv. Er det då urimeleg dersom tolkebrukaren også ønskjer å vita noko om tolken som dei tilbringer så mange timar med? Kan det til dømes forståast som eit forsøk på utjamning av maktforholdet mellom dei? Sjølv om tolken fortel at ho er frå Lillestrøm, er gift og har to barn, så seier denne informasjonen likevel svært lite om tolken som person.

I kommunikasjonsteori hevdar ein at så mykje som 80% av kommunikasjonen er non-verbal (Dalum 1997:18). Den non-verbale kommunikasjonen er det vanskeleg for døvblinde å få tak i. I tillegg er det slik at ein del av den non-verbale informasjonen me *avgir* ikkje alltid er tilgjengeleg for oss sjølv heller (Svennevig 2001:46). Goffman (1974) meiner at den beste måten å forstå identitet på, er å studera menneske sine rollespel i ulike situasjonar. Denne mulegheita er svært avgrensa for menneske som ikkje høyrer og ser. Som tolkebrukaren i denne studien seier:

...En person eg aldri har sett. Og eg hilser på den personen. Kanskje tolken forteller: Ja, hun var lys og.. Nei.. Samme, hun beskriver personen. Men får jo aldri.. (3.0) Altså, du gjør deg jo alltid opp en mening om kordan den personen er.. hvis du ser og hører normalt, sant? Du oppfatter.. Enten liker du personen eller så liker du han ikkje eller sånn, sant? Eller han var lett å prate med eller vanskelig å prate med@@. Du gjør deg alltid opp en mening. Men når en tolk beskriver personen får ikkje, oppfatter ikkje det. Det blir overfladisk. Eg får liksom ikkje gjort meg opp min mening. Likte personen eller gjorde eg det ikkje?

Ein døvblind tolkebrukar kan få noko inntrykk av kven tolken er gjennom tolkinga og måten tolken ordlegg seg på. Dersom døvblinde har syns- eller hørselsrest kan vedkommande kanskje få litt kjennskap til tolken gjennom å sjå tolken eller høyra stemma. Dei som brukar taktil kommunikasjonsform kan truleg kjenna på hendene om tolken er nervøs, irritert eller avslappa. Likevel er det meste av tolken sin personlegdom skjult for den døvblinde tolkebrukaren.



Det å vera personleg i tolkerolla, handlar også om andre ting. Det kan til dømes vera ein strategi tolken nyttar for å skapa tryggleik i tolkesituasjonen (Nesse mfl. 2006:116) eller for å bygga relasjon til tolkebrukar. Ein tolk vil påverka situasjonen berre ved å vera til stades, og då kan kanskje ein *fagpersonleg* (Leenderts 2000) tolk påverka på ein måte som fremmar samhandling og flyt i samtalen. Sosiale situasjonar krev kanskje meir engasjement frå tolken, men eit for tett forhold mellom tolk og tolkebrukar er heller ikkje bra. Det kan føra til at tolken ikkje står fram som upartisk, og det kan og hemma samhandling med andre partar i kommunikasjonen. I dette kapittelet vil eg med utgangspunkt i datamaterialet mitt drøfta mulege konsekvensar av ein personleg praksis.

## 5.2 Meir personlege tolkar

Under førearbeidet til denne studien snakka eg med tre tolkebrukarar om det å bruka tolk i ein sosial samanheng<sup>12</sup>. Ein av dei tinga som kom fram, utan at eg hadde brakt det på bane, var at dei ønskjer seg tolkar som er mindre ”maskinar”. Også tolkebrukaren i mi studie syns det er problematisk at tolkane er så ”offentlege”:

- Linda: Ja, men samtidig så er jo de ansatt som en... De skal jo ikke bli venninne med den døvblinde... Dokker er jo en sånn offentlig person som skal være ledsager. Skal ikke komme.... Skal ikke komme nært innpå en person. Eller den døvblinde skal jo ikke gjøre seg avhengig av *en* person. Det forstår eg jo det.
- Intervjuar: Er det bra eller er det ikke bra at det er sånn?
- Linda: Eg syns det er betre å være sånn... å kjenne den tolken sånn at en kan snakke om alt mulig. Ikkje bare sånn... tolking, sånn... @@ Det er liksom T eg kan snakke med. Men de andre tolkene som eg bruker det er sånne offentlige personer. Som kommer klokken 10 og går klokken 12. @
- Intervjuar: Ja. Skulle du ønska at de var mindre offentlege?
- Linda: Ja! (8.0) Kan jo sammenlikne dokker med hjemmesykepleien som min mor har hatt. De kommer og steller hun og så går de igjen. **Stadig** kommer det nye. Det virker som de skifter på det for at de gamle ikke skal bli for mye kjent. De har ikke lov å snakke om alt mulig eller snakke om andre gamle til... Det har de ikke lov til. Eg tror.. tolkene har sikkert fått same opplæring. Det skal ikke være nokon sånne personlige samtaler. Dere skal være nøytrale. (11.0) Så eg forstår jo det, men samtidig så savner eg det å prate fortrolig. Det oppstår jo alltid noe som eg har lyst å prate om, og så har eg ikke lov til å prate med de om det, og det syns eg er et problem. @

---

<sup>12</sup> Møte med LSHDB 22. november 2007.

Dette er eit dilemma som tolkar og lærarar på tolkeutdanninga ofte møter. Eg har sjølv erfaring med at tolkestudentar har lett for å gå inn i ei rolle som døvblinde sin samtalepartnar eller rettleiar slik at det går ut over rolla som tolk og ledsagar. Rettleiarar i praksis vil derfor køyra eit forholdsvis strengt regime på at studentane skal halda seg til å tolka, ledsaga og beskriva. Fokuset er på at studentane skal tolka og beskriva det som skjer på ein objektiv måte framfor å komma med personlege ytringar. Dette kan få enkelte rigide og svært firkanta utslag. Det er ikkje nødvendigvis ei motsetning at ein i utdanninga har eit slikt fokus, sjølv om ein erfaren tolk veit at det å kunna gi tolken sine meir personlege sider større plass kan virka positivt inn i tolkesituasjonen. Etter kvart som studentane går frå skulebenken og ut i praksis som faglærte tolkar, vil dei truleg forma tolkerolla til å bli meir fleksibel etter kvart som dei får erfaring med praksis. Men det kan kanskje likevel vera på sin plass at fagfeltet spør seg sjølv: Er me for rigide i forhold til å sleppa til ei meir personleg utgåve av oss sjølv i rolla som tolk for døvblinde?

Cor van der Ljikce (2008) ville kanskje svart ja på dette spørsmålet. Cor er sjølv ein døvblind tolkebrukar. I eit lesarinnlegg i Tolkeavisa fortel han frå eit kurs på Eikholt (nasjonalt ressurscenter for døvblinde). Der hadde han snakka med ein tolk som hadde fortalt at ho ikkje pleidde å helsa på andre tolkebrukarar enn den ho sjølv tolka for. I følge Ljike kunne denne tolken heller ikkje forstå at det var nødvendig å beskriva kva for ein tolk som satt på sida av den tolkebrukaren ein tolka for. Ljike blei skuffa og frustrert. Han meiner at ein slik praksis gjer at folk blir usikre og utrygge, og han spør om det er grunnlag for ein slik haldning i tolkane sine etiske retningslinjer.

### **5.3 Kvifor er tolken personleg?**

Det eg blei mest overraska over i denne studien, var at tolken kom med ein del personlege kommentarar. Det er ikkje uvanleg at tolkane kjem med eigne synspunkt på ting, men eg har ikkje tidlegare hatt inntrykk av at det er blitt gjort i den grad som her. Dette kan ha vore avhengig av denne spesielle situasjonen, det kan ha vore denne tolken sin stil, eller det kan vera uttrykk for ein utviklingstrend – eller kanskje ei blanding av alle desse tre.

Kva grunnar kan det vera til at tolken er personleg? Det kan til dømes vera at ho lever opp til forventningane som blir retta mot henne, at ho gløymer tolkerolla, at ho har ei eiga interesse av det, for å ufarleggjera seg sjølv, for å fylla pinlege pausar eller for å vera hyggeleg mot folk som er til stades. Når ein tolk og ledsagar er på jobb og skal vurderer kor personleg ho kan

vera, så krev dette erkjenning og eit høgt etisk og fagleg refleksjonsnivå. Diskusjonen om den ”nøytrale” eller ”usynlege” tolken har vore viktig fordi me kjenner historia kor dei som fungerte som tolkar blanda seg inn i avgjerder og fungerte som part i saken. Ein tommelfingerregel blir derfor at om ein skal komma med personlege utspel, så bør ein ha ei fagleg grunngjeving for dette. Slike grunngjevingar kan til dømes vera at ein meir personleg tolk kan jamna ut maktforholdet mellom tolk og brukar eller skapa meir tryggleik i ein sosial situasjon. Slik kan ein hindra at det å vera personleg ikkje fører til at tolken (meir eller mindre medvite) manipulerer ein situasjon eller skaffar seg urettmessige fordelar. Til dømes kan ein meir personleg tolk ufarleggjera ein situasjon der ein tolk kan oppfattast som eit framandelement, til dømes i eit Tupperwareselskap.

Torborg Aalen Leenderts (2000) har skrive om livsverdiar i offentleg omsorg. Sjølv om dette er ei bok som først og fremst er skriven for sosialarbeidarar og sjukepleiarar, er det mykje i denne boka som også kan vera relevant for tolkar. Leenderts peikar på at i samband med profesjonaliseringa av omsorgsyрка, flytta ein fokus vekk frå eit arbeid som var eit ”kall” og forankra i livssyn og over til ein tradisjon der måla var fagleg objektivitet og nøytralitet. Leenderts trur at tida nå er moden for å sleppa til det ho kallar for ein *fagpersonleg* profesjonalitet. Det vil seia ei kopling av dei verdiar og kunnskapar som er felles for eit fagfelt saman med den enkelte fagperson sin intuisjon og evne til innleving. Tolkane sitt fokus på å vera nøytrale og usynlege kan ha vore viktig i ein periode kor ein skulle etablere yrket som ein profesjon. Nå er kanskje tida inne for sleppa til det fagpersonlege eller ein *personleg profesjonalitet* (Røkenes og Hanssen 2002:224) også for tolkar?

Det å bruka den personlege sida av seg sjølv kan også vera ein metode for å bli kjent med eller bygga ein relasjon til ein ny tolkebrukar. Toury (sitert i Wadensjö 1998:35) meiner at tolken først og fremst må vera flink til å ”*oppfylle ei sosial rolle*”. Dette gjer ho i følgje Toury ved å oversetta på ein måte som er sosialt akseptert i det samfunnet der oversettinga er meint å fungera. Om me tolkar Toury litt vidt og ser vår tolk i Tupperwareselskapet i lys av denne teorien, kan ein seia at tolken sin praksis truleg har gått inn i ei rolle som passar i denne samanhengen.

Slik sett kan ein og tenkja seg at kva måte ein brukar seg sjølv på vil variera avhengig av kva type oppdrag det er og lengda på oppdraget. Til dømes i ein sosial situasjon som her, vil det truleg vera meir naturleg for tolken å vera personleg enn på eit meir formelt møte eller på eit

legekantor. På same måte kan ein tenkja seg at dersom tolken skal tolka på same stad over lang tid, så vil tolkebrukarane etter kvart bli vande med at tolken er til stades. Ho treng ikkje bruka seg sjølv på same måte for å skapa tryggleik. På den andre sida vil ho bli betre kjent med deltakarane i situasjonen, og på den måten kan det derfor kjennast naturleg å ha direkte kontakt. I det ligg igjen ei fare for at den naturlege samhandlinga kan gå ut over jobben som tolk.

#### **5.4 Ikkje part i situasjonen**

I følge Tolkeforbundet sine etiske retningslinjer (jfr. avsnitt 2.3.2) skal tolken ikkje delta som part i situasjonen. Kva tyder det så å vera part i situasjonen i dette tolkeoppdraget i Tupperwareselskap? Når tolken brukte nokre få minuttar til å handla varer til seg sjølv, medan tolkebrukar var opptatt med å snakka med studenten, var ho då part i situasjonen? Eller kan me sjå det slik at ho hadde ein liten pause i tolkinga, og at ho då var fri til å gjera det ho ville? Kva når tolken i starten av oppdraget kommenterer Tupperware sin eggedelar på denne måten: *”En sånn der kjøpte eg og den er bare helt utrolig.”* Er ho då part i situasjonen eller kan det til dømes sjåast på som eit personleg innspel for å mjuka opp stemninga for konsulenten? Eriksson og Johansson (2007:61) skriv at tolken skal etterstreva ei objektiv beskriving, men at ein skal ta omsyn til brukarane sine ønskje.

Kermit (2002) skriv at prinsippet om å vera ein upartisk tolk handlar om tre ting: tolken skal ikkje vera ein del av samtalen eller komma med eigne synspunkt, tolken må også passa på at eigne haldningar ikkje kjem fram gjennom val av ord eller non-verbal kommunikasjon, og tolken skal heller ta parti for nokon av partane. Kommentaren om eggedelaren kan sjåast som eit brot på alle desse tre punkta. Likevel kan ein kanskje tenkja at det ikkje var så alvorleg at tolken gjekk ut av yrkesrolla her og meir inn i ei rolle som gjest kor ho kom med sine personlege vurderingar. Det er ikkje utenkjeleg at tolken faktisk kunne vore gjest i dette Tupperwareselskapet, og då ville det vore heilt greitt å komma med slike kommentarar. Hadde ho derimot vore med som tolk hjå legen eller i eit arveoppgjer i ein familie, ville ei slik type innblanding truleg blitt vurdert som meir uetisk og problematisk. Dahl (1996) påpeikar at tolken som person blir meir synleg i sosiale situasjonar, og ho meiner at dette bør få nokon konsekvensar. Kanskje tolken si rolle skal praktiserast på ein annan måte i uformelle, sosiale situasjonar enn i andre typar tolkeoppdrag?

Prinsippet om å vera upartisk, blir og ofte kalla å vera *nøytral*. Leenderts (2000) meiner at dette er eit problematisk omgrep fordi me ofte forstår ulike ting med det, men me nyttar det likevel utan å definera det. Leenderts trur uansett at det ikkje er muleg å vera nøytral. Det handlar heller om ein *intensjon* om å ha ei ikkje dirigerande haldning og å visa respekt for andre sin integritet og eigenart og deira rett til sjølv å bestemma. Baker-Shenk (sitert i Metzger 1999:24) er viss på at det ikkje finnes noko slikt som ein nøytral tolk, og at tolkane derfor må vita kva innverknad dei har på tolkesituasjonar slik at dei kan ta ansvarlege val. Kva som er eit ansvarleg val vil variera i forhold til situasjon og person, og Humphrey (1999) foreslår at tolkane lagar sin personlege modell for korleis ein skal ta etiske val. Teologen og filosofen Løgstrup (1999) hevdar at me alltid har noko av andre personar sine liv i vår hender. Me er utlevert til kvarandre, og på den måten har me også makt over kvarandre, skriv han. Løgstrup seier at *den etiske fordring* derfor blir å ta dette ansvaret slik at ein kan påverka andre sitt humør, andre sin dag eller nokon gonger heile livet på ein måte som er til den andre sitt beste. Den etiske fordring seier derimot ikkje *korleis* dette skal gjerast, men det krev forstand, fantasi og empati, i følgje Løgstrup. Om me går tilbake til tolken sin personlege kommentar om eggedelaren, kan ein her sjå det personlege som eit medvite og ansvarleg val for å få fram ei akseptierende haldning i ein situasjon. Raanes (1997) legg vekt på at tolken må ønskja å bli akseptert av tolkebrukarane i tillegg til at ho sjølv visar ei positiv innstilling til situasjonen og personane. Tolken er den personen i Tupperwareselskapet som har mest erfaring frå tilsvarande situasjonar. På denne måten har ho noko av tolkebrukaren, gjestene og konsulenten sitt liv i sine hender. Til dømes kunne tolken sin positive kommentar om eggedelaren føra til at konsulenten får ei kjensle av aksept for seg og sine varer. Det igjen kan bidra til at konsulenten kjenner seg komfortabel i situasjonen sjølv om det er ein uvant situasjon med ein tolk og ein døvblind tolkebrukar til stades.

Tolken i denne studien var også merksam og empatisk i forhold til dei tema som gjestene snakka om. Ho demonstrerte med kroppsspråk og kommentarar som "*Nei*", "*Syns du det?*" og "*Så flink du er!*" at ho følgde med i samtalen, og ho viste med latter eller mimikk sine kjensler i forhold til tema som blei diskutert. Ved hjelp av latter kan ein visa at ein aksepterer og sett pris på ei spøkefull ytring (Goffman 1981:53). Wadensjø (1998:56) meiner at *engasjert interesse* frå tolken ser ut til å stimulera tolkebrukarane sitt utbytte av samtalen. Dersom tolken derimot viser ei uengasjert haldning, kan det påverka samtalen negativt.

Melanie Metzger (1999) hevdar i si bok om teiknspråktolking, "Deconstructing the Myth of Neutrality", at nøytralitet er ein utopi, då tolken berre ved å vera til stades påverkar situasjonen. Collins mfl. (2004) refererer til ei undersøking som visar at tolken deltek i situasjonen ved å gjera ein del andre ting i tillegg til å tolka. Tolken i denne studien stiller også oppklarande spørsmål til dei andre deltakarane dersom det er noko ho lurar på. Til dømes spør ho konsulenten: "Er det sånn til krydder dette?" Ho koordinerer også samtalen på den måten at ho leverer mikrofonen til den som skal snakka, ber folk gjenta eller venta. Wadensjø (1998) erfarer også at tolken har ansvar for å samordna i tillegg til å tolka. I eit slikt perspektiv er også tolken i Tupperwareselskapet ein deltakar i situasjonen på denne måten: ho seier kven som snakkar, forklarar korleis produkta blir brukt og repeterer det som ho merker ikkje blir oppfatta. I motsetning til ein teiknspråktolk si oppgåve er beskriving ein stor og svært viktig del av døvblindetolken sin jobb.

Olesen og Jansbøl (2005b:34) viser til eit døme frå *Det nordiske prosjekt*. Ho meiner det er best å handla saman med kontaktpersonen, for denne kan ta fram ting frå butikkhyllene og visa henne. Då skjønar butikkpersonalet at ho er døvblind og har med seg ein assistent. Tolken derimot er berre ein nøytral oversettar, og då fungerer det ikkje like bra. Dei tilsette i butikken blir usikre, og tolkebrukaren seier ho blir stressa. Eg håper at dette er eit døme som ikkje er representativt for døvblindetolken sin praksis. Ei forståing av nøytralitet som tilseier at ikkje tolken kan ta ned ting frå butikkhyllene, tenkjer eg er ei innsnevring av tolken si oppgåve som det ikkje er dekning for. Det å få komma nær og ta på det som tolken beskriv, kan gi tolkebrukaren eit mykje meir komplett bilde enn det mange ord kan seia (Raanes 1997, Raanes 2001a:5).

Nøytralitet kan også nyttast som eit forsvar mot å involvera seg. Ein ønskjer eller klarer ikkje å involvera seg, og ein nyttar nøytralitetsidealet som grunngeving. Dersom ein vil gjera ein optimal tolkejobb, kan ei slik handtering og bruk av nøytralitetsomgrepet vera ei hindring. Sett på ein annan måte kan dette derimot vera ein akseptabel strategi om ein treng eit "forsvar" og har bruk for å halda avstand i ein situasjon. Leenderts (2000) minner om at ei fagpersonleg tilnærming i ein profesjon må ha høgde for at me utformar ei slik rolle på ulik måte.

## 5.5 Tolken som kulturinformant

Ein person som ikkje høyrer og ser står i stor fare for å gå glipp av endringar som skjer i samfunnet over tid. Desse endringane går så gradvis at me tenkjer kanskje ikkje over dei, og dermed heller ikkje på at dette er noko som er viktig å beskriva for døvblinde tolkebrukarar.

I dei yrkesetiske retningslinjene til framandspråktolkane står det at tolken ikkje har nokon funksjon som kulturinformant (Jareg og Pettersen 2006). Det er derimot delte meiningar om dette i fagmiljøa både for framandspråktolkar og tolkar for døve og døvblinde. Med utgangspunkt i situasjonen eg har observert, kan me spørja: Har tolkebrukaren erfaring med ein slik situasjon frå tidlegare? Skal tolken fortelja om kva som vanlegvis skjer i eit Tupperwareselskap? Er det i så fall å vera personleg eller kan det sjåast på som å vera ein kulturinformant? Eller er det til dømes berre å vera aktiv i tolkerolla? Under har eg tatt med eit døme som kanskje kan forståast som om Linda spør etter informasjon om korleis eit Tupperwareselskap eigentleg går føre seg. Det er om lag fem minuttar sidan Tupperware-konsulenten kom, og tolken og Linda står ved demonstrasjonsbordet og ser på at ho pakker ut.

<p>L: Åja? L: Skal eg kjenne på de etterpå? (L held i ei skål.) W: Skåler vi kaller for prisme L: Kor skjønn de var!</p> <p>(2.0) L: Tja...</p> <p>L: Ja... De må se på de andre og.</p> <p>L: Vet ikkje... Skal hun demonstrere og då kjenner vi på di?</p> <p>W: Og eg er heldig å bli invitert</p>	<p>T: Og så setter hun ut mange forskjellige, litt fine, ser faktisk ut som det er glass, men de er røde skåler i forskjellige størrelser.</p> <p>(T tar en skål og gir til L.) T: Ser nesten ut som det er glass. Og der er forskjellige sorter.</p> <p>T: De kaller skålene for Prisme, sier hun. Ser nesten ut som det er glass. Der er forskjellige sorter. T: Vet ikkje kordan du... Vil du se på tingene til å begynne med eller?</p> <p>T: Eller skal vi bare vente no og se kva hun setter fram her? Om hun har noe som frister.</p> <p>T: Jada. Jada.</p> <p>T: Helt i orden. Du som har valget, eg er bare med.@@@ (T blir stående. Tar ikkje initiativ til å gå.) T: Hun er heldig å bli invitert.</p>
---	---

Tolken beskriv kva konsulentten sett fram av varer, og Linda spør om ho skal kjenna på varene etterpå. Tolken gir Linda ei skål, og konsulentten seier at dei kallar desse skålene for prisme. Tolken spør om Linda vil sjå på tinga nå til å begynna med, og Linda verkar litt usikker. Tolken gir då eit alternativ: at dei kan venta og sjå kva ho sett fram. Så understrekar ho at det er Linda sitt val, og at ho berre er med. Konsulentten tilføyer at ho er heldig som er invitert.

Nokre få minuttar etter denne episoden, viser datamaterialet ei liknande ordveksling:

<p>L: Når hun er ferdig... Kor tid skal vi? Kanskje demonstrere litt og så tar vi kaffe og sånn.  W: Ja, men det gjør vi. Hvis det passer så gjør vi det sånn.</p> <p>L: Det er bare et forslag.  W: Ja! Eg er med!</p> <p>L: Skal B, når hun er ferdig å legge opp, snakke om hvorfor hun vil ta bilde av oss?</p>	<p>T: Hvis det passer best, så gjør vi det sånn.</p> <p>T: Eg er med, sier hun.</p> <p>T: Nå kommer B på din høyre side.  (T gir mikrofonen til B.)</p>
---	---

Linda omtaler konsulentten i tredje person når ho spør om korleis dette skal leggst opp. Konsulentten svarer direkte til Linda og seier at om det passer så gjer me det sånn. Når tolken gjentar, er det blitt endra til: om det passer **best** så gjør me det sånn. Linda seier at det berre er eit forslag, og konsulentten seier at ho er med. Linda spør så om studenten skal informera om kvifor ho er til stades etterpå, og tolken beskriv at studenten kjem på Linda si høgre side og gir mikrofonen til studenten.

Ein tolk har plikt til å informera om rolla si, og dersom ein prøver ut ei meir aktiv rolle enn det som er vanleg, tenkjer eg at det kan vera lurt å diskutera dette med den døvblinde tolkebrukaren. På den måten kan vedkommande få informasjon om at det som tolken nå gjer kanskje ikkje er vanleg for alle tolkar, og slik kan også døvblinde få høve til å vera aktivt med på å utvikla fagfeltet.



## **5.6 Andre konsekvensar av ein meir personleg tolk**

Tolken kan i dag lett bli oppfatta som den døvblinde sin, framfor ein tolk som er der for alle partar. Tolken har ofte møtt den døvblinde tolkebrukaren heime, dei kjem saman til staden der tolkinga skal skje, og dei har ofte fysisk kontakt gjennom heile tolkeoppdraget. Dersom dei i tillegg opptrer som venn(inn)er som tullar og tøysar, er det endå større sjanse for at dei andre tolkebrukarane vil oppfatta dette som ein tolk som først og fremst tilhøyrrer den døvblinde. Nærleik og venskap med tolken kan opplevast som viktig, men det kan også føra til at tolken sin profesjonalitet blir utydeleg (Dahl 1996:139). Humprey (1999) meiner det er nødvendig at teiknspråktolkar opptrer på ein måte som gjer at høyrande klientar stoler på at tolken er upartisk. Rolla til døvblindetolken er i denne samanhengen ikkje så ulik teiknspråktolken si rolle. Slik sett er det truleg ein fordel om døvblindetolkane har den same haldninga.

Eit slikt samband mellom tolk og tolkebrukar kan gjera at tolkebrukaren finn det tryggare eller enklare å vera i interaksjon med tolken enn dei andre i ein sosial situasjon. Eit liknande døme er frå ein klasseromsstudie av opplæring for døve elevar (Ohna mfl. 2003:277). Studien visar at tolkemedierte samtalar i klassen kan føra til at tolken og den døve eleven *”utviklar ein eigen diskurs som går ”utanpå” klasseromdiskursen”*. Forskarane i denne undersøkinga meiner at dette skapar ein form for deltakarasymmetri som er problematisk i eit inkluderingsperspektiv. På ein slik måte blir tolken ein barriere for kontakt heller enn eit verktøy for kontakt og tolkerolla kan byrja å likna meir på andre roller i velferdssamfunnet, til dømes støttekontakten si rolle.

I mitt datamateriale ser eg at tolkebrukaren ofte snakkar til tolken. Det er ikkje lett for tolken å vita om dette er noko som er eit direkte spørsmål til tolken eller om det er noko som er meint skal tolkast vidare. Linda sin tolk vel å løysa det på ulike måtar, nokon gonger svarer tolken sjølv, og andre gongar sender ho spørsmålet vidare. Til dømes spør Linda: *”Er det nok lys i taket?”* og tolken sender spørsmålet vidare til observatøren. Ein annan gong spør Linda kva mandelkverna kostar, og tolken seier: *”Får spørje W.”*, så stiller ho spørsmålet til konsulenten. Når det er spørsmål som etterspør eit beskrivande svar, er det som oftast tolken sjølv som svarar. Tolkebrukaren spør etter informasjon som ho ikkje kan sjå og tolken beskriv. Dette er vanleg tolkepraksis.

Det er svært strevsamt å oppfatta tale når ein høyrer dårleg og ikkje lenger kan støtta seg på munnnavlesing. Dersom tolken kjem med mange personlege kommentarar, vil den døvblinde

måtta bruka tid og krefter på å oppfatta dette. Det vil nødvendigvis måtta gå ut over det andre som skal tolkast og oppfattast i situasjonen. Dessutan kan personlege kommentarar som ikkje har noko med situasjonen å gjera, ta fokus vekk frå andre ting som er viktige å tolka.

Ein fare ved å vera personleg er at tolken kan bli freista til å bruka det personlege til fordel for seg sjølv. Dersom tolken til dømes fortel tolkebrukar at ho kom seint i seng kvelden før, kan det føre til at det blir vanskeleg for tolkebrukaren å bruka tolken så lenge som ho hadde tenkt den dagen. Ein tolk og ledsagar er i ein maktposisjon overfor den døvblinde, og det er derfor fare for at tolken kan komma til å påverka den døvblinde til å gjera det som tolken likar. Eit døme kan vera at tolken fortel at ho ikkje kan fordra å tolka i klesbutikkar. Då kan det bli vanskeleg for tolkebrukaren å stikka innom ein klesbutikk når vedkommande er på ein bytur saman med denne tolken.

## **5.7 Evne til å forstå situasjonen**

Når eg går til frisøren eller til legen, så trivest eg best dersom dette er ein fagperson som eg har god kjemi med. Då blir det lettare for meg å seia det eg meiner, og eg set pris på om denne fagpersonen gir litt av seg sjølv. Kvifor skal det vera annleis for tolk og tolkebrukar?

Framfor at det å vera *nøytral* skal vera idealet, treng kanskje tolken heller evna til å forstå situasjonen og til å improvisera deretter. Dermed blir det ikkje nøytralitet som blir det mest faglege, men kunsten å reflektera og forstå kva som skjer. I materialet mitt ser eg at tolken følgjer med og les situasjonen og ansiktsuttrykk. Om tolken ser at det kan oppstå brot i kommunikasjonen, er ho raskt på banen slik at samtalen og samhandlinga flyt vidare. På denne måten brukar ho kompetansen sin utan at ho tar for stor plass i situasjonen.

Tolkestudentar i ei undersøking legg også vekt på at det er viktig at ein tolk er medmenneske og brukar skjønn, og at det ikkje alltid er verken lett eller rett å vera nøytral (Skaten 2005).

Dette synet kjem endå tydelegare fram i ein artikkel skriva av ein annan tolkestudent (Johanssen 2008:16). Ho reflekterer over erfaringar frå praksis der ho fekk inntrykk av at tolkane handterte si rolle noko rigid, og at det å vera "*eit nøytralt bindeledd*" syntes å vera det fremste målet.

Solveig Askjem var leiar for den første utdanninga for døvblindetolkar. Ho skriv at "*Det vil alltid være den enkelte tolkens personlige engasjement og interesse som avgjør kvaliteten på*

*samværet mellom den døvblinde og tolken.*” (Askjem 1999:34). I min studie ser me eit døme på ein tolk som brukar seg sjølv i situasjonen. Dette ser ut til å fungera bra på dette tolkeoppdraget. Både observatør, tolk og tolkebrukar sitt igjen med eit inntrykk av at dette var ein sosial situasjon som fungerte godt. Det var mykje latter og ivrig snakking blant dei frammøte, noko som me kan tolka som teikn på at dette var eit vellukka sosialt samvær. Tolkebrukar og gjester kommuniserte med kvarandre, og det såg ut som tolkebrukaren fekk med seg dei fleste morosame poenga. Kommunikasjon og latter er viktig innhald i sosialt samvær. Det er ikkje gitt at ei sosial samhandling der ein tolk er til stades skal gli like knirkefritt som eg fekk inntrykk av at det gjorde i denne situasjonen. Sjølv sagt har det mykje å seia at gjestene som var til stades var positive og sosiale personar, og at dei alle kjente tolkebrukaren sitt kommunikasjonshandikap. Samstundes tenkjer eg at tolken sin veremåte og tolking og kan ha gjort sitt til at kommunikasjonen fløyt så fint. Denne tolken viste empati med ord og kroppsspråk, og ho kom med ein del personlege kommentarar. Eg vurderer tolken i denne situasjonen som ein som veksla mellom å vera direkte deltakar i samhandlinga og ein nøytral tolk.

## 6.0 Samhandling i tolkesituasjonen

### 6.1 Innleiing

Dette kapittelet tar for seg ulike sider ved samhandlinga mellom tolk og tolkebrukar, og eg vil fokusera på nokre metodar som tolken nyttar. Dei strategiane og teknikkane som tolken nyttar som er omtala her, har eg samla under omgrepa *utveljing*, *samarbeid* og *facework*.

I avsnitt 6.2 gir eg nokre døme på situasjonar der tolken vel ut noko informasjon, og eg drøfter desse situasjonane og utveljing generelt. Avsnitt 6.3 handlar om samarbeid mellom tolk og tolkebrukar, og siste hovudtema er via til det Goffman kallar *facework*. Her gir eg døme på tolken sitt arbeid for å ta vare på dei andre deltakarane sine ansikt.

### 6.2 Utveljing

#### 6.2.1 Kritisk informasjon og beskriving

Kva skal tolken velja å formidla når det skjer fleire ting samtidig? Under eit tolkeoppdrag skal tolken både gjenta ytringar (tolka) og beskriva kva som skjer. Korleis får ho då fram kva som er tolking og kva som er beskriving? Collins mfl. (2004) fann at ved taktil tolking til døvblinde, refererer tolken heile tida til kven som snakkar. I tolkesituasjonane med døve tolkebrukarar så refererte tolken i mykje mindre grad til talaren. I tolking for *døve* og for framandspråklege er norma at tolkebrukarane skal snakka i 1. person, og tolken bruker då også 1. person når ho tolkar. Dersom tolken til dømes treng å seia noko, til dømes at ho oppfatta feil, omtalar ho seg gjerne i 3. person: "Tolken misforstod". I mitt materiale ser eg at det motsette skjer: tolken tolkar *andre* sine utsegn i 3. person, medan ho brukar 1. person når ho sjølv kjem med beskrivingar eller personlege ytringar. Dersom ho gjentar ei ytring frå andre som ikkje inneheld pronomen, føyer ho som regel til "*sier hun*" eller "*sier G*". Eg har sjølv opplevd at det kan vera vanskeleg å få fram om ei ytring kjem frå meg som tolk personleg, om det er ei beskriving eller om det er nokon andre som seier det. Eg har sett at det har ført til misforståingar fordi tolkebrukar har trudd at det er ein annan person som seier det som eigentleg kjem frå tolken.

Når nokon seier noko til ein spesiell person, brukar ein gjerne blikket for å visa kven ytringa er retta til. Når nokon seier noko til Linda, brukar tolken som oftast Linda sitt namn. Dette er

ein god strategi når nokon har eit stort hørselstap. Linda kan til dømes ikkje høyra kva retning ei stemme kjem frå. Utan at tolken brukar Linda sitt namn, vil det vera svært vanskeleg for Linda å vita at det som er sagt er retta spesielt til henne og kanskje krev ein kommentar eller eit svar. Eg synest derfor dette var eit interessant funn, og eg vonar derfor at nokon i framtida vil undersøka om dette er typisk for korleis tolkar løyser dette og om det er likt for ulike tolkemethodar.

I eit sosialt samvær er det mange personar, og ofte parallelle samtalar og handlingar. Når det er fire eller fleire deltakarar, vil interaksjonen kunna dela seg i ulike mindre grupper som smelter saman igjen til ei større gruppe eller andre grupper (Goffman 1981:135). Då må tolken velja å beskriva nokon handlingar eller ytringar framfor andre. Når det gjeld beskriving er det alltid snakk om eit utval av informasjon (Raanes 2001a:9). Det vil verken vera muleg eller ønskeleg å beskriva *alt* me ser eller opplever i ein situasjon. Ein strategi tolken kan bruka når det ikkje er muleg å tolka alt, er det Eriksson og Johansson (2007:63) kallar *ettertolking*. Når det er betre tid, kan ein gi informasjon som ein ikkje fekk gitt i augenblinken. I denne studien var det ein slik episode rett etter at tolken kom. Linda gjekk ut av stua for å henta mikrofonen, og ein av gjestene utbryt: ”Å, *gu for noen flotte gardiner du har fått Linda!*”. Dette er det lite truleg at Linda oppfatta sidan ho var gått ut av rommet, men om lag eit kvarter seinare finn tolken ein situasjon der ho kan ettertolka det som blei sagt:

Tolk: Det var stilige gardiner.

Linda: Ja, sant! @

Tolk: Jada. Det var kommentarer her når du var og hentet mikrofonen din, så var det kommentarer at: å hun har fått nokon flotte gardiner.

Når tolkebrukaren er sliten, kan det også bli vanskelegare å oppfatta kva tolken eller andre seier. Derfor er det viktig at tolken ikkje ukritisk beskriv eller tolkar så mykje som muleg av det ho ser eller høyrer, men tenkjer om dette er noko som tolkebrukar er interessert i eller har bruk for å vita. Dette kan kallast *kritisk informasjon*, og Raanes (2001a:9) seier at ein må leggja hovudvekta på dei opplysningane som er vesentlege for å forstå det totale bildet. Skal ein til dømes beskriva detaljar, eller bør ein spara tolkebrukaren sin hørsel og hovud til viktigare ting? Det tyder ikkje at ikkje detaljar også kan vera viktige, men at når ein skal vurderer kva som skal veljast ut, bør ein alltid tenkja etter kva som er vesentleg informasjon for denne brukaren i denne situasjonen. Raanes (2001a:11) seier at eit ideal er at tolken skal beskriva det som skjer mest muleg nøytralt slik at tolkebrukaren kan trekkja sine eigne slutningar. Dette idealet kan komma i konflikt med den tida me har til disposisjon. Derfor kan

det nokon gonger vera nødvendig at tolken sjølv trekk ei slutning eller tar eit val, slik at tolkebrukaren kan få mest muleg utbytte av ein situasjon. I så fall kan ein i ettertid forklara til tolkebrukaren *at* og *kvifor* ein har tatt eit slikt val. Eg klarte ikkje å finna nokon gode døme på ein slik situasjon i mitt materiale, men det kan til dømes vera i situasjonar kor ein har det travelt for å nå ein buss eller for få ei god plassering for tolk og tolkebrukar i ein konsertsal. Dersom tolken skal stoppa opp og beskriva situasjonen nøytralt, kan det ta så lang tid at bussen vil ha gått eller dei gode plassane vera tatt av andre før tolken si beskriving er ferdig.

O'Malley (1999:44-45) hevdar at ikkje ein gong dei flinkaste og mest entusiastiske tolkane er klar over kor viktig det er å beskriva og gi informasjon om det fysiske og psykososiale miljøet. På grunn av dette mister døvblinde informasjon, til dømes dersom tolken synest det er ubehageleg eller politisk ukorrekt å gi denne. Ho hevdar at dette kan skje både bevisst og ubevisst frå tolken si side. Resultatet kan uansett bli funksjonshemmande for den døvblinde i situasjonen, og effekten av dette vil bli akkumulert over tid. Gunilla H. Rönnblom<sup>13</sup> er også opptatt av at eit dobbelt sansetap gjer dialog og samhandling vanskeleg fordi det er vanskeleg å få eit fullstendig bilde av andre og deira reaksjonar. Ho meiner dermed at det krev at me som har kontakt med døvblinde må vera *tydelege*. Me må stilla oss sjølv og våre kjensler til syne for den døvblinde, seier Rönnblom, og ho meiner at dette også er noko tolkane må bli flinkare til. Når tolkebrukaren eller andre gjer noko som tolken reagerer på, må me seia det i klartekst og ikkje gå rundt grauten. Døvblinde bruker veldig mykje krefter på å forstå kva som skjer, og det er veldig lett å bli usikker dersom ein får utydelege tilbakemeldingar. For å gjera situasjonen meir fyldig på data, kan derfor tolken presisera det som er uklart og tilføra ny kunnskap dersom ho bidrar med eigne kjensler, observasjonar og refleksjonar, seier Rönnblom.

### **6.2.2 Kva skal tolken prioritera å tolka?**

I materialet mitt ser eg at presentasjon av Tupperwareprodukta blir prioritert framfor den sosiale praten med dei andre gjestene. I intervjuet med tolkebrukaren i etterkant, seier ho ting som tydar på at det er det sosiale som er viktigast for henne:

Intervjuar: Men hvis eg skal tolka for deg i neste Tupperwareselskap. Og så spør eg: Hvis ho dama snakker om produktene og så er det nokon av de andre gjestene som snakker om noko morsomt. Kva vil du at eg skal tolka då?

---

<sup>13</sup> Videokonferanse: Betydningen av å stille seg til rådighet, NUD, 23. april 2008.

- Linda: Det morsomme! @@@ Du får liksom kontakt med de andre når du har noe å le av eller.. Du får litt sånn kjennskap til den personen når du får høre det morsomme. @@ D er jo ekspert å komme med komiske kommentarer.@@@
- Intervjuar: Så, for eksempel i et Tupperwareselskap. Kva er det som er det viktigaste der?
- Linda: (3.5) Eg trudde det var varene, produktene vi skulle se på. Men samtidig så er det den kontakten mellom de personene som er der. Ja, det syns eg var.. Eg aner ikkje kva de andre kjøpte. DET syns eg var ein mangel.

Når eg studerte filmen frå Tupperwareselskapet, ser eg at tolken byrjar å tolka den sosiale praten i sofakroken tre gonger. Ho får ikkje nokon respons som tydar på at Linda er interessert i å høyra meir eller å gå bort og setja seg saman med dei andre i sofaen. Eriksson og Johansson (2007) skriv i si bok at tolken ikkje har rett til å pressa detaljer på tolkebrukaren om ho er trøtt eller uinteressert. Dersom tolkebrukaren ikkje gir nokon spesiell beskjed, skal tolken gi ei generell beskriving kor dei tar med litt av alt som skjer. Tolken i Tupperwareselskapet gjer nettopp dette. Ho fortel at det er ein livleg samtale i sofaen, men ho respekterer Linda sine signal om at dette ikkje har interesse akkurat nå. Den eine gongen tolken skiftar frå å beskriva Tupperwareprodukt og går over til å tolka samtalen i sofaen, spør Linda om dei to siste gjestene har komme. Det er Linda som er vertinne i dette selskapet, og her kan det verka som ho er meir opptatt av det praktiske med denne rolla enn å vera sosial.

Det neste dømet er henta frå ein situasjon om lag tre timar ut i Tupperwareselskapet. Ein av gjestene snakkar i mikrofonen, men Linda oppfattar ikkje kva ho seier.

<p>E: Det er jo snakk om at hummeren skal bli fredet... på grunn av alt...</p> <p>A: Tjuvfiske. Overfiske ja.</p> <p>E: Eg sier det at det er jo snakk om at hummeren skal bli fredet på grunn av tjuvfiske.. eller.. tjuvfiske på hummer.</p> <p>(2.0) Hører du L? Eg ser det du ikkje hører!</p> <p>L(tar handa på høreapparatet): Kva var det?</p> <p>E: Ja. Eg ser det med en gang.</p> <p>E: Sitter på forelesning og ser plutselig: Gu, hun hører ikkje! @@</p> <p>L: Åja. Ja, men det er lov i år.</p> <p>A: Ja</p> <p>L: Nei, han driver ikkje med tjuv. @@ @@@ ( 5.0)</p> <p>L: Hørte på radio de skulle forby raketter og.</p>	<p>(Tolken reiser seg og gir mikrofen til E. )</p> <p>(T setter seg igjen og ser på L.) T (reiser seg igjen og henter mikrofen): Nei, hun hører ikkje. Ser det. Ser det.</p> <p>T (setter seg igjen): Ja. Ser det med en gang på øynene.</p> <p>T: E snakket nettopp om at hummeren kanskje skal bli fredet pga tjuvfiske.</p> <p>T: Javel. (2.0) Så G gjer ikkje noko galt altså.</p> <p>T: Han driver ikkje på tjuv nei.</p>
--	--

Når tolken får mikrofonen for å tolka kva som blei sagt, er det altså hummartemaet som blir valt ut. Kommentarene om at det er lett å sjå på Linda når ho ikkje høyrer, blir ikkje tolka. Igjen er det den konkrete saken som blir gripe fatt i og tolka vidare til Linda. Metakommunikasjonen blir valt vekk. Er det tilfeldig at det blir slik? Truleg ikkje. Det er ikkje så vanleg å kommunisera *om* kommunikasjonen. Det er ein nyttig metode for god samhandling, men det krev at me er trygge, ærlege, modige og likeverdige i relasjonen (Røkenes og Hanssen 2002:206). Temaet om at Linda ikkje høyrer kan kjennast sensitivt, og det kan henda at tolken meir eller mindre medvite lar vera å tolka dette av omsyn til Linda eller fordi ho sjølv synest det er vanskeleg å snakka om.

I denne situasjonen kunne det også vera muleg å få med begge tema, då det er ein pause etter at Linda seier at "det er lov i år". Tolken nyttar ikkje den litle pausen til å tolka det som blei sagt om at ein kan sjå det på augene til Linda når ho ikkje høyrer. Det kan sjølvstøtt vera fordi tolken er sliten og allereie har gløymt det, men det kan også vera eit val. Dei fleste av oss er interessert i å få vita kva som blir sagt om oss, og kva inntrykk me (av)gir. For Linda sin del er det godt muleg at ho ville vore meir interessert i kommentarene som falt om henne enn om hummarfisket. Dette dømet er ikkje representativt for tolkinga i Tupperwareselskapet. Eg tar det likevel med fordi eg synest det er ein veldig god illustrasjon på utveljing.



Generelt så ser det ut som informasjon og samtalar om Tupperware og med konsulenten blir prioritert framfor sosial småprat mellom dei andre gjestene i denne situasjonen. I den uformelle, sosiale praten elles ser det ut som tolken klarer å gjenta ytringar eller laga resymé som gjer at Linda får med seg veldig mykje av det som gjestene pratar om. Likevel må ein seia at Linda også mister ein del informasjon som kan vera viktig nettopp i det å få etablert og styrka kontakt og relasjon med dei andre gjestene. Om lag fem minuttar etter at konsulenten frå Tupperware er komen sitt tre av gjestene i sofaen og snakkar saman om korleis dei kjenner Linda. G fortel mellom anna at ho hørte om ein gong Linda hadde to tolkar, men begge tolkane forsvann, og Linda blei ståande igjen aleine. G seier også at ho pleidde å vera med Linda i symjebassenget. E fortel at ho er Linda si lese- og sekretærhjelp og kva dei pleier å gjera når dei er saman. Medan denne samtalen går, står Linda og tolken borte ved spisebordet og følgjer med når konsulenten pakkar ut varene. Alt i alt tilbringer Linda om lag to timar med å sjå på varene og snakka med konsulenten, medan dei andre gjestene brukar litt over ein time til varene og får dermed meir tid til å drikka kaffi og snakka saman. Dei andre gjestene kan ta eit raskt overblikk over bordet med varer, medan Linda må kjenna på og få ei beskriving av kvar enkelt produkt. Slik er det naturleg at ho bruker lengre tid på varene. Mitt inntrykk er at dette var ei prioritering som Linda sjølv gjorde. Eg synest ikkje datamaterialet gir meg grunnlag for å seia at tolken kunne fått fram det sosiale aspektet tydelegare ved å velja andre strategiar. Eit unntak her er når gjestene går tilbake til kaffibordet og byrjar å eta. Her kunne tolken sagt at ”nå går dei andre tilbake til sofaen og sett seg” eller ”nå har dei byrja å eta rundstykke”.

Me kan gå tilbake til Løgstrup (1999) for å sjå om han har nokon kloke ord som kan hjelpa tolken å vita kva ho skal velja å tolka til beste for tolkebrukaren. I tillegg til empati og forstand, må tolken ha vilje til å forstå kva som er best for den andre. Samtidig må ho ha vilje til å la den andre vera herre i sitt eige liv, skriv Løgstrup. Han understrekar at ein må tenka og handla utan tanke for eiga vinning. Dette er nødvendig for at det skal tena den andre best muleg.

Eg tenkjer at utfordringa i å finna ut kva ein skal velja også heng tett saman med neste avsnitt om samarbeid. Dersom tolk og tolkebrukar brukar tid både før og etter tolkeoppdraget til å snakka saman om kva som skal skje og har skjedd, kan det etter kvart bli lettare for tolken å vita kva ho skal velja ut når ho kjem i ei tidsklemme og ikkje har høve til å tolka alt som

skjer. Det er ofte for seint å spørja når dilemmaet oppstår. Då vil ein kanskje forstyrra samhandlinga og det spontane i situasjonen. Framfor alt vil ein bruka ein del tid på å diskutera kva som skal prioriterast. På den måten mister ein verdifull tid til å tolka og beskriva det som skjer i sjølve situasjonen. Dersom tolken ikkje kjenner tolkebrukar og dei ikkje har avtalt noko på førehand, er det stor sjanse for at tolken beskriv dei tinga som ho sjølv er opptatt av eller interessert i fordi det er det ho *ser*.

## **6.3 Samarbeid**

### **6.3.1 For- og etterarbeid**

I samband med dette oppdraget var det lite fokus på planlegging og evaluering av oppdraget. Før selskapet spurte Linda kva side tolken skulle sitja på, og då oppdraget gjekk mot slutten spurte tolken "*Gikk dette greit, Linda, i kveld?*". Linda svarar: "*Du tolket og tolket*". Deretter sporar samtalen over på eit litt anna tema då ein av gjestene kommenterer at Linda også burde bruka tolk i familieselskap. Dette er interessant i seg sjølv. I utdanninga av tolkar fokuserer ein på at det er viktig med god førebuing for å få god kvalitet på tolkinga. Ein viktig del av denne førebuinga er å samarbeida med tolkebrukarane. Derfor rådar ein til å førebu oppdraget og henta inn informasjon ved å kontakta tolkebrukarane. For mange døvblindetolkar er nemleg den største utfordringa at det er uklart kva eit oppdraget går ut på og at dei ikkje veit kva tolkebrukaren har behov for i denne situasjonen (Næss 2006:97). For tolkebrukaren er utfordringa mellom anna at dei ikkje veit kva metodar og muligheiter som finst (Næss 2006).

Tolken som skulle tolka i Tupperwareselskapet, kom ein halvtime før selskapet skulle starta. Då blei ho kasta rett inn i tolkejobben, sidan tre av gjestene allereie var på plass. Dette kan vera ein grunn til at det ikkje blei snakka noko om korleis tolkinga skulle gå føre seg. I tillegg kjente tolk og tolkebrukar kvarandre godt. Det kan derfor vera at dei ikkje tenkte på at dei trong å diskutera kva som skulle skje. I intervjuet i etterkant seier tolkebrukar at ho ikkje har opplevd at tolkane spør om slike ting på førehand.

Intervjuar: Er det ein sånn ting som du forteller tolken på forhånd?

Linda: Nei., eg gjør ikkje det.

Intervjuar: Kvifor ikkje?

Linda: Nei. Det glemmer eg. Eg har aldri tenkt på det at eg skal diskutere med tolken.

Intervjuar: Nei. Kvifor har du ikkje tenkt på det, tror du?

Linda: Altså det, bruker aldri å snakke med tolken på forhånd. Kva... Korleis de skal tolke og kva.. Korleis eg vil ha det.

- Intervjuar: Nei.. Pleier tolkane å spørre?
- Linda: Nei, de spør ikkje.
- Intervjuar: Skulle du ønske at de spurte litt oftere?
- Linda: Ja! Det er faktisk bare meg som bruker sånn utstyr som dette her. Det hadde vært mye lettere hvis tolken ble oppmerksom på at nå er det en som skal sei noko, nå må ho få mikrofonen. Det blir litt tregere hvis tolken skal gjenta det som en annen forteller. Det blir ikkje på samme måte.
- Intervjuar: Nei. Hvem sitt ansvar syns du det er å snakka om kordan ein tolkesituasjon skal fungere?
- Linda: Det må hvertfall være den døvblinde det, fordi at alle.. det er ingen som er lik.
- Intervjuar: Er det den døvblinde som bør ta det opp med tolken eller er det tolken som bør spør? Eller er det begge to?
- Linda: (4.0) Ja, då vil eg si at det kanskje er begge to. Fordi at den døvblinde vet jo ikkje kva som skjer rundt omkring, så det er jo tolken som har oversikten. Men samtidig er det bare meg som bruker dette utstyret. Så eg vet at det er mye bedre hvis en person skal fortelle noe. At hun bruker mikrofonen. Så det kan jo eg begynne å si til tolken.

Tolkebrukar seier at det kanskje er begge partar i ein tolkesituasjon som bør ta opp korleis ein tolkesituasjon skal fungera. I forholdet mellom tolk og tolkebrukar er det tolken som er den profesjonelle, og ho har informasjonsansvar i forhold til tolkebrukarane. Det er mykje som tydar på tolkane kan bli flinkare til å gi informasjon, slik at mellom anna Linda kan bli dratt med inn i diskusjonar om korleis det er å vera tolk. I intervjuet seier ho:

*”Men det er noe som mangler. Når... når eg har brukt tolk så lenge som eg har gjort så... Bør få mer kjennskap til det å være en tolk. Og kordan en sånn som meg ønsker å ha det. Så det er noe som mangler der.”*

Eg har sjølv mange gode erfaringar med å diskutera tolking med døvblinde tolkebrukarar. Under intervjuet med tolkebrukaren i denne studien fekk eg også stadfesta mi tidlegare erfaring med at tolkebrukarar har mange tankar og konstruktive innspel om tolking. *Dersom dei blir spurt!* Eg trur dette er ei unytta gullgruve for utvikling av praksisen for tolkane. Også Andreoli (1999) er ein talsmann for at tolk og tolkebrukar skal forhandla om korleis tolkinga skal gå føre seg. Han meiner det på denne måten er duka for læring for begge partar. Her ligg det truleg eit stort potensiale for forbedring. Det tydar at me som tolkar må bli flinkare til å spørja tolkebrukarane om deira erfaringar, meiningar og planar både før, under og etter tolkeoppdrag når sjansen byr seg. Til dømes kan tolken ta initiativ til å spørja den døvblinde tolkebrukaren om ho sjølv ynskjer å informera dei andre tolkebrukarane om korleis det er å bruka tolk eller om ho vil at tolken skal gjera det. I Tupperwareselskapet kom det ingen slik informasjon, men eg vil tru at i alle fall konsulenten ville hatt nytte av denne typen

informasjon. Når høyrande tolkebrukarar som har lite eller ingen kjennskap til døvblinde og tolketenesta får litt informasjon, fungerer situasjonen ofte veldig bra. I tolkeavisa kan me derimot lesa at studentar i praksis erfarte at tolkane ”ofte forsømte sitt informasjonsansvar” (Johanssen 2008:15). Denne tolkesituasjonen fungerte veldig bra utan at gjestene fekk informasjon om tolken si rolle og kva dei eventuelt kunne bidra med, men kanskje situasjonen kunne fungert endå betre?

### 6.3.2 Høflighetsstrategiar

Mitt første inntrykk av mine data var at eg synest det var få døme på samarbeid mellom tolk og tolkebrukar. Til tross for at tolken hadde sagt noko om det i intervjuet, var det ganske seint i analysearbeidet at det slo meg at tolk og tolkebrukar nokre gonger kommuniserer om samarbeid på ein noko indirekte måte. Eit døme er ved kaffibordet etter at tolken kjem tilbake til sofaen etter å ha vore borte ved demonstrasjonsbordet ein kort tur:

Tolk: Er det greit, Linda?

Linda: Ja. Eg bare lurte på om: Er det noe mer å se på der borte?

Tolk: Åja. Eg er klar til disposisjon vettu, så... Det er bare å hive ut her.

Linda: Eg går bort der en gang til då.@@

Dette er ein måte å kommunisera på som gir ganske opne muligheiter for den andre til å respondera på ytringa slik ho vil utan at nokon mistar ansikt. Det kan tolkast som eit uttrykk for at både tolk og tolkebrukar vegrar seg for å ta styringa i situasjonen. Tolken vil ikkje overta eller overstyra tolkebrukaren og hennar rett til å ta val i situasjonen. Tolkebrukaren har rett til å bestemma kva ho vil gjera og kor ho vil bli ledsaga eller kva som skal bli tolka. Når ho likevel gir signal på kva ho ønskjer på ein så forsiktig måte, kan dette kanskje vera fordi ho ikkje ønskjer å kommandera tolken, fordi ho vil at tolken skal få eta ferdig eller slappa av eller fordi ho ikkje vil ”masa” på tolken. Svennevig (2001:143) kallar dette for *høflighetsstrategiar*. Dersom me pålegg andre oppgåver, truar me den andre sitt sjølvbilde eller territorium. Me ynskjer ikkje å trua ansiktet til nokon me har eit godt forhold til, derfor formulerer me oss på måtar som hjelper oss å ta vare på relasjonen me har med vedkommande.

Når eg intervjuar tolken om samarbeid, stadfestar ho at samarbeidet finst, men at det skjer på ein litt indirekte måte.

Intervjuar: Samarbeidde de undervegs?

Tolk: Ja.

Intervjuar: På kva måte då?

Tolk: Altså.. (3.0) Eg føler vi samarbeider.. Det er ikkje godt å si akkurat der. Vi samarbeider vel egentlig.. Det går jo ikkje bare enveis kontakt. Det går jo begge veier. Hun gir meg hint om..”Nå gjør eg det” Hun gir meg signaler, faktisk. Nå vil eg det og det og det. Kan du si at hun ønsker å gjøre ting. Og det blir jo en form for et samarbeid.

Intervjuar: Kva type signaler?

Tolk: Ja, kan du si at hun sier: Nå vil eg gjøre det sånn. Altså i går. Eg ønsker å gå bort til bordet. Eg har lyst å se på tingene. Altså, det var ikkje meg som forlangte.. Eller gjorde sånn at: Nå, Linda, nå går vi bort til bordet. Det var **hun** som kunne si det. Er det noe mer å se? Kan vi gå bort å se på tingene? Det var sånn eg følte det samarbeidet i går.

Høflighetsstrategiar kan også vera eit utslag av at døvblinde sjeldan har fått skikkeleg opplæring i å bruka tolk og derfor nokon gonger er usikker på kva dei kan forventast frå tolken (Fuglesang og Fornebo 1992). Dersom dei er van med å bruka familiemedlem eller kjenningar til tolk og ledsagar, kan dei ha utvikla ei nøysam og takknemleg tilnærming til det å bli tolka for. Denne haldninga kan dei dermed overføra til ein profesjonell tolk. Nokre funksjonshemma kan i tillegg vera så vane med å bli bestemt over at dei har mista motivasjon og evne til å ta eigne val (Normann mfl. 2006).

### 6.3.3 Aktiv medverknad frå tolkebrukar

Etter kvart som eg studerte materialet nøyare, såg eg at det var ein del tydelege døme på samarbeid. Linda spurte til dømes ganske ofte spørsmål om ting ho lurte på: ”*Har de andre satt seg ned igjen?*”, ”*Er det kaffekopp til konsulenten?*” eller ”*Kan du ikkje bare ta den eggedelaren?*”. Hassinen (1999:12) understrekar at tolken treng tilbakemelding frå tolkebrukaren heile tida, og Cutler (1984) ser på beskriving som eit delt ansvar mellom tolk og tolkebrukar. For at samspelet skal bli best muleg er det viktig at tolkebrukaren er aktiv og spør etter dei opplysningane ho er interessert i. Dette kan bli ei ekstra utfordring for tolken. Ho må då halda tråden i det som skjer i situasjonen samtidig som ho skal forholde seg til innspel frå tolkebrukaren (Raanes 1997).

Linda kunne også visa med kroppsspråk, til dømes lena seg mot tolken, eller med spørsmål som ”*Kva var det?*” at ho ville ha noko gjentatt eller beskrive. Fuglesang og Fornebo (1992) meiner at slike spørsmål også vil føra til ei meir engasjert beskriving. Dei legg vekt på at ein god tolkeprosess er avhengig av at den døvblinde gir bekreftande tilbakemelding i form av

nikk, smil eller ord. Linda gav mykje slik tilbakemelding. Ho lo ofte, og i tillegg stadfesta ho at ho fekk med seg det som blei sagt med å seia ”ja”, ”ja vel”, ”kor gøy” og andre kommentarar til det som blei sagt eller tolka.

Samarbeidet går også ut på at tolken les av ansiktsuttrykket til Linda at ho ikkje høyrer. Linda kan ikkje alltid gi beskjed om dette sjølv då ho ikkje kan gi beskjed om at ho ikkje høyrer dersom ho ikkje veit at noko faktisk er sagt. Eg ser derfor på denne merksemda hjå tolken som ein viktig metode for at Linda skal få med seg mest muleg. Seinare på kvelden gir Linda oftare uttrykk for at ho ikkje høyrer. Ut frå materialet mitt ser det ut som at dette skjer når andre enn tolken snakkar i mikrofonen, og Linda ber då tolken gjenta når ho ikkje oppfattar kva dei seier.

## **6.4 Facework**

### **6.4.1 Facework og identitet**

Ein stor del av tolken sin jobb i dette Tupperwareselskapet er å følgja med på det som blir sagt og sjå på tolkebrukaren. Dersom tolkebrukar ikkje gir respons, gjentar ho det som blir sagt. Ho passer også på at mikrofonen er hos den som skal seia noko. Dersom ho merker at dette ikkje blir oppfatta, gjentar ho det som blir sagt på ein diskre måte. Dette krev at tolken er var for det som skjer, at ho er merksam og at ho kjenner tolkebrukar.

Erving Goffman (1974) var opptatt av menneske si samhandling i kvardagen. Han viste at inntrykksmanipulering og arbeid for å ta vare på andre sin sjølvrepresentasjon er viktige og nødvendige teknikkar i dagleglivet. Goffman (1974:21) meiner at me også er avhengige av andre sin vilje til å visa takt eller det han kallar for *avvergande tiltak*. Utan at andre er velvillig innstilt, vil det ikkje vera muleg for oss å ta vare på det inntrykket me ynskjer å gi av oss sjølv.

Goffman (sitert i Svennevig 2001:119) meiner at sjølvet vårt er eit resultat av samhandling og kommunikasjon med andre. Det er ikkje slik at det er i vårt samspel med andre at me *viser* kven me er, det er her me *skapar* oss sjølve. Svennevig (2001:119) set derfor spørsmål ved om det er muleg å snakka om identitet som eit uavhengig eksisterande objekt som kjem fram i samhandling med andre. Om ikkje det gjer det, tyder det at samhandlinga og relasjonane er det primære, og at identiteten blir sekundær. Om ein skal forstå identitet må ein studera menneske sine rollespel, skriv Svennevig.

Dette gjer at tolken sitt arbeid med å ta vare på tolkebrukaren sitt ansikt også er viktig i forhold til tolkebrukaren sitt identitetsarbeid. Når tolken har fokus på å ta vare på brukaren sitt ansikt, kan dette bidra til eit positivt sjølvbilde hjå tolkebrukar. Menneske med store sansetap har ikkje same grunnlag som oss andre til å gi ein representasjon av seg sjølv som samsvarer med dei til ei kvar tid rådande normer. For dei kan det vera vanskeleg å eta utan å søla, oppfatta det som blir sagt utan misforståingar eller flytta seg utan å snubla. Andre vil lett kunna dømme døvblinde etter ein skala som høver for høyrande og sjåande, og sjå døvblinde som grisete, dumme eller vimsete dersom dei ikkje klarer å leva opp til normene til funksjonsfriske. Når Linda til dømes byrjar å kjenna på golvet etter noko som falt ned frå eit rundstykke, er tolken rask med å seia: *"Linda, eg skal ta det opp eg. Det var brunost."* Dette gjer ho på ein naturleg og diskre måte.

Ved å bruka tolk kan døvblinde til ein viss grad kompensera for manglande syn og hørsel slik at dei ikkje treng skilja seg ut meir enn nødvendig. I tillegg vil tolken si evne til å forstå situasjonen og opptre taktfullt kunna bidra til at døvblinde kan behalda sin sjølvrepresentasjon. Dersom tolken i Tupperwareselskapet ser på tolkebrukar at ho ikkje får med seg det som blir sagt, så gjentar ho ytringa. Dette gjer ho utan å laga noko nummer ut av det. Dette er eit døme på at ein tolk sin vilje til å visa takt, og dette gjer det muleg for tolkebrukar å framstå som ein kompetent kommunikasjonspartner.

Det er ikkje berre dei døvblinde tolkebrukarane som treng at tolken tar vare på ansiktet deira. Særleg dei som ikkje er van med å kommunisera med døvblinde treng ein velvillig innstilt tolk dersom dei er usikre eller dersom det blir misforståingar. Til dømes viser materialet mitt fleire døme på at Linda ikkje oppfattar gjestene når dei snakkar til henne i mikrofonen. Det kan skuldast at dei snakkar utydeleg eller for fort, men det kan også vera problem med det tekniske utstyret. Også i desse situasjonane gjentar tolken det som blir sagt utan å laga noko nummer av det. Ho verken kommenterer eller uttrykk med kroppsspråk eller mimikk at ho er oppgitt. I Tupperwareselskapet er det til dømes ein situasjon der konsulenten snakkar i mikrofonen. Det går i raskt tempo og Linda klarar ikkje å oppfatta kva ho seier.

<p>(W kjem bort til L og strekk handa ut etter mikrofonen.)  W: Her står eg med en liten slikkepott. Som eg tenkte å spandere på alle gjestene dine og deg når eg leverer varene. (Gir slikkepotten til R)  W: Den bruker du når du skal skrape ut av en bakebolle, dele deigen og skrape ut en krem. (...) Til å gjøre rein bakeboller så er han suveren. Den tenkte eg eg kunne dele ut til alle gjestene dine når eg kommer og leverer varene om en ukes tid. Trur du de blir glad for det?  (3.0)  L: Kva da?   L: Åja.  L: Jo.  W: Det er bra!</p>	<p>(T legger den eine handa på skuldera til L.)   (T tar senderen.)  T: Alle de som kjøper i kveld. De får gratis en sånn når hun leverer varene hos deg om en ukes tid.   T: Høres ikkje det greit ut, sier hun.   T: Det er bra, sier hun.</p>
---	--

Konsulenten (W) snakkar i mikrofonen og fortel at ho vil spandera ein slikkepott på alle gjestene. Ho forklarar kva han kan brukast til. Det blir stille nokre sekund før Linda spør kva det var. Tolken gir så eit kort resymé av det som konsulenten sa.

Dette er eit døme som er typisk for tolkesituasjonen som er studert. Det er når andre enn tolken snakkar i mikrofonen at Linda får problem med å høyra kva som blir sagt. Likevel seier ho i intervjuet dagen etter at ho helst vil høyra stemma til den som snakkar.

- Linda: Det blir en avstand mellom meg og den andre personen når ikkje eg hører stemmen.(5.0) Fikk jo vite det komiske i det, og vet navnet på den personen som sa det, men eg får ikkje kontakt med den personen som sa det likevel. Må høre stemmen til en person for å ha kontakt. Og det er selvfølgelig fordi at eg har hørt.
- Intervjuar: Ja.
- Linda: (17.0) Det er som Sissel Grønlie har skrevet bok. Der står det visst: Altså, eg er et hørende menneske som ikkje hører. Så det som eg er født til.. det.. det forblir eg hele livet.

Linda seier at ho ikkje pleier å ta med seg tolk i sosiale samanhengar fordi ho føler at ho ikkje får så god kontakt med folk når ho har tolk med seg. Når ho har tolk med seg, er det tolken si



stemme ho får høyra, og ho får heller ikkje handhelsa på så mange. På den måten føler ho at tolken blir eit hinder for kontakt.

Dette høyreres logisk ut. Linda har identitet som ein som høyrer, og derfor ønskjer ho å ha kontakt med folk gjennom å høyra stemma deira. Likevel er det noko som eg som tolk aldri har tenkt på før! Eg har tenkt at ein tolk er ein kontaktskapar, men Linda har ei anna erfaring. Eg trur ikkje dette tyder at ein taletolk ikkje kan *bli* ein kontaktskapar, men det krev kanskje andre strategiar enn det som Eriksson og Johansson (2007:28) kallar *skyggetolking* (gjentaking av andre sine ytringar). Truleg vil eit større fokus på samordning frå tolken si side vera ein god måte å gi Linda, og kanskje også andre døvblinde med hørselsrest, større utbytte av å bruka tolk. Det tyder at tolken sin innsats i større grad må vera retta mot å få folk til å snakka i mikrofonen og at Linda skal få fysisk kontakt med folk og gjenstandar.

#### **6.4.2 "Hørte du det?"**

Då eg hadde eit møte med tre døvblinde tolkebrukarar før denne studien, diskuterte me tolking under sosialt samvær. Ein av tolkebrukarane tok sjølv opp dette med at ein god tolk var ein som var diskre og retta opp i misforståingar på ein taktfull måte. Taktfullt var i følgje han å gjenta det som blir sagt framfor å spørja den døvblinde: "Hørte du det?". Dette krev at tolken er observant og les situasjonen. Dette er viktig kompetanse for å kunna bidra til flyt i samtale og samhandling. Galeota (2000) rådar derfor tolkane til å følgja med og tilpassa kommunikasjonen på ein hensiktsmessig måte framfor å spørja tolkebrukaren direkte. Det tyder at tolken må ha fokus og merksemd på kommunikasjonssituasjonen. Kjennskap til tolkebrukaren vil truleg gjera det lettare for tolken å lesa ansiktsuttrykk og forstå tilbakemeldingar.

Som rettleiar for studentar i praksis har eg lagt merke til at studentane veldig ofte spør døvblinde om dei høyrte det som blei sagt. I vår kultur er det ein viss samheng mellom det å ikkje høyra og det å bli oppfatta som dum. I tillegg til at studentane på denne måten "avslører" dei døvblinde, i plassen for å hjelpa dei til å behalda ansiktet, skapar desse spørsmåla unødig støy. Den erfarne tolken i observasjonsstudien stilte ikkje eit slikt spørsmål ein einaste gong. Ho berre gjentok det som blei sagt dersom tolkebrukar ikkje gav respons eller relevante svar på det som blei sagt. Dette er eit viktig perspektiv og ein god strategi for ein tolk. Det å spørja tolkebrukaren: "Hørte du det?" eller "Skal eg gjenta?" – kan vera ei ansiktstruande handling.

Dømet i avsnitt 6.2.2 der Linda ikkje høyrer det som blir sagt om hummarfisket og det fell kommenterer om at det er lett å sjå når Linda ikkje høyrer, kan også vera eit døme på at tolken vel vekk kommentarane om at Linda ikkje høyrer for å ikkje fokusera på dette. Slik kan denne situasjonen også tolkast som eit utslag av facework.

Trine Næss (2006) påpeiker også at når eit sansetap er progredierande, kan døvblinde vera i ein sorgprosess kor det er sårande og slitsamt å få spørsmål om kor mykje ein høyrer eller ser. Ein er kanskje i ein fase kor ein ikkje har akseptert situasjonen, og ein vil prøva å skjula for andre når ein ikkje oppfattar kva som blir sagt. Næss (2006) skriv at dersom ein likevel blir avslørt eller minna på sansetapet via spørsmål og tolken sitt behov for informasjon, kan dette vera så vondt at ein reagerer med sinne eller avvisning. Miner (2008) minner om at alle menneske nokon gonger nyttar forneking i møte med truande situasjonar. Ho meiner at dette kan vera ein sunn reaksjon som hjelper oss til å komma vidare.

## 7.0 Avslutning

Pendelen svingar. Dei første som fungerte som tolkar for døve og døvblinde, var ”snille” prestar og slektningar som ville hjelpe. Dei tolka det dei syntest var nødvendig og blanda seg gjerne inn i samtalen. Seinare tok ein avstand frå dette og la vekt på at ein tolk skulle vera like nøytral som eit teknisk hjelpemiddel. I dag er det få om nokon som held fast på at det er muleg å vera nøytral, og ordet usynleg blir nokon gonger brukt i plassen. I min studie ser me ein tolk som stikk i strid med rådande ideologi kjem med personlege meiningar og utsegn. Likevel, eller kanskje delvis på grunn av dette, var ho førstevallet til denne brukaren. Fleire brukarar har sagt at dei ynskjer seg tolkar dei kan snakka med og som kjem med personlege meiningar. Fagmiljøet har halde igjen. Finst det likevel gode grunnar for å gå mot ei *fagpersonleg* tolketeneste for døvblinde? Det er ikkje grunnlag for å dra ei slik slutning etter berre ein liten studie, men det er kanskje eit felt det er verdt å sjå nærmare på. Tolkebrukaren i mitt materiale gav uttrykk for at ho ønskjer at tolkane skal vera meir personlege. Kva ligg eigentleg i eit slikt utsegn? Det har eg ikkje gått djupare inn i, men eg tenkjer at det er eit viktig og spanande tema for vidare forskning.

Me ser også at tolken har mange utfordringar i forhold til kva ho skal velja ut i ein situasjon der det skjer mykje samtidig. Samarbeid er truleg eit viktig virkemiddel for å kunna gjera eit utval som tolkebrukaren er mest muleg nøgd med. Samarbeid kan skje på mange måtar. I følgje studien bør tolkane bli flinkare til å diskutera tolkesituasjonen med tolkebrukarane både før og etter oppdraget. Her har også tolkebrukar eit ansvar ved å bidra aktivt med tilbakemelding og innspel til tolken. Det vil truleg føre til ein større tryggleik hjå tolken i denne prosessen. Døvblinde får ofte eit ganske nært forhold til tolken, og i materialet mitt ser eg at Linda bruker ulike *høflighetsstrategiar* når ho har ønske om at tolken skal gjera noko. Det gjer at tolken må vera open for desse signala, og eventuelt spørja dersom ho lurar på kva tolkebrukaren ønskjer. Tolken må også lesa mimikk og kroppsspråk hjå den døvblinde for å vita om ho skal gjenta noko. Dette er også ein del av tolken sitt arbeid for å ta vare på tolkebrukaren sitt ansikt. *Facework* kan vera viktig for tolkebrukarane si sjølvkjensle og identitet.

I denne avhandlinga har eg sett på nokre av dei utfordringane ein tolk og ledsagar for døvblinde møter i tolking under uformelt, sosialt samvær. Sjølv om dette berre er *eit* døme, kan det visa generelle mønster som er typiske for tolking i sosialt samvær. Det er muleg at

mange av dei same utfordringane som er blitt drøfta her, er noko ein også kan finna i andre typar tolkesituasjonar.

Denne studien tar for seg ein situasjon der det var *ein* tolk og *ein* tolkebrukar til stades. Mange av dei tema som er har drøfta i avhandlinga vil også gjelda sosiale situasjonar der det er fleire tolkar og fleire tolkebrukarar til stades, til dømes på arrangement på Eikholt ressurscenter for døvblinde eller i ein av medlemsorganisasjonane for døvblinde. Her vil det i tillegg dukka opp andre utfordringar for tolkar og tolkebrukarar. Her er det til dømes mange tolkar til stade samtidig, og det krev at tolkane samarbeider om tolking til felles beste for tolkebrukarane. I tillegg må tolkane vurdere om er naturleg å gjenta det dei høyrer ein annan tolk tolka eller det dei høyrer bli sagt på eit bord i ein annan ende av rommet. Desse og andre tema har eg ikkje drøfta i det heile tatt i denne avhandlinga. Eg trur likevel at dette er ein tolkesituasjon med mange interessante problemstillingar som eg vonar andre vil sjå på i framtida.

I dag har teiknspråktolkar og tolkar for døvblinde dei same yrkesetiske retningslinjene, og utdanninga av tolkar for desse to gruppene er organisert under eit og same studium. Det er ikkje gitt at til dømes norma om å ikkje vera part i saken bør praktiserast på same måte for døve og døvblinde. Dette kan få enkelte uheldige utslag for døvblinde tolkebrukarar dersom det fører til at dei blir deprivert i forhold til informasjon.

I denne situasjonen satt både observatør, tolkebrukar og tolk igjen med eit inntrykk av at dette var ein tolkesituasjon som fungerte bra. Likevel er det slik at ein i alle sosial situasjonar kan stilla spørsmål ved samhandlinga, og i slike komplekse situasjonar vil det alltid vera rom for forbetring av praksis. Dette skal ikkje tolkast som ein kritikk av tolk, tolkebrukar eller dei øvrige gjestene i situasjonen. Det er viktig å huska at ein tolk må ta mange vanskelege avgjerder i løpet av få sekund. Det er mykje lettare å diskutera og sjå mulege konsekvensar av desse avgjerdene i ettertid enn når du står i situasjonen. Som nemnt foreslår Humphrey (1999) derfor at tolken lagar seg ein personleg modell for å ta etiske avgjerder. Ein slik modell vil som oftast krevja meir tid enn ein har i sjølve situasjonen, men han kan og nyttast for å evaluera valet ein *har* tatt for å kvalitetssikra arbeidet i framtida. Tolkane har allereie med seg normer og teknikkar frå utdanning og praksis i bagasjen. Dei har også yrkesetiske retningslinjer og *Nasjonal Standard for tolketenesta* å støtta seg til når dei skal vurdere praksis. Løgstrup (1999) argumenterer for at sosiale normer og konvensjonelle reglar ikkje er nok i møte med den andre. Desse kan nemleg slå heilt feil og føra til overgrep heller enn vern,

seier Løgstrup. Enkeltindivid og institusjonar endrar seg, medan normer og reglar har ein tendens til å ikkje følgja etter i same tempo. Derfor kan Humphrey sin etiske modell, eller *den etiske fordring* som Løgstrup (1999) viser til, vera viktig hjelp for å sikra ein etisk praksis.

Mitt datamateriale er nok eit døme på at tolken må gjera meir enn berre å tolka. Tolken må også samordna kommunikasjonen og interaksjonen mellom deltakarane i situasjonen. Dette samsvarar med funn frå anna forskning (Roy 1992, Wadensjø 1998, Slettebakk Berge 2003, Collins mfl. 2004). Det som er spesielt med taletolking for døvblinde, er at jobben med å samordna i nokon tilfelle kan bli ein vel så stor og viktig jobb som sjølve tolkinga. Til tross for at ein stor del av gruppa døvblinde kommuniserer ved hjelp av ein hørselsrest, er taletolking som metode via svært lite merksemd. Ein av grunnane til dette kan vera at ein eigentleg ikkje ser taletolking som tolking (Eriksson og Johansson 2007). Anten ein definerer taletolking som tolking eller ikkje, viser denne studien uansett at ein taletolk har nok av utfordringar.

Oppsummert kan ein kanskje seia at det å klara å vera personleg utan å vera part i situasjonen, er ein av dei største utfordringane tolken har. Tolken vil møta forskjellige forventningar til dette frå ulike tolkebrukarar, i ulike situasjonar, frå kollegaer og andre yrkesgrupper. Til dømes har eg inntrykk av at døvblinde som er primært døve, har lågare forventningar til at tolken skal vera personleg. Det kan skuldast at dei er vane med å nytta teiknspråktolk, og at dei derfor er kjent med ei tolkerolle som er lite personleg. På dette området er det mange grøfter å falla i. Det krev derfor eit at tolken har empati, evne til refleksjon og til å forstå situasjonen.

Heilt til slutt vil eg ta med eit sitat frå ei erfaren og klok dame innan fagfeltet. Sissel Marit Grønlie er sjefspsykolog på Stadped Vest, og ho seier noko som eg syns rommer mykje av essensen i denne studien:

*”Ingen er i større fare for å bli undervurdert og mistolket enn døvblinde og andre døve med tilleggskfunksjonshemninger. Ingen har derfor større behov for kloke, profesjonelle tolker.”* (Grønlie 2005:58)

## Litteratur:

- ADBN (2007): *Activity, Ability and Participation; Acquired Deafblindness in all Stages of Life* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://adbn.org/index.php/eng/Events2> [Henta 9. mai 2008].
- American Foundation for the Blind (2008): *Anne Sullivan Macy: Miracle Worker* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://www.afb.org/AnneSullivan/asmgallery.asp?FrameID=101> [Henta 9. mai 2008].
- Andreoli, Paul (1999): Psychic and social aspect in the relationship between the deafblind person and the interpreter. I: Peckford, Bob (red.): *Proceedings of an International Symposium on Developments and Innovation in Interpreting for Deafblind People*. (s. 34-37). Durham: CACDP.
- Askjem, Solveig (1999): Den første utdanningen av tolker for døvblinde. I: Woll, Heidi (red.): *Døvetolk- og døvblindetolkerkretsens fremvekst i Norge*. (s. 29-34). Bergen: Døves Forlag.
- Bar-Tzur, David (2000): *The interpreter's friend* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://www.theinterpretersfriend.com/db/Ig4db.html#2> [Henta 4. mai 2008].
- Berge, Sigrid Slettebakk (2003): *Tegnspråktolkens handlinger*. Trondheim: Tapir Akademiske forlag.
- Collins, Steven, Earl Fleetwood og Melanie Metzger (2004): Discourse Genre and Linguistic Mode: Interpreter Influences in Visual and Tactile Interpreted Interaction. (s. 118-137). *Sign Language Studies* 4(2).
- Cutler, Kathryn (1984): Interpreting environmental information. I: Galeota, Marthalee (2000): *Deaf-blind interpreting workbook*. (s. 27-30). Seattle: Washington State Deaf-Blind Citizens.
- Dahl, Liv Synnøve (1996): *Talking og livskvalitet. En kvalitativ studie av noen døves erfaringer som brukere av tolketjenesten for hørselshemmede*. Universitetet i Oslo: Institutt for spesialpedagogikk. Hovedoppgave til 3. avdeling, hovedfagseksamen i spesialpedagogikk.
- Dalum, Vibeke, Jeppesen, Ole, Myrup, Louise No og Pedersen, Annegrethe (1997): *Taktil Tegnsprogs kommunikation*. København: Center for Tegnsprog og Tegnstøttet Kommunikation – KC.

- Dammeyer, Jesper (2007): Den sociale konsstruksjon af døvblindhed. I: *Nyhedsbrevet nr. 2/07*. (s. 4-6). Dronninglund: Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale.
- Deafblind International (u.d.): *14th Deafblind International (Dbl) World Conference* [online]. Tilgjengeleg frå: [www.dbiconference2007.asn.au](http://www.dbiconference2007.asn.au) [Henta 20.oktober 2007].
- Eikholt, nasjonalt ressurscenter for døvblinde (u.d.): *Nordisk definisjon av døvblindhet* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://www.eikholt.no/?module=Articles;action=ArticleFolder.publicOpenFolder;ID=252> [Henta 14. april 2008].
- Eriksson, Linda og Johansson, Karin H. (2007): *Døvblindtolkning – ett studiematerial*. Örebro: Örebro läns landsting.
- Ellis, Caroline (1999): Rights to interpreter services for deafblind people – an overview. I: Peckford, Bob (red): *Proceedings of an International Symposium on Developments and Innovation in Interpreting for Deafblind People. Leeuwenhorst, The Netherlands June 1999*. (s. 26-33). Durham: CACDP.
- Falkenberg, (1999): Tolkeutdanningen i perioden 1982 – 1998. I: Woll, Heidi (red.): *Døvetolk- og døvblindetolkyrkets fremvekst i Norge*. (s. 35-48). Bergen: Døves Forlag.
- Frankel, Mindy A.(2002): Deaf-blind interpreting: interpreter's use of negation in tactile American Sign Language. (s.169-181). *Sign Language Studies 2:2*
- Fuglesang, Live og Fornebo, Anne Vikene (1992): *Talking for døvblinde*. Dronninglund: Rapport fra temakurs.
- Galal, Lise Paulsen og Galal, Ehab: *Goddag mand økseskaft. Samtale gjennom tolk*. København: Mellempøkeligt Samvirke.
- Galeota, Marthalee (2000): *Deaf-blind interpreting workbook*. Seattle: Washington State Deaf-Blind Citizens.
- Gilje, Nils og Grimen, Harald (1993): *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Goffman, Erving (1974): *Vårt rollespill til daglig: en studie i hverdagslivets dramatik*. Oslo: Pax Forlag.
- Goffman, Erving (1981): *Forms of talk*. Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Grønlie, Sissel Marit (2005): *Uten hørsel? En bok om hørselshemming*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Grønmo, Sigmund (2004): *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen: Fagbokforlaget.

- Hassinen, Leena (1999): Roles and functions of the deafblind interpreter – an overview. I: Peckford, Bob (red): *Proceedings of an International Symposium on Developments and Innovation in Interpreting for Deafblind People. Leeuwenhorst, The Netherlands June 1999.* (s. 12-19). Durham: CACDP.
- Hawcraft, Lynne (1999): A comparative Study of Roles, Training of, and Rights to Interpreters for Deafblind People. I: Peckford, Bob (red): *Proceedings of an International Symposium on Developments and Innovation in Interpreting for Deafblind People. Leeuwenhorst, The Netherlands June 1999.* (s. 8-11). Durham: CACDP.
- Humphrey, Janice H. (1999): *Decisions? Decisions! A Practical Guide for Sign Language Professionals.* Texas: H & H Publishers.
- Høgskolen i Bergen (2008): *Fagplaner* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://student.hib.no/fagplaner/al/fagplan.asp?kode=TST> [Henta 25. april 2008].
- Høgskolen i Sør-Trøndelag (u.d.): *Fag: Bachelor i tegnspråk og tolking* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://www.hist.no/multimedia.ap?id=3113> [Henta 25. april 2008].
- Jareg, Kirsti og Pettersen, Zarin (2006): *Tolk og tolkebruker – to sider av samme sak.* Fagbokforlaget: Bergen.
- Johanssen, Marianne (2008): Tolkeyrket i et dialogisk perspektiv. (s. 14-16). *Tolkeavisa nr. 2/2008.* Oslo: Tolkeforbundet.
- Kermit, Patrick (2002): Hva gjør en tolk og hva gjør en god tolk? Om tolkens yrkesetikk. I: *Etikk og profesjonskunnskap del 1: kompendium.* Oslo: Universitetet i Oslo, ILF.
- Langeland, Gerd (1991): *Når synet svikter.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Lathinen, Riitta (2007a): *Sociala snabbesked.* (Arbetstext, 48.) Dronninglund: Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale (NUD).
- Lathinen, Riitta (2007b): *Social-haptisk kommunikation – at kommunikere med information fra omgivelserne via holistisk kommunikation.* (Arbejdstekst, 49.) Dronninglund: Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale (NUD).
- Leenderts, Torborg Aalen (2000): *Person og profesjon: Om menneskesyn og livsverdier i offentlig omsorg.* 2. utg. Oslo: Universitetsforlaget.
- Ljicke, Cor van der (2008): Medmenneske. *Tolkeavisa nr. 2/2008.* Oslo: Tolkeforbundet.
- Løgstrup, Knud Eilert (1999): *Den etiske fordring.* [Oslo]: Cappelen.
- Mastekaasa, Arne (1997): Validitet. I: Korsnes, Andersen og Brante (red.): *Sosiologisk leksikon.* Oslo: Universitetsforlaget.



- Metzger, Melanie (1999): *Deconstructing the Myth of Neutrality*. Gallaudet University Press: Washington, D.C.
- Miller, Jody og Glassner, Barry (2004): The “inside” and the “outside”. Finding realities in interviews. I: Silverman, David (red) (2004): *Qualitative Research. Theory, Method and Practice*. (s. 125-139). London: Sage Publications.
- Miner, Ilene (2008): Identitetsproblemer i forlængelse af diagnosen Usher syndrom og erhvervet døvblindhed. I: *Psykologiske problemstillinger hos døvblindblevne – en artikelsamling*. (s. 7-18). Herlev: Videnscenteret for Døvblindblevne.
- Nesse, Liv Solbø, Peterson, Vigdis Solbø og Jørgensen, Sissel Redse: Om tolking og undervisning. I: Anjum, Rani Lill og Jørgensen, Sissel Redse (red.): *Tegn som språk*. (s. 113-124). Oslo: Gyldendal.
- Nordeng, Halvor (1993): *Psykososiale aspekter ved Usher syndrom*. Dronninglund: Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindpersonale (NUD).
- Normann, Trine, Sandvin, Johans Tveit og Thommesen, Hanne (2006): *Om rehabilitering. Mot en helhetlig og felles forståelse?* 3. opplag. Oslo: Kommuneforlaget.
- Næss, Trine (2006): “Å fange omgivelsene”. *Kontekstuell tilnærming ved ervervet døvblindhet. Om døvblindblitte, miljøbeskrivelse og kommunikasjon*. Asker: CoCo Haptisk.
- Ohna, Stein Erik mfl.(2003): *På vei mot en ny grunnskoleopplæring for døve elever*. Oslo: Skådalen Kompetansesenter.
- O’Malley, Drena (1999): Deprivation of information. I: Peckford, Bob (red): *Proceedings of an International Symposium on Developments and Innovation in Interpreting for Deafblind People. Leeuwenhorst, The Netherlands June 1999*. (s. 44-47). Durham: CACDP.
- Olesen, Birgitte Ravn og Jansbøl Kirsten (2005a): *Teori og metode. Erfaringer fra mennesker med døvblindhet – et nordisk prosjekt*. Herlev: VidensCentret for DøvBlindBlevne.
- Olesen, Birgitte Ravn og Jansbøl, Kirsten (2005b): *Å kunne delta. Erfaringer fra mennesker med døvblindhet – et nordisk prosjekt*. Herlev: VidensCentret for DøvBlindBlevne.
- Peckford, Bod (1999): Introduction. *Proceedings of an International Symposium on Developments and Innovation in Interpreting for Deafblind People*. (s. 6-7). Durham: CACDP.

- Pärekylä, Annsi (2004): Reliability and validity in research based on naturally occurring social interaction. I: Silverman, David (red.): *Qualitative research. Theory, Method and Practice*. (s. 283-304). London: SAGE Publications
- Rikstrygdeverket (2003): *Tolk/ledsagertjeneste for døvblinde*. Brev til Fylkestrygdekontorene med kopi til Hjelpemiddelsentralene fra Hjelpemiddelkontoret 22. mai 2003. Referanse: 2002/06653-525.2.
- Rikstrygdeverket (2004): *Nasjonal standard for tolketjenesten*. Oslo: Trygdeetaten.
- Repstad, Pål (1993): *Mellom nærhet og distanse*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Roy, Cynthia B. (1992): A sociolinguistic analysis of the interpreter's role in simultaneous talk in a face-to-face interpreted dialogue. (s. 21-61). I: *Sign Language Studies, Volume 74 – spring*. Burtonsville: Linstok Press Inc.
- Raanes, Eli (1997): *Talking i formelle og uformelle situasjoner*. [Kompendium]. Høgskolen i Sør-Trøndelag, Avdeling for lærer- og tolkeutdanning. Upublisert.
- Raanes, Eli (2001a): *Beskrivelse*. (Nordisk vejleder. Arbeidstekst, 37.) Dronninglund: Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale (NUD).
- Raanes, Eli (2001b): *Døvblindes kommunikasjonssituasjon*. (Nordisk vejleder. Arbeidstekst, 35.) Dronninglund: Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale (NUD).
- Raanes, Eli (2001c): *Tale og Taleforståelighet*. (Nordisk vejleder. Arbeidstekst, 22.) Dronninglund: Nordisk Uddannelsescenter for Døvblindepersonale (NUD).
- Raanes, Eli (2006): *Å gripe inntrykk og uttrykk. Interaksjon og meningsdanning i døvblindes samtaler*. Doktoravhandling. Trondheim: NTNU.
- Røkenes, Odd Harald og Hanssen, Per-Halvard (2006): *Bære eller breste. Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. 2.utg. Bergen: Fagbokforlaget.
- Sander, Thorbjørn Johan (1999): Før døvetolkene ble en yrkesgruppe. I: Woll, Heidi (red): *Døvetolk- og døvblindetolkyrkets fremvekst i Norge*. (s. 13-28). Bergen: Døves Forlag.
- Silverman, David (2000): *Doing Qualitative Research. A Practical Handbook*. London: Sage.
- Silverman, David (2006): *Interpreting Qualitative Data*. 3. utg. London: Sage Publications.
- Skaten, Ingeborg (2005): *Tolk, døvetolk – eller tegnspråktolk?* Hovedfagsoppgave i sosiologi, Universitetet i Bergen, Bergen.
- Strømfors, Gus (2004): *Taus kunnskap: Faglig refleksjon over egen praksis*. Oslo: Rusmiddeletaten.

- Svennevig, Jan (2001): *Språklig samhandling. Innføring i kommunikasjonsteori og diskursanalyse*. Oslo: Landslaget for norskundervisning (LNU)/Cappelen Akademiske Forlag.
- Videnscenteret for døvblinde (2008): *Årsager til døvblindhed* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://www.dbcent.dk/vcfdbb/subpage36.aspx> [Henta 14. april 2008].
- Tolkeavisa (6/2006): Presentasjon av tolkestudenter. *Tolkeavisa* nr. 6 – 2006. Jessheim: Tolkeforbundet.
- Tolkeavisa (5/2007): Tolkeforbundets yrkesetiske retningslinjer. *Tolkeavisa* nr. 5 – 2007. Jessheim: Tolkeforbundet.
- Tolkeavisa (6/2007): Landsmøte Tolkeforbundet 2007. *Tolkeavisa* nr. 6 – 2007. Jessheim: Tolkeforbundet.
- Tolkeavisa (6/2007): Presentasjon av tolkestudenter. *Tolkeavisa* nr. 6 – 2007. Jessheim: Tolkeforbundet.
- Tolkeavisa (2/2008): Informasjon om utredninga av tolkeområdet. *Tolkeavisa* nr. 2 – 2008. (s. 5). Oslo: Tolkeforbundet.
- Universitetet i Oslo (2006): *Studier: Tegnspråk og tolking (bachelor)* [online]. Tilgjengeleg frå: <http://www.uio.no/studier/program/tegnspreek/om/hva-laerer-du.xml> [Henta: 25. april 2008].
- Wadensjö, Cecilia (1998): *Kontakt genom tolk*. Stockholm: Dialogos förlag.
- Weiby, Turid (1999): Tolkeutdanningen i perioden 1982 – 1998. I: Woll, Heidi (red.): *Døvetolk- og døvblindetolkyrkets fremvekst i Norge*. (s. 49-84). Bergen: Døves Forlag.

## **Vedlegg:**

Vedlegg 1: Intervjuguide, tolkebrukar

Vedlegg 2: Intervjuguide, tolk

Vedlegg 3: Infoskriv til døvblind tolkebrukar

Vedlegg 4: Infoskriv til gjestene i Tupperwareselskapet

Vedlegg 5: Forklaring til transkripsjonen

## Vedlegg 1:

### **Intervjuguide – tolkebrukar**

1. Korleis var det å ha med tolk i denne samanhengen?
2. Var det noko som fungerte spesielt bra i forhold til tolkinga?
3. Hadde du inntrykk av at du fekk med deg alt?
4. Var det noko du sakna?
5. Var det noko som var utfordrande med å bruka tolk i denne samanhengen?
6. Har du erfaringar med ting som kan vera utfordrande ved å bruka tolk i sosiale samanhengar fra tidlegare?
7. Har du brukt tolk i sosiale samanhengar før?
8. Kva var den største forskjellen på å bruka tolk her og på andre sosiale samanhengar kor du ikkje bruker tolk?
9. Korleis trur du dette tupperwareselskapet ville vore for deg utan tolk?
10. Hadde du og tolken ein plan på førehand om korleis de ville gjera dette?
11. Samarbeidde du med tolken undervegs? På kva måte vil du seia at du og tolken samarbeidde?
12. Kva kan tolken gjera for å få til ein god kommunikasjon mellom tolkebrukarane?
13. Kva kan tolken bidra med for å gjera møtet mellom tolkebrukarane til eit *godt* møte?

## Vedlegg 2:

### **Intervjuguide – tolk**

1. Korleis var det å tolka i denne settingen?
2. Var det nokon spesielle utfordringar?
3. Var det noko du syntes fungerte bra?
4. Var det noko du ikkje syntes fungerte?
5. Kva syns du er spesielt med å tolka i sosiale settingar?
6. Kva likar du med å tolka i sosiale settingar?
7. Hadde du ein spesiell strategi på førehand?
8. Hadde du gjort nokon avtalar med RM på førehand?
9. Samarbeidde du med RM undervegs? På kva måte?
10. Samarbeidde du med tupperwarekonsulenten på nokon måte?
11. Samarbeidde du med dei andre deltakarane (gjestene)?
12. Gjorde du noko for å få samtalen til å gli?
13. Gjorde du noko for å styra samtalen?
14. Kva kan tolken gjera for å få til ein god kommunikasjon mellom tolkebrukarane?
15. Kva kan tolken bidra med for å gjera møtet mellom tolkebrukarane til eit *godt møte*?

Bergen, 15.10.07

### **Informasjon om prosjektet "Tolking for døvblinde under sosialt samvær"**

Dei siste to åra har eg vore student ved Høgskolen i Bodø. Der holder eg på med ein mastergrad i sosialt arbeid. Nå er eg ferdig med mine obligatoriske kurs som har vore "Velferdssamfunnet i endring", "Sosialt arbeids kunnskapsgrunnlag", "Kvalitativ metode", "Kvantitativ metode" og "Funksjonshemming og samfunn". Det som nå gjenstår er at eg skal skriva eit masteroppgåve på cirka 60 sider. Eg har bestemt meg for å skriva om tolking for døvblinde.

Det er forska og skrive lite om korleis tolkar for døvblinde jobbar. Eg ynskjer derfor å observera og filma eit tolkeoppdrag for å sjå kva som skjer. Det kan kanskje virka merkeleg å forska på dette, for "alle" veit jo kva som skjer under eit tolkeoppdrag? Eller gjer me det? Ved å forska på dagligdagse situasjonar kan ein av og til få informasjon om ting som ein ikkje er merksam på. Dessutan trur eg det er nyttig for både tolkar, studentar og døvblinde sjølve å få skildra det som skjer i ein tolkesituasjon. Eg er ikkje på jakt etter å finna gode eller dårlege måte å tolka på, men eg vil studera nøyte kva som skjer i ein situasjon slik at eg kan setja ord på kva som skjer. Slik kan tolkar, døvblinde og andre få meir kunnskap om tolkeprosessen og slik få eit betre grunnlag til å diskutera praksis.

I mange tolkesituasjonar kan det vera folk som ikkje har lyst til å bli filma. Derfor håper eg at eg kan finna ein døvblind samarbeidspartnar som eg kan jobba saman med for å konstruera ein situasjon med sosialt samvær.

Mitt forslag er at den som skal vera min samarbeidspartnar inviterer fire til seks venner, slektningar, gamle klassekameratar eller andre kjenningar. Målet for eit slik samvær er å ha det hyggeleg og prata om noko som alle er interessert i. Det kan til dømes vera at den døvblinde inviterer slektningar som ho eller han ikkje har sett på ei stund. Kanskje ein vil diskutera slektsgransking eller at dei vil planlegga eit slektstreff eller ein bursdag? Kanskje du har vore med i ein foreining, idrettslag eller klubb og vil invitara nokon av dei du var saman med der? Dette er berre nokre døme på korleis ein kan gjera det. Det er absolutt muleg å vera

sosial på andre måtar. Kom gjerne med forslag!! Det er absolutt ikkje nøye kva ein snakkar om, men AT ein snakkar. Og då er det viktig at ein har noko engasjerande å snakka om. Derfor foreslår eg at du tenker gjennom kva du synes er interessant og kven har du lyst til å møte. Er det nokon det er lenge sidan du har snakka med?

Vidare treng me ein eller to tolkar som vil vera med på dette – helst ein tolk som den døvblinde kjenner, er trygg på og fornøgd med. Eg tenker at det er viktig at tolk og døvblind kjenner kvarandre, for å skapa ein mest muleg avslappa og trygg situasjon. Sjølv om dette er ein unaturleg situasjon, så er det viktig at han blir så naturleg og avslappa som muleg for at han skal kunna samanliknast med andre tolkesituasjonar.

Eg foreslår at me planlegg eit samvær som varer cirka to timar. Eg vil vera til stades for å informera litt i starten om kva som skal skje og kva eg vil bruka filmen til. Etterpå er det meiningen at eg skal vera flue på veggen og observera og ta notat. I tillegg må eg antakeleg ta med meg ein person som kan ha ansvaret for filminga.

Å studera filmklippa frå ein slik tolkesituasjon er ganske tidkrevjande, derfor kan eg berre studera ein slik situasjon. Men dersom det er fleire døvblinde som nå får gode idear og lyst til å invitera nokon på kaffi og prat, så kan eg gjerne hjelpa til med å ta nokon telefonar eller bidra med andre ting sjølv om det ikkje blir akkurat din situasjon som eg skal filma. Dersom det er fleire som er interessert vil eg velja den situasjonen som eg trur passer best å forska på. Dersom dette er noko du kanskje kunne tenkja deg å vera med på, så håper eg me kan snakkast nærmare om det du tenkjer på. Om du finner ut at dette ikkje er noko for deg, så er det heilt i orden. Du kan når som helst trekka deg frå samarbeidet.

Ta gjerne kontakt med meg på telefon 55 29 33 61 (kveldstid), 92 45 82 84 (mobil) eller på e-post: [ingerbirgitte@yhaoo.com](mailto:ingerbirgitte@yhaoo.com). Du kan også skriva brev til meg: Birgitte Torbjørnsen, Løvstakklia 18, 5055 Bergen.

Takk for at du tok deg tid til å lesa dette! Håper me snakkast igjen!

Beste helsing Birgitte Torbjørnsen



### **Informasjon om prosjektet ”Tolking for døvblinde under sosialt samvær”**

Dei siste to åra har eg vore student ved Høgskolen i Bodø. Der holder eg på med ein mastergrad i sosialt arbeid. Nå er eg ferdig med mine obligatoriske kurs om velferdssamfunnet, funksjonshemming, sosialt arbeids kunnskapsgrunnlag og forskningsmetode. Det som nå gjenstår er ei masteroppgåve på cirka 60 sider om tolking for døvblinde.

Det er forska og skrive lite om korleis tolkar for døvblinde jobbar. Eg ynskjer derfor å observera og filma eit tolkeoppdrag for å sjå kva som skjer. Det kan kanskje virka merkeleg å forska på dette, for ”alle” veit jo kva som skjer under eit tolkeoppdrag? Eller gjer me det? Ved å forska på dagligdagse situasjonar kan ein av og til få informasjon om ting som ein ikkje er merksam på. Dessutan trur eg det er nyttig for både tolkar, studentar og døvblinde sjølve å få skildra det som skjer i ein tolkesituasjon. Eg er ikkje på jakt etter å finna gode eller dårlege måtar å tolka på, men eg vil studera nøyte kva som skjer i ein situasjon slik at eg kan setja ord på kva som skjer. Slik kan tolkar, døvblinde og andre få meir kunnskap om tolkeprosessen og på den måten få eit betre grunnlag til å diskutera praksis.

I mange tolkesituasjonar kan det vera folk som ikkje har lyst til å bli filma. Derfor har eg konstruert ein tolkesituasjon. Dette er eit sosialt samvær som er komme i stand for at eg skal kunna filma. Likevel vonar eg at tupperware-selskapet blir så naturleg og avslappa som muleg – og at eg slik skal kunna samanlikna dette samværet med andre reelle tolkesituasjonar. Det beste er om folk oppfører seg slik dei pleier og gløymer at dette er eit studentprosjekt . Eg vil informera litt i starten om kva som skal skje og kva eg vil bruka filmen til. Etterpå er det meiningen at eg skal vera ”flue på veggen”, observera, filma og notera. Eg vil ha mest fokus på det tolken seier og gjer.

Video-opptaket vil vera innelåst på mitt kontor på Høgskulen i Bergen. Det er berre eg og rettleiaren min i Bodø som vil sjå på opptaka, og me har begge taushetsplikt. Dersom det er noko eg treng hjelp til, vonar eg det er i orden at eg viser klipp av opptaket til fire tolkar som eg er i kollokvie med.

Eg har planlagt å vera ferdig med dette arbeidet 15. mai 2008. Kort tid etterpå vil eg invitera dykk som har vore med på filmopptaket til eit treff kor de får sjå filmopptaket og høyra litt om kva eg har skrive i masteravhandlinga mi. Dersom ein eller fleire av dykk som har vore med ynskjer at eg skal sletta filmopptaka etter dette, så vil eg gjera det. Dersom de derimot synes at dette er noko som andre tolkar og tolkestudentar kan læra om, vil eg be alle dei som er synlege på filmklippet om skriftleg samtykke til å få visa det til desse gruppene.

Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste, og du kan når som helst trekka deg frå prosjektet. Ta gjerne kontakt med meg om du lurar på noko. Telefon 55 29 33 61 (kveldstid), 55 58 57 02 (jobb), 92 45 82 84 (mobil) eller på e-post: [ingerbirgitte@yhaoo.com](mailto:ingerbirgitte@yhaoo.com)

Takk for at du tok deg tid til å lesa dette! Håper me snakkast igjen!

Beste helsing Birgitte Torbjørnsen

## Vedlegg 5:

### **Forklaring til transkripsjonen som er brukt i avhandlinga**

Dette er eit svært enkelt system for transkripsjon laga etter inspirasjon av det Svennevig brukar i "Språklig samhandling". Sjå litteraturlista for meir informasjon om boka.

@@@@      latter, viser lengde og styrke på leeinga, jo fleire jo meir/sterkare latter

..            ørlita nøling

(2.0)        pause, 2 sekund

(...)        her er det ikkje muleg å oppfatta kva som blir sagt

T            Tolken

L            Linda

W            Tupperwarekonsulenten

B            studenten

E            gjest

G            gjest

D            gjest

A            gjest

N            gjest